

Olaf Agedal, Ånund Brottveit og Tore Witsø Rafoss

# DÅ BARNA OPNA NATTVERDEN

Ein studie av barnenattverd i Den norske kyrkja

KIFO Rapport 2019: 1

**KIFO**

INSTITUTT FOR  
KIRKE-, RELIGIONS- OG LIVSSYNSFORSKNING



Olaf Agedal, Ånund Brottveit og Tore Witsø Rafoss

# DÅ BARNNA OPNA NATTVERDEN

EIN STUDIE AV BARNENATTVERD I DEN NORSKE KYRKJA

KIFO Rapport 2019: 1

KIFO Rapport 2019: 1

Rapporten er utgitt av

KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning

Øvre Slottsgate 2B, 0157 Oslo

[www.kifo.no](http://www.kifo.no)

[kifo@kifo.no](mailto:kifo@kifo.no)

ISBN 978-82-92972-51-9

ISSN 0807-7517

## FORORD

Temaet for denne rapporten er den nye nattverdstradisjonen i Den norske kyrkja, der også barn deltek i nattverden. Rapporten dokumenterer og analyserer korleis barnenattverd blir introdusert og praktisert innanfor ramma av Trusopplæringsreformen.

Prosjektet er gjennomført av KIFO (Institutt for kyrkje-, religions- og livssynsforskning). Finansieringa av prosjektet skjedde gjennom tildeling av utviklingsmidlar i Trusopplæringsreformen. KIFO har også bidratt økonomisk gjennom ein eigenandel i prosjektet.

Olaf Aagedal har vore prosjektleiar og hatt hovudansvar for datainnsamling, dataanalyse og skriving av sluttrapport. Ånund Brottveit og Tore Witsø Rafoss har delteke i feltarbeid, intervjuing, analyse av data og kommentering av rapportutkast. Pål Ketil Botvar har delteke i utarbeidinga av spørjeskjema og tilrettelagt dette for elektronisk survey. Netta Rønning har bidratt med korrekturlesing, redigering og formatering av rapporten.

Fleire personar fortener særleg takk for det dei har gjort for prosjektet:

Kristine Aksøy i Kyrkjerådet for nyttige samtaler og hyggeleg samarbeid. Hans Arne Akerø og Tormod Kleiven for at dei stilte opp og gav viktig informasjon gjennom intervju. Og sist, men ikkje minst, ei stor takk til miljøa og personane som tok i mot oss, let oss delta på arrangement og brukte tid på å la seg intervju. For oss har dette vore eit fasinerande tema å jobbe med, og vi håper at rapporten kan vekke interesse og kome til nytte.

Oslo, mai 2019

Olaf Aagedal, Ånund Brottveit og Tore Witsø Rafoss



## INNHOOLD

<b>FORORD</b> .....	<b>3</b>
<b>INNHOOLD</b> .....	<b>5</b>
<b>TABELL OG FIGURLISTE</b> .....	<b>7</b>
<b>SAMMENDRAG</b> .....	<b>9</b>
<b>1 TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR</b> .....	<b>13</b>
1.1 TEMAET .....	14
1.2 PROBLEMSTILLINGAR .....	14
1.3 AVGRENSING OG FOKUS .....	15
<b>2 HISTORISK BAKGRUNN. KORT OM UTVIKLINGA FRAM MOT BARNENATTVERD</b> .....	<b>17</b>
2.1 INTRODUKSJON .....	17
2.2 FRÅ KOLLEKTIVT RITUAL TIL INDIVIDUELL VEDKJENNINGSHANDLING .....	17
2.3 SENKINGA AV ALDERSGRENSER FOR NATTVERD .....	19
2.4 INNFØRING AV BARNENATTVERD: ÅRSAKER OG KONSEKVEN SAR .....	20
<b>3 TEORETISKE PERSPEKTIV PÅ BARN OG NATTVERD</b> .....	<b>25</b>
3.1 INNLEIING .....	25
3.2 ANALYSEMODELL: BARNENATTVERD I EIT RITUALPERSPEKTIV .....	25
<b>4 TIDLEGARE FORSKING</b> .....	<b>31</b>
4.1 FORSKING OM DEN KOLLEKTIVE NATTVERDSTRADISJONEN OG «DET STORE NATTVERDFALLET» .....	31
4.2 FORSKING OM INDIVIDUALISERT NATTVERDSTRADISJON OG NATTVERDGANG SOM VEDKJENNING .....	32
4.3 ANDRE STUDIAR .....	36
<b>5 METODE</b> .....	<b>39</b>
5.1 KVALITATIV TILNÆRMING: DELTAKANDE OBSERVASJON OG KVALITATIV INTERVJUING .....	39
5.2 KVANTITATIV TILNÆRMING: ELEKTRONISK SURVEY TIL TRUSOPPLÆRINGSTILSETTE .....	40
5.3 AVGRENSINGAR OG FEILKJELDER I DET METODISKE OPPELEGET .....	40
<b>6 BARN OG NATTVERD I LANDBY</b> .....	<b>43</b>
6.1 STADEN VI SKAL TIL: BYGDEBY I FOLKEKYRKJELEG REGION .....	43
6.2 FIRE-ÅRSBOK MED NATTVERD .....	43
6.3 VÅRE INFORMANTAR .....	45
6.4 TRUSOPPLÆRAREN I BYGDEBYEN .....	45
6.5 TRUSOPPLÆRAREN PÅ BYGDA .....	49
6.6 KANTOR: KORARBEID OG BARNENATTVERD .....	53
6.7 SOKNEPRESTEN OM BARNENATTVERD .....	56
6.8 FORELDREREAKSJONAR .....	59
6.9 OPPSUMMERING: BARN OG NATTVERD I LANDBY .....	62
<b>7 BARN OG NATTVERD I ØSTBY</b> .....	<b>65</b>
7.1 OM KYRKJELYDEN OG ORGANISERING AV BARNEARBEID OG TRUSOPPLÆRINGSTILTAK .....	65
7.2 BARNENATTVERD OG UTDELING AV 6- OG 7-ÅRSBOK .....	66
7.3 BARNEMESSE MED NATTVERD .....	67
7.4 ANDRE SYNSPUNKT PÅ BARNENATTVERD .....	70

7.5 FORELDREERFARINGAR.....	74
7.6 OPPSUMMERING ØSTBY.....	78
<b>8 BARNENATTVERD. ANDRE EKSEMPEL.....</b>	<b>81</b>
8.1 INTRODUKSJON.....	81
8.2 BARNENATTVERD PÅ «6-ÅRSSKOLEN» I FJORDBYGD.....	81
8.3 BARN OG NATTVERD I «BEDEHUSLAND».....	82
8.4 OPPSUMMERING AV FJORDBYGD OG BEDEHUSLAND.....	86
<b>9 DEI TRUSOPPLÆRINGSTILSETTE OM BARNENATTVERD.....</b>	<b>87</b>
9.1 INNLEIING.....	87
9.2 METODE OG UTVAL.....	87
9.3 DEI SOM HAR SVART.....	87
9.4 NATTVERDSFORM OG NATTVERDSOPPSLUTNING.....	88
9.5 BARN OG NATTVERD.....	95
9.6 VILKÅR FOR AT BARN KAN DELTA.....	99
<b>10 DÅ BARNA OPNA NATTVERDEN. OPPSUMMERING, TOLKING OG KONKLUSJONAR.....</b>	<b>105</b>
10.1 INNLEIING: TILBAKE TIL UTSIRA.....	105
10.2 «DEN NYE NATTVERDEN»: NATTVERDSSYN OG NATTVERDSPRAKSIS I DEN NORSKE KYRKJA I DAG.....	105
10.3 BARNENATTVERDEN.....	107
10.4 TRUSOPPLÆRING OG BARNENATTVERD.....	113
10.5 SPØRSMÅL FOR VIDARE FORSKING.....	115
10.6 AVSLUTTANDE KOMMENTAR.....	116
<b>11 LITTERATURLISTE.....</b>	<b>117</b>
<b>12 VEDLEGG.....</b>	<b>119</b>
12.1 SPØRRESKJEMA.....	119
12.2 KRISTIN SOLLI SCHØIEN: «PELIKANBARN».....	127



## TABELL OG FIGURLISTE

Tabell 1 Antall gudstjenester og antall gudstjenester med nattverd i 1993 og 2017 .....	35
Tabell 2 Stillingsbetegnelse. Hvilken stillingsbetegnelse har den stillingen du jobber mest i? (kun ett kryss mulig).....	87
Tabell 3 Nattverdforn. Hvordan feires/praktiseres nattverd i din menighet? .....	89
Tabell 4 Lystenning og nattverd. Er det vanlig at det inviteres til lystenning samtidig med nattverd i din menighet?.....	90
Tabell 5 Oppslutning om nattverd. Hvor vanlig er det å gå til nattverd i din menighet under en vanlig høgmesse?.....	90
Tabell 6 Hvem kan gå til nattverd? «Bare bekjennende kristne bør gå til nattverd» .....	91
Tabell 7 Hvem kan gå til nattverd. «Alle som ønsker det kan gå til nattverd» .....	91
Tabell 8 Når passer det med nattverd. Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstander?: Det bør være nattverd i alle gudstjenester, med unntak av de gudstjenester der det av praktiske og tidsmessige grunner vil være vanskelig.....	93
Tabell 9 Når passer det med nattverd. Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstander?: I noen tilfeller bør man ikke ha nattverd fordi det kan oppleves ekskluderende for noen som er til stede .....	93
Tabell 10 Barnenattverd i hvilke sammenhenger. I hvilke sammenhenger deltar barn (under konfirmasjonsalder) vanligvis i nattverd i din menighet (flere kryss mulige): .....	96
Tabell 11 Når ble barnenattverd vanlig. Når mener du det ble vanlig at barn (under konfirmasjonsalder) deltar i nattverd i din menighet? .....	96
Tabell 12 Barn som utdelere eller medhjelpere. Hender det at barn (under konfirmasjonsalder) deltar som utdelere eller medhjelpere under nattverden i din menighet? (flere kryss mulige).....	97
Tabell 13 Barnenattverd og alder. Når (på hvilket aldersnivå) blir nattverd vanligvis introdusert under trosopplærings/barne- og ungdoms-arbeidet i din menighet? .....	97
Tabell 14 Tiltak med barnenattverd. I tilknytning til hvilke gudstjenester/trosopplæringstiltak er det vanlig å ha nattverd for barn i din menighet?.....	98
Tabell 15 Introduksjon av barnenattverd. Hvordan blir nattverd introdusert under trosopplærings/barne- og ungdoms-arbeidet i din menighet? (flere kryss mulig).....	98
Tabell 16 Forklaringer av nattverd. Hvordan bruker du å forklare meningen med nattverd til barn (under konfirmasjonsalder)? (kryse av inntil tre alternativer) .....	99
Tabell 17 Betingelser for å delta. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd? .....	99
Tabell 18 Dåp som betingelse. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd ? : Barnet må være døpt.....	100
Tabell 19 Forståelse som betingelse. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd ? : Barnet må forstå hva det er med på.....	100
Tabell 20 Foreldrereaksjoner. Har du hørt reaksjoner fra foreldre om deres barns deltagelse i nattverd? .....	102
Figur 1 Positiv vurdering av sider ved gudstjenesten. «Er det noen sider ved gudstjenesten du liker godt? Hva setter du i så fall mest pris på?» .....	34
Figur 2 Antall gudstjenester og antall gudstjenester med nattverd i 1993 og 2017 .....	35

Figur 3 Antall gudstjenestedeltakere og nattverdsgjester 1993 og 2017 .....	36
Figur 4 Nattverd og type gudstjenester. I hvilke gudstjenester passer det med nattverd? .....	94
Figur 5 Om barn og nattverd. Hvilke utsagn om barn og nattverd stemmer for din menighet.....	103

## SAMMENDRAG

### *Temaet*

Denne rapporten bygger på forskingsprosjektet Barnenattverd som blei gjennomført av KIFO i perioden 2017-2019. Temaet for prosjektet og rapporten er endringa i nattverdstradisjonen i Den norske kyrkja etter at barn fekk tilgang til nattverden i 1993. Rapporten dokumenterer og analyserer korleis barnenattverd i dag blir forstått og praktisert. Ei anna stor reform som har skjedd sidan barn fekk tilgang til nattverd, er Trosopplæringsreformen, og rapporten drøfter utfordringar barnenattverd skaper for kyrkja sitt arbeid blant barn og unge. Innføring av barnenattverd blir også sett inn i vidare historisk og kulturell samanheng ved å sjå på endringane i nattverdstradisjonen fram mot barnenattverd. I tillegg tek den opp konsekvensar av innføringa av barnenattverd, både for den vidare utviklinga av nattverdstradisjonen og for andre sider ved kyrkjeleg praksis.

### *Metoden*

Barnenattverd er eit tema som er lite utforska tidlegare. Forskingsprosjektet startar med ei kvalitativ tilnærming gjennom to nærstudiar (casestudiar). Gjennom feltarbeid med observasjon og intervjuing i to eksempelkyrkjelydar gjev vi ein dokumentasjon og analyse av korleis barnenattverd kan bli introdusert og praktisert. Dei to nærstudiane blir supplert med eksempel frå andre typar av kyrkjelydar. For å få eit meir representativt bilete av kor vanleg barnenattverd er blitt og korleis det blir praktisert nasjonalt har vi også gjennomført ei elektronisk spørjeskjemagransking til trusopplæringstilsette i Den norske kyrkja.

### *Resultata*

I dei 26 åra som har gått sidan nattverden vart opna for barn har det skjedd fleire endringar i den norske nattverdstradisjonen. Rapporten dokumenterer nokre av desse endringane som innføringa av barnenattverd er ein del av, og går deretter meir konkret inn på korleis barnenattverd blir forstått og praktisert.

Bruken av nattverd er stigande. For nokre tiår sidan var nattverden «bortgøymt» i Den norske kyrkja. Det var det meir unntaket enn regelen å ha nattverd i gudstenesta, i dag er nattverd blitt vanleg i hovudgudstenestene. Kyrkjestatistikk viser at medan talet på gudstenester og gudstenestevitjingar er gått ned sidan 1993, er talet på gudstenester med nattverd og på nattverdsgjester gått opp. Nattverden har også forandra form. Medan knelenattverd før var det vanlege, har no nattverd med intinksjon (dupping av oblaten i vinen) blitt den vanlegaste forma. Nattverd blir også ofte kombinert med lystenning. Synet på kven som kan gå til nattverd har også endra seg. Tanken om at berre «vedkjennande kristne» var verdige til å til nattverd prega den norske nattverdstradisjonen på 1900-talet og førte til at nattverden vart eit eksklusivt ritual for dei få. Når barn fekk tilgang til nattverden blei det vanskeleg å oppretthalde dette inngangskravet, og saman med endringane i nattverdsforma har dette bidratt til å senke terskelen for nattverdgang. Når konfirmasjonen tidlegare var føresetnad for nattverdgang, var nattverden knytt til ein viktig overgang i livet og inngjekk i eit overgangsritual. Når nattverdgangen vart individualisert og fekk karakter av ei vedkjenningshandling, gjekk tradisjonen med at alle konfirmantar skulle gå til nattverd etter kvart i oppløysing. Innføringa av barnenattverd i

Den norske kyrkja har ikkje knytt nattverden til ein bestemt alder eller overgang i livet. I praksis er det inga nedre aldersgrense for nattverd i dag. Når ein i barnenattverdreforma gjekk bort frå at konfirmasjon var eit grunnlag for nattverd, vart nattverden i staden forankra i dåpen, og dette er offisiell lære i Den norske kyrkja i dag. Våre data viser at dette har liten betydning for den liturgiske praksisen. Dei fleste trusopplæringstilsette seier at dei veit ikkje om alle barna som går til nattverd er døypte, og om dei visste det ville dei ikkje ekskludere dei udøypte.

Eit naturleg spørsmål å stille når barn skal introduserast for eit nytt ritual, er om barn er interesserte og har lyst til å delta. I materialet møter vi eksempel på både lyst og ulyst. Nokre foreldre fortel at barnet ikkje ville delta fordi barnet var sjenert. Men dei fleste svara og eksempla peikar i retning av at barn gjerne vil delta. Fleirtalet av dei som arbeidar med trusopplæring, er einige i utsagnet «barn vil gjerne at det skal være nattverd», og vi fekk høyre mange historier om barn som etterspør nattverd og er ivrige etter å kome seg fort fram når det er nattverd. Eit anna spørsmål som vi stilte oss, var om små barn ville vere i stand til å forstå «reglane» for nattverdsritualet og følgje desse. Nattverd har vore eit alvorleg ritual prega av faste reglar – ville barn si deltaking skape uro og gjere det vanskeleg å gjennomføre? Våre data tyder ikkje på at dette er eit problem. Barn har høg «rituell kompetanse», dei er gode observatørar og flinke til å gjenta. Ingen hadde erfart at det oppstod uro under barnenattverd som gjorde gjennomføringa vanskeleg. Svara tyder på at barn si deltaking har påverka det kjenslemessige klimaet under nattverden på ein måte som mange opplever positivt, i tydinga gjort nattverden gladare og mindre prega av stivt alvor.

Ein konsekvens av at barn har fått tilgang til nattverd, er at no kan barn og foreldre gå saman. Nattverdgangen kan bli eit familieritual, slik mange av dei andre seremoniane i Den norske kyrkja (dåp, konfirmasjon, gravferd) er det. Dette aktualiserer forholdet mellom Den norske kyrkja sine to sakrament; dåpen og nattverden, som har skilt lag. På 1900-talet forsvann nattverden ut av det breie folkekyrkjelege fellesskapet og blei ein seremoni for dei få, medan dåpen heldt sin plass som eit samlande familieritual. Skilnaden i oppslutninga mellom desse to rituala har kome tydeleg fram når det er dåpsgudstenester med nattverd, der dei fleste i dåpsfølget blir sitjande som tilskodarar til nattverdfeiringa. Derfor unngjekk ein ofte å ha nattverd saman med dåp. Fleire av våre informantar nemner at dette mønsteret er under endring. Det er vanleg med nattverd også under dåpsgudstenester, og fleire i dåpsfølget går til nattverd. Barn sin tilgang til nattverd legg grunnlag for eit nytt rekrutteringsmønster til nattverdssakramentet. Foreldre kan ta med barn, men vel så viktig er det at barn tek med foreldre som ikkje før har gått til nattverd. Her blir truleg Trusopplæringsreformen ein viktig rekrutteringskanal. Når trusopplæringsarbeidet brukar nattverd i mange av sine breiddetiltak, fører det til at både barn og foreldre, som elles ikkje ville ha kome i kontakt med nattverdssakramentet, no får prøve å gå til nattverd.

Samla sett kan vi konkludere med at opninga av nattverden for barn i 1993 har revolusjonert barn sitt forhold til dette rituala. Tidlegare var nattverden ofte bortgøymt i Den norske kyrkja slik at barn i ein «folkekyrkjeleg gjennomsnittsfamilie» (som vitja kyrkja på julekvelden og i samband med livs- og dødsrituala) aldri hadde sett nattverd. I dag er nattverd vanleg i dei fleste gudstenester, også når det er dåp og i særlege gudstenester retta mot barn og familiar. Barnenattverd er blitt vanleg i dei fleste kyrkjelydar, og barn kan også delta som utdelarar. Nattverden er blitt opna for barn, men gjennom denne endringa har også barn vore med å endre nattverdskulturen og opna nattverden for mange vaksne. Dette er ei djuptgripande endring i Den norske kyrkja sin nattverdspraksis som aktualiserer

grunnleggande spørsmål: Kva er nattverd? Kva er føresetnader for å gå til nattverd? Kva er samanhengen mellom dåp og nattverd? Kva er samanhengen mellom nattverd og tru?



## 1 TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR

### *Då barnenattverden kom til Utsira*

I 1993 fjerna Den norske kyrkja aldersgrensa for nattverd slik at også barn kunne gå. Det er denne endringa denne rapporten skal handle om. Kva var forhistoria? Korleis skjedde endringa? Korleis blir barnenattverd praktisert i dag? Kva konsekvensar fekk endringa for kyrkja sitt barnearbeid og for gudstenesta og den kyrkjelege verksemda meir generelt?

Dette er mange og store spørsmål som vi skal kome tilbake til. Men la oss starte i det små med eit bilete av kva som skjedde då barnenattverden kom til Norges minste kommune Utsira. Rune Steensnæs Engedal, som var sokneprest på Utsira i perioden 2008-2015, har gjeve oss dette biletet:

Etter krigen og ut på 50-tallet satte noen emissærer og predikanter tydelige avtrykk på Utsira. Gjennom sin forkynnelse ble det tegnet noen tydelige skiller om hvem som var «innenfor» og hvem som «ikke var gode nok». Dette kom ikke minst synlig til uttrykk i nattverdgangen. I et lite øysamfunn (i dag bor det cirka 210 innbyggere der) blir slike ting veldig synlige og sårbare. I tiårene etter krigen har flere generasjoner vokst opp med en holdning om at «i vårt hus går man ikke til nattverd», «vi er ikke verdige», og lignende.

Gode prester med folkekirkelig appell har siden den gang lagt stor vekt på å åpne opp, vektlegge nåde- og nattverdsforkynnelsen, uten at det har vist igjen på nattverdsstatistikken. I sitt visitasforedrag etter en bispevisitas på 80-tallet, uttrykker biskop Bue bekymring for situasjonen.

Da Utsira ble en del av Trusopplæringsreformen i 2008 var nattverd blant nøklene. Vi hadde en tanke om at vi måtte «rydde bordet» og lære barna hva nattverden er og hvem den er for, sett fra barnets og ungdommens synsvinkel. På den måten har barna lært de voksne at nattverden er for alle.

Fremdeles er det en del som ikke går til nattverd, selv om de har vært kirkegjengere hele sitt liv. Men det har vært mange gyldne øyeblikk de senere årene, der voksne mennesker følger barna eller barnebarna til nattverd, eller nå tar inn over seg at «de er gode nok».

Jeg har hatt mange spennende samtaler med enkeltpersoner på Utsira om dette. «Hvorfor lærte jeg ikke dette da jeg var ung?» sa en av de eldre damene. Dette forteller noe om hvor mange lag som sperrer for kommunikasjonen jeg vet har vært der før min tid.

Dette som et lite, men viktig, bilde fra en øy langt ute i Nordsjøen.

Historia tyder på at på Utsira vart innføringa av barnenattverd ei viktig endring som fekk store konsekvensar. Kva så med resten av landet? Utsira er berre ein av 422 kommunar og landet sin minste. I tillegg til at dei er få, er kommunen på mange område også spesiell. Kommunen er til dømes kjent som Norges mest «offervillige» fordi den ofte toppar gåver per innbyggjar i nasjonale innsamlingsaksjonar. Dessutan er vi i tjukkaste «bedehusland» som skil seg frå store deler av landet religiøst sett, og truleg også når det gjeld nattverdgang. Kva med nattverden i ein storby eller på ei bygd på Austlandet der spora av vekkingskristendomen er svake?

Har barn starta å gå til nattverd og har nattverdsgang blitt vanlegare på slike stader? Og når skjedde endringa? Historia frå Utsira tyder på at det ikkje i seg sjølv var regelendringa i 1993 som skapte endringa, men Trusopplæringsreformen si satsing på barnenattverd femten år seinare. Det reiser spørsmålet om forholdet mellom trusopplæringsarbeid og barnenattverd som vil vere eit sentralt tema i denne rapporten. Dette er nokre av dei spørsmål vi vil leite etter svar på i denne studien.

## 1.1 TEMAET

Temaet for prosjektet er altså den nye nattverdstradisjonen i Den norske kyrkja der også barn deltek i nattverden. Prosjektet dokumenterer og analyserer korleis barnenattverd i dag blir forstått og praktisert. Ei anna stor reform som har skjedd sidan barn fekk tilgang til nattverd, er Trusopplæringsreformen, og vi vil særleg sjå på kva utfordringar barnenattverd skaper for kyrkja sitt arbeid blant barn og unge. Innføring av barnenattverd vil også bli sett inn i vidare historisk og kulturell samanheng ved å sjå på endringane i nattverdstradisjonen fram mot barnenattverd. I tillegg vil vi sjå på konsekvensar av innføringa av barnenattverd, både for den vidare utviklinga av nattverdstradisjonen og for andre sider ved kyrkjeleg praksis.

## 1.2 PROBLEMSTILLINGAR

*Den norske nattverdstradisjonen.* Opninga av nattverd for barn i 1993 betyr at ei ny gruppe aktørar fekk tilgang til eit ritual og vart ein del av ein tradisjon. For å forstå denne prosessen er det nyttig å ha kjennskap til den tradisjonen barn skulle inn i. Kva syn og praksis har prega den norske nattverdstradisjonen og korleis har denne endra seg fram til i dag? Korleis blir nattverd praktisert i kyrkjelydar i Den norske kyrkja i dag?

*Barnenattverds-praksisen.* Kva har vore barn og unge sitt forhold til dette ritualet? Kva var bakgrunnen for at barn i 1993 fekk tilgang til nattverden? Er barnenattverd no blitt vanleg i Den norske kyrkja? Kva skjer når barn skal delta?

Innføringa av barnenattverd skjer i ein fase då det skjer ei omfattande omorganisering og opptrapping av Den norske kyrkja sitt arbeid for barn og ungdom gjennom nye planar for dåpsopplæring og Trusopplæringsreformen (sjå neste kapittel). Korleis blir nattverden inkludert i denne nye satsinga? Kva tenkjer dei som arbeider med trusopplæring om barn si deltaking? Kva vilkår meiner dei må vere til stades for at barn skal få nattverd? Er dåp ein føresetnad for å delta? På kva arrangement brukar ein å ha nattverd? Når passer det ikkje med nattverd?

*Konsekvensar av barnenattverd.* Når eit ritual blir opna for nye aktørar kan det verke tilbake på ritualforståing og ritualpraksis. I sin studie av endringar i den norske nattverds tradisjonen hevder Bjørn Sandvik at innføring av barnealtergang er «det mest radikale som har skjedd på dette feltet i lutherske kirker. Det er et omstridt vedtak, med ennå meget uoversiktlige konsekvenser» (Sandvik 248: 1998). I dette prosjektet prøver vi å dokumentere og forstå nokre av desse konsekvensane. Har barnenattverd endra inngangskrava til nattverd? Er terskelen for å gå til nattverd blitt lågare?



### 1.3 AVGRENSING OG FOKUS

Barnenattverd er eit tema som aktualiserer mange spørsmål. Feltet er lite utforska tidlegare. Det gjeld både nattverdang generelt og barnenattverd spesielt. Den svenske sosiologen Gøran Gustafsson har påpeikt at det finst svært lite empirisk forskning om nattverdspraksis i Norden og så langt vi kjenner til finst det ingen større studiar om barnenattverd (Gustafsson 2004:97). I ein slik situasjon må ein gjere val når det gjeld fokus og avgrensing av prosjektet. Eit alternativ er å la mange av problemstillingane ligge og konsentrere seg om nokre få, til dømes ein dokumentasjon av den nye barnenattverdspraksisen. Vi har valt ei anna tilnærming der vi vil gå inn på mange av problemstillingane for å vise korleis det er samanhengar. Vi vil vise samanhengar mellom barnenattverd og den tidlegare nattverdstradisjonen og leite etter moglege konsekvensar av barnenattverd. Det inneber at vi ikkje kan gå grundig inn på mange av spørsmåla, verken når det gjeld empirisk dokumentasjon eller teoretisk analyse. For mange av problemstillingane dreier det seg mest om, på bakgrunn av teori og empiriske eksempel, å framsette hypotesar om trendar og samanhengar. Ei slik tilnærming kan kallast ei eksplorerande eller hypotesesøkande tilnærming der målet er å kome på sporet av interessante samanhengar som både kan gje innsikt og bli utgangspunkt for nye og grundigare studiar. Funna i eit forskingsprosjekt er ikkje berre svar på spørsmål, resultat frå eit prosjekt kan også ha form av nye fruktbare spørsmål. I sluttkapittelet av denne rapporten vil vi også foreslå problemstillingar for vidare nattverdsforskning i forlenginga av vår studie.



## 2 HISTORISK BAKGRUNN. KORT OM UTVIKLINGA FRAM MOT BARNENATTVERD

### 2.1 INTRODUKSJON

Barnenattverd er ei endring av den norske nattverdstradisjonen som kjem på slutten av 1900-talet. I dette kapittelet skal vi sjå litt nærare på fasar i utviklinga fram mot at barn fekk tilgang til nattverd i 1993. Vi skal særleg sjå på utviklinga frå 1968 som er året då nattverden vart frikopla frå konfirmasjon. Men som ein bakgrunn skal vi også trekke eit lengre historisk perspektiv og gje eit riss av den norske nattverdstradisjonen før 1968. Endringar i den norske nattverdstradisjonen er noko vi vil kome meir utførleg tilbake til seinare i rapporten, mellom anna i neste kapittel om tidlegare forskning. Her dreier det seg berre om å skissere nokre hovudlinjer. Vår framstilling bygger ikkje på studiar av primærkjelder om temaet, men på framstillingar i oversiktslitteratur og intervju med ekspertinformantar.

### 2.2 FRÅ KOLLEKTIVT RITUAL TIL INDIVIDUELL VEDKJENNINGSHANDLING

#### *Den kollektive tradisjonen*

Fram til slutten av 1900-talet var det formelt nattverdplikt i Norge. Alle skulle gå til nattverd, og det var vanleg å gå to gonger i året. Denne ordninga avspeglar eit religiøst einskapssamfunn der det religiøse og det sosiale var tett samanvevd. Å delta i eit religiøst ritual var ikkje berre ei religiøs plikt, det var også ei sosial plikt. Nattverdgang var uttrykk for det vi kallar kollektiv religiøsitet som inngjekk i eit sosialt mønster der ein deltok som medlem av eit sosialt fellesskap (familie, lokalsamfunn, jamaldringar). Det kollektive kom også til uttrykk i måten ein gjekk til nattverd på. Hushaldet gjekk gjerne saman og på bestemte tider av året (som vår og haust) (Lappegard 1986). Nattverdgang fekk både karakter av kalenderrite og av overgangsrite ved at nattverd var knytt til konfirmasjon som markerte overgangen frå barn til vaksen (eller frå liv til død ved nattverd gjennom soknebod). Typiske trekk ved kyrkjefellesskapet i denne perioden er at det er prega av allmenn oppslutning om relativt få, men faste rituelle møtepunkt med kyrkjeinstitusjonen. Denne religionsforma har blitt omtalt som sakrament-kristendom eller seremoni-kristendom (Ropeid 1984, Agedal 2003). Trekk frå denne tradisjonen lever vidare i det vi i dag omtalar som folkekyrkje-tradisjonen (vi kjem nærare tilbake til fleire av dei omgrepa og kategoriane vi har brukt her i kapittelet «Teoretiske perspektiv»).

#### *Nattverdfallet*

Den kollektive nattverdstradisjonen fekk ein brå slutt i overgangen frå 1800- til 1900-talet i det som kyrkjehistorikar Bjørn Sandvik kallar «det store nattverdfallet (Sandvik 1998). Nattverdplikta fall bort og nattverdtdala stupte i det som er blitt omtalt som ein av dei raskaste og største endringane i norsk religiøsitet. Endringa er blitt forklart ut frå modernisering og individualisering av kulturen som gjorde religion og livssyn til ei meir individuell sak. I kyrkja kom denne individualismen til uttrykk gjennom vekkingsrørsler som forkynte at kristen tru måtte kome til uttrykk gjennom ei personleg tru og vedkjenning og aktiv deltaking i eit kristent fellesskap. Dette vart også grunnlaget for å kunne gå til nattverd. Mange prestar delte dette synet og åtvare dei som ikkje hadde dette grunnlaget mot å gå til alters som «uverdige» fordi den som uverdigg gjekk til nattverd ville «drikke og ete seg til doms». Folk

flest fylgde åtvaringane og slutta å gå til nattverd, truleg ikkje ut frå manglande respekt for nattverden og Gud, men tvert i mot ut frå redsle for at Gud kunne vende seg mot dei og straffe dei. Det er denne nattverdsforståinga vi såg spor etter i nattverdstradisjonen på Utsira. Dette gjorde også at nattverdgang vart forbunde med eit dystert alvor.

I denne overgangstida oppstår det eit nytt og alternativt religiøst fellesskap: fellesskapet av dei vedkjennande eller personleg kristne. I Norge vart dette fellesskapet i stor grad værande innanfor Den norske kyrkja (på den tid statskyrkja), men klarte å oppnå definisjonsmakt for si kristendomsform («personleg kristen» eller «vedkjennande kristen») som den eigentlege kristendomen (Slettan 1992: 103). Dei vann også igjennom med si forståing av nattverden som eit sakrament berre for dei vedkjennande kristne.

### *Nattverd som vedkjenningshandling*

Dette fekk som konsekvens at det innanfor den lokale kyrkja oppstod to ulike kyrkjefellesskap som, sjølv om dei var formelle medlemmer av same statskyrkja, stod i eit visst motsetningsforhold til kvarandre. Samfunnsforskarar har omtalt dette nye fellesskapet som eit «trusfellesskap» i motsetning til det gamle «symbol- og ritulfellesskapet» (Lundby 1987, Agedal 2003). Trusfellesskapet kan på den eine sida forståast som dei mest forplikta og aktive medlemmene som deltek ofte i kyrkja. Men deira verksemd og sjølvforståing skaper samstundes nye målestokkar for det religiøse livet som kan få ekskluderande konsekvensar ved å definere eit A-lag og eit B-lag i kyrkja. Medan kyrkja sine livs- og dødsritual (dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd) blir ritual som det framleis er legitimt for begge laga å delta i, blir nattverden eit eksklusivt og ofte ekskluderande ritual for A-laget.

### *Bortgøyming av nattverden*

Den norske kyrkja sine to sakrament, dåpen og nattverden, skil lag. Dåpen lever vidare som ein del av den kollektive kristendomsforma, medan nattverdssakramentet blir eit sakrament for trusfellesskapet. Dette skiljet har fått stor tyding for nattverdspraksis i Den norske kyrkja fram til i dag. Det førte til ei nedprioritering og bortgøyming av nattverd i mange år. Lokale kyrkjelydar i Den norske kyrkja vart prega av latente spenningar mellom symbol- og ritulfellesskapet og trusfellesskapet. Nattverden var eit sakrament som synleggjorde denne spenninga og vart derfor ofte nedtona. Nattverdgang kunne opplevast som ubehageleg og det vart uvanleg med nattverd i gudstenester. Bortgøyming av nattverd blir særleg aktuelt i dei mest folkekyrkjelege gudstenestene som famnar vidast i lokalsamfunnet. Redsle for at nattverd kan verke ekskluderande kunne også føre til at ein ikkje hadde nattverd i gudstenester med dåp. På slike gudstenester visste ein at det ville vere mange til stades som ikkje ville gå til nattverd.

### *Redsla for «uverdig» nattverdgang*

Ein annan konsekvens av forkynninga av nattverden som eit sakrament berre for dei «verdige», var at også mange av dei faste gudstenestedeltakarane heldt seg borte ut frå redsle for å vere «uverdige». Historia frå Utsira er eit eksempel på dette. I tillegg var det også slik at fleire innanfor trusfellesskapet med tilknytning til bedehuset kunne vere skeptiske til nattverd. Dette sakramentet vart av nokre oppfatta som ein ytre «ritualkristendom» og ei falsk erstatning for omvending og vedkjening. Frykten for «uverdig nattverdgang» kunne også ramme heile den kyrkjelege nattverdspraksisen, slik nokon av bedehusfolket såg det, fordi den ikkje sikra at berre vedkjennande kristne deltok. Dette kunne få som

konsekvens at bedehusfolket etablerte sin eigen nattverdspraksis utanfor kyrkja i regi av «venesamfunnet», der ein kjende seg trygge på at berre «personleg kristne» deltok.

Slik sett vart den kyrkjelege nattverden pressa frå fleire kantar. Frå den breie folkekyrkjelyden som kjende seg ekskludert på grunn av kravet om vedkjenning og personleg kristendom. Og frå den lågkyrkjelege bedehuskristendomen som la mindre vekt på sakramenta og dessutan kunne vere kritiske til den kyrkjelege nattverdspraksisen.

### *Nattverden sine portvaktarar*

Kor lenge den restriktive nattverdspraksisen prega Den norske kyrkja er vanskeleg å seie. Åtvaringa i forkynninga frå lekpredikantar og prestar mot uverdigg nattverdang, som var med å skape det store nattverdfallet, tok etter kvart slutt. Men synet og praksisen hadde festa seg som ein folkeleg tradisjon både innanfor og utanfor trusfellesskapet. Slik kunne tradisjonen bli oppretthalden lenge etter den offisielle nattverdsteologien hadde endra seg. Dette kunne skje gjennom både interne og eksterne «portvaktarar» som på ulike måtar (f.eks. gjennom blikk og kommentarar) signaliserte kven som ein forventa skulle gå til nattverd (Hegstad 1996). Også personar som stod utanfor trusfellesskapet kunne slik bidra til å oppretthalde ein nattverdspraksis dei sjølv var ekskludert frå, ved å negativt sanksjonere, ut frå ei slags «folkekyrkjeleg jantelov», andre som trudde seg verdige til å delta. Nattverdstradisjonar var også familietradisjonar som kunne bli vidareført gjennom generasjonar gjennom førestillingar om at «i vår familie brukar vi ikkje å gå til nattverd». Historia frå Utsira gav eksempel på dette.

### *Konfirmasjonen og nattverden*

Sjølv om nattverdtradisjonen hadde endra seg mykje i dei fasane vi har skildra, var koplinga mellom nattverd og konfirmasjon eit stabilt element. Men korleis nattverd vart praktisert i samband med konfirmasjon kom til å endre seg mykje og variere i ulike deler av landet. Konfirmantalergang (at konfirmantane gjekk samla til nattverd for første gong i samband med konfirmasjon) var ein tradisjon som heldt fram i dei mest «folkekyrkjelege» deler av landet heilt fram til 1960-talet. Som vi seinare skal kome meir tilbake til, er det rimeleg å tolke denne nattverdstradisjonen som ein religiøs del av ei overgangsrite som markerte overgangen frå barn til vaksen. Konfirmantalergangen forsvann etter kvart som kollektiv rite. Berre eit mindretal av konfirmantane gjekk for første gong til nattverd når dei var konfirmerte og nattverdgangen fekk nå meir karakter av ei vedkjenningshandling. Sjølve konfirmasjonen fortsette som ei viktig overgangsrite med brei oppslutning, men nattverdang var ikkje lenger for fleirtalet ein del av denne overgangsriten. Men konfirmasjonen beheldt sin status som inngangsbillett til nattverden i Den norske kyrkja heilt fram til 1968.

## 2.3 SENKINGA AV ALDERSGRENSER FOR NATTVERD

### *1968. Nattverden blir frikopla frå konfirmasjon*

På 1960-talet oppstod det ein debatt som førte til at tilgangen til nattverd vart lausriven frå konfirmasjon (Gervin 1981: 16). Bispemøtet drøfta spørsmålet og uttalte i 1965 at det ikkje var teologisk grunnlag for å knyte tilgang til nattverd til konfirmasjon, men at det prinsipielt var dåpen som gav tilgang og rett til nattverd. I 1968 vart aldersgrensa gjennom kongeleg resolusjon senka til 12 år.

### *1981. Vidare senking til 6 år*

På 1970-talet oppstår det på nytt ein debatt om aldersgrense. Bispemøtet tok opp saka i 1974 i tilknytning til spørsmålet om konfirmantaltegang. Det førte til nedsetting av Barnekommunionutvalet i 1975 som leverte si innstilling i 1977. Arbeidet førte til at aldersgrensa vart senka til 6–7 årsalderen, altså tida rundt skulestart. I kongeleg resolusjon frå 1981 heiter det: «Barn som har fylt 6 år, kan gis tilgang til nattverd i familiesammenheng og i særlige tilfeller ellers» (Akerø 1995: 4). I denne fasen får barns aktive ønskje om å kunne få del i nattverden ein større plass i vurderinga. Eit innspel som fleire nemner som viktig i denne samanhengen, er ein emosjonell tekst (sjå vedlegg s. 127-128) av prestedotter Kristi Solli Schøien der ho minnes sin lengt som barn etter å få del i den nattverden som foreldra deltok i, men som ho på grunn av aldersgrensa, var utestengt frå (Gervin 1981: 113, Akerø 1995: 15–17).

Etter senkinga av aldersgrensa i 1981 fekk mange barn tilgang til nattverd. Hans Arne Akerø, som var tilsett i Kyrkjerådet då det vart opna for barnenattverd, seier at det likevel ikkje førte til noko stor tilstrøyming av barn til nattverden. Den kom seinare.

### *1993. Aldersgrense fjerna og erstatta med andre føresetnader*

I 1993 vart aldersgrenser for nattverd fjerna og den noverande ordning for barn og nattverd innført. Saka vart drøfta i Bispemøtet i 1991 og 1992, vidare utgreidd av Kyrkjerådet, og etter ei høyringsrunde vart dei nye retningslinene vedtekne av Kyrkjemøtet i 1993 (Akerø 1995: 5). Men sjølv om aldersgrenser vart fjerna, var det andre føresetnader som måtte vere til stades for at barn skulle få delta. Barnet måtte vere døypt og ha fått rettleiing om nattverden. Nyordninga opna såleis ikkje for spebarnsnattverd. Dessutan var det ein føresetnad at barna skulle delta saman med foreldre eller andre som hadde ansvar for barnet si kristeleg oppseding, inkludert leiarar i kristent barnearbeid (Akerø 1995: 5).

## 2.4 INNFØRING AV BARNENATTVERD: ÅRSAKER OG KONSEKVENSA

### *Årsaker til endringane*

Frå 1968 til 1993 har det skjedd ei endring i regelverk og praksis der barn i aukande grad har fått tilgang til nattverd. Kva ligg bak desse endringane? Kva spørsmål har vore sentrale for dei vurderingar som ligg til grunn for endringane? Det fell utanfor ramma av denne rapporten å gå grundig inn på kva som skjedde i denne perioden, men vi skal peike på nokre forklaringar og moment som kjem fram i det som er skreve om barn og nattverd i denne perioden:

*Økumeniske impulsar.* Det lutherske verdensforbund arbeidde på 1960-talet med eit prosjekt om konfirmasjon som også omhandla barn og nattverd. Her konkluderer ein med at det er dåpen og ikkje konfirmasjonen som teologisk er grunnlaget for nattverdtdeltaking. Dersom kyrkja likevel set ei aldersgrense er det fordi borna «skal ha nådd eit visst kunnskapsnivå i tro» (Gervin 1981: 9). Det er nærliggande å sjå den norske endringa i 1968, som lausriv nattverdstillgangen frå konfirmasjon og senker aldersgrensa til 12 år, på bakgrunn av denne debatten.

Akerø meiner at Den norske kyrkja i kontakt med kyrkjesamfunn, oppdaga at dei låg etter når det gjaldt barns tilgang til nattverd:

– Så det er klart at det har hatt betydning at andre kirkesamfunn har hatt barnenattverd, ikke minst den katolske kirken som har hatt barnenattverd fra 6-årsalderen helt siden 1910, Og det var jo også slik at både kirkene i Danmark (1909), Finland (1979) og Sverige (1980) hadde åpnet for barns adgang til nattverd. Så det fikk veldig preg av at her var man var sent ute, man kom etter de andre.

– Kvifor låg Norge etter?

– Det kan nok ha en sammenheng med at konfirmasjonen har en sterk stilling i norsk kultur og i kirkelig praksis. Ser også i dag også at konfirmasjonen står sterkere i Norge som familietradisjon enn for eksempel i Sverige. Det kan også ha sammenheng med at vi har en konkurrent i Humanetisk Forbund med borgerlig konfirmasjon som gjør at selve begrepet og tradisjonen videreføres også for de som ikke velger en kirkelig handling. Konfirmasjonen står sterkere som overgangsrite hos oss enn mange andre steder. Så det kan nok tenkes at man har kviet seg for å ta bort den koplingen at konfirmasjon var adgang til nattverd. Før (..) var jo konfirmasjon adgang til veldig mye annet: gifte seg, få arbeid, få stemmerett.

*Liturgiske endringar.* Ein annan faktor som kan henge saman med den førre, er den liturgiske nyorienteringa som har skjedd i Den norske kyrkja i dei siste tiåra. Dette innebar mellom anna eit nytt syn på nattverden sin plass i gudstenesta, frå å vere ei særskilt handling ein kunne ha med eller la vere, til å bli ein integrert og «normal» del av gudstenesta. Akerø påpeikar også at 90-talet var ein periode med større opning for nye religiøse ytringar:

Da skjedde det mye eksperimentering og nye ting kom inn i gudstjenesten som bønnevandring, lysglobene og slike ting. Før det var det ikke så mange slike symbolhandlinger og ritualer. Da var forståelsen at nattverd var noe en skulle gå til sjelden. Det henger jo også sammen med det store nattverdfallet på 1800-tallet, at man måtte tenke seg alvorlig om for å ikke vanære sakramentet om man ikke var vel forberedt.

*Endra syn på barn sin religiøse status.* I desse åra skjedde det også ei endring i synet på barn sin religiøse status, frå å bli mest oppfatta som objekt for religiøs sosialisering til også å bli oppfatta som religiøse subjekt med ei sjølvstendig og viktig rolle i det religiøse fellesskapet. Teologisk kom dette til uttrykk gjennom ei interesse for barneteologi og liturgisk ved at barn fekk ein meir synleg og integrert rolle i ordinære gudstenester.

*Debattar og dilemma.* Når ein ser tilbake på endringane i barn sin tilgang til nattverd frå 1960-talet og fram til 1990-talet er det nokre omsyn og dilemma som skil seg ut. For det fyrste, nattverden si nære kopling til konfirmasjonen og dermed også karakter av overgangsrite knytt til ein bestemt alder. Noko av debatten har dreia seg om å senke denne minstealderen, men framleis knytte nattverd til ein bestemt alder og overgang (slik det til dømes blir praktisert i den katolske kyrkja). Eit anna kriterium har vore å forankre nattverden i dåpen og gjere det til ein føresetnad at barn som skal delta er døypte. Eit tredje kriterium i debatten har vore det som har blitt omtalt som «skjelnekriteriet», at barn er kognitivt i stand til å skilje nattverdsmåltidet frå andre måltid. Det aktualiserer også eit «veglediingskriterium», at barn som går til nattverd skal ha fått opplæring i kva nattverd er. Praktiseringa av barn sin tilgang til nattverd aktualiserer også eit «avgjerslekompetanse-kriterium».

Kven har *kompetanse* til å avgjere om barn skal delta i nattverd? Er det barnet sjølv, foreldra, andre som har eit særleg ansvar for barn si religiøse oppseding, inkludert prestar og leiarar i kristent barnearbeid? Debatten viser både usemje og utvikling når det gjeld vekt på dei ulike kriteria, og

erfaringane viser også korleis praktisering av dei ulike omsyna skaper dilemma (Gervin 1981, Akerø 1995).

Vektlegging av desse kriteria er noko vi vil undersøke nærare i vår studie. For å få ei meir konkret forståing av kva spørsmål dette kan dreie seg om, tek vi med to kommentarar om temaet frå Hans Arne Akerø i Kirkerådets kirkefagavdeling. Det eine gjeld praktisering av dåp som føresetnad for nattverd, det andre gjeld spørsmålet om når nattverden bør introduserast.

### *Dåpsregelen krevjande å praktisere*

Hans Arne Akerø reflekterer over korleis framveksten av barnenattverd var med og endra den norske nattverdstradisjonen:

Dette med at barnet skulle være døpt ble en ganske krevende ting når nattverd ble mer vanlig i gudstjenestene. Og i familiegudstjenestene, når man hadde et barnekor eller en større barnegruppe, så var det jo da viktig å veilede foreldrene om dette. At det var for døpte, men at det var foreldrene som måtte bestemme.

Det har vært en gjennomgående forutsetning fra oldkirken at man først som døpte fikk tilgang til nattverd. Det har man beholdt og det står også i dag i regelverket i ordningen for hovedgudstjenesten punkt 39: «Alle døpte kan delta i nattverden».

I trosopplæringen opplever vi jo at det er både døpte og udøpte. Det er jo blitt ganske vanlig i Den norske kirke at folk melder seg til konfirmasjon uten å være døpt og blir døpt i løpet av konfirmasjonstiden.

Jeg ledet et barnekor i menigheten på 90-tallet da den nye ordningen ble vedtatt. Og jeg hadde da foreldrekontakter og foreldremøter hvor jeg forklarte at på søndagen, hvor vi snart skal synges, så er det nattverd. Og jeg forklarte litt hva det var og viste litt. Og så kom det opp at det gjelder alle som er døpt, og jeg snakket med foreldrene. Og da var det et barn som ikke var døpt. Og de tok konsekvensen av det ved at barnet ikke deltok på den gudstjenesten.

Det er en episode som jeg minnes og som jeg kommer til å ta med meg i min grav. Det som skjedde når vi snakket om dette i barnekolet, var at bestevenninnen til denne jenta sier: «Ja, men jeg er døpt så da kan jeg gi litt av det til henne». Og jeg smilte lite granne. Men hadde det vært Jesus som hørte det, og hvis man kjenner evangeliene, så ville vel Jesus ha sagt: «Se hvor stor tro hun viser, det skal skje som du vil. Hun skal ha nattverd». Og det vil være min anbefaling i dag at når det oppstår slike situasjoner, så må man jenke seg når det gjelder barn og unge. Og det gjør jo mange også. Selv om man opprettholder prinsippet, så er det urimelig å ikke dele ut nattverd i en slik sammenheng. På det punktet ville jeg ha skrevet dette om. Det var vel en sjeldenhet da at ikke døpte var med i barnekor, men nå er det blitt langt vanligere så her må man velge andre løsninger. Og ikke gjøre det slik jeg gjorde det den gangen (ler).

### *Luthersk førstekommunion?*

Akerø reflekterer også over om ein burde ha knytt den nye barnenattverden til ei årsmarkering.

Det som er litt spennende med det som kom i 1993 var at det var ulike syn på å ta ned denne grensen med 6 år. Og det som kom opp som en tanke, som jeg var opptatt av, var at vi hadde disse ulike fasene i dåpsopplæringen. 4-åringene fikk 4-årsbok, og det hadde slått ganske tydelig igjennom. Men det som jeg savnet var en markering og en tydeliggjøring av 6-årsfasen. Så jeg var jo tiltrukket av den katolske tradisjonen med første nattverdsgang, ikke gjøre det slik man gjør det i katolske menigheter for eksempel i Tyskland, med brudekjole for jentene og dress for guttene. Men likevel slik at den fasen fikk en profil. Og



jeg har jo hørt også at noen av de som gikk inn for endringen i 1993 etterpå tenkte at vi skulle heller ha beholdt 6-årsgrensen med en seksårsmarkering. Men det toget er gått. Da måtte man ha gått vekk fra dette prinsippet at det er kun dåpen som gir adgang til nattverd. Men jeg tenker at dette har også andre momenter og at det kan være god pedagogikk i kristen opplæring å la ritualer følge den enkelte fasen.

### *Nattverdsintensivering*

På slutten av 1900-talet skjer det ei teologisk nyorientering som truleg har bidratt til å endre og intensivere nattverdsbruken i Den norske kyrkja. Nokon har omtalt det som ei «liturgisk vekking» med auka interesse for gudstenesta og sakramenta og utprøving av nye gudstenesteformer. Ein del av denne nyorienteringa har også handla om nattverden sin plass i gudstenesta og tanken om at nattverd er ein naturleg del av ei fullverdig gudsteneste. Ein fylgje av dette er at gudsteneste med nattverd vart etablert som normalordning om ikkje særlege omsyn tilseier å utelate nattverden. I tillegg til hyppigare bruk av nattverd opna ein også for nye gudstenesteformer og nye nattverdsformer som lettare også let seg tilpasse desse. Eksempel på dette er vandregudstenester (som Thomasmesse, Mukulamesse) der dei som deltok kunne bevege seg i kyrkjerommet mellom ulike stasjonar. Der kunne ein be, meditere, tenne lys, og ved nokre messer også få nattverd (Hegstad, Selbekk og Agedal 2008:42). Nattverd skjedde då ikkje lenger ved at ein i grupper knelte rundt ein altarring, men meir individuelt ståande ved at ein fekk ein oblat som ein duppa i nattverdsvinen, også kalla intinksjon.

### *«Trusopplæringsrevolusjonen»*

Dette er også ein periode der kyrkja involverer seg meir i kristen oppseding av barn og ungdom, eit felt der ein tidlegare hadde basert seg mykje på skulen si konfesjonelle kristendomsundervisning og innsatsen til dei frivillige kristne organisasjonane (Agedal, Haakedal og Kinserdal 2014). Vi får ein statleg finansiert trusopplæringsreform, utvikling av nye nasjonale og lokale planar og stillingar for dåpsopplæring (Tveito Johnsen 2015, Holbek 2019). Når det gjeld utviklinga av Trusopplæringsreformen skjer den over lang tid og i ulike faser. Vi kan skilje mellom ein forsøks- og utviklingsfase frå 2004 til 2008, ein gjennomføringsfase frå 2009 til 2017 (med opptrapping av tilskot og utvikling av lokale planar) og ein driftsfase frå 2018 (der alle kyrkjelydane i landet har utvikla sin lokale plan). Tempoet i gjennomføringsfasen kan variere sterkt lokalt, i ein av våre case-kyrkjelydar er til dømes den lokale planen for trusopplæring nyleg godkjent.

Den endelege versjonen av Plan for trusopplæring «Gud gir – vi deler» som er rammeplanen for dei lokale planane, kom i 2010, 17 år etter at nattverden var opna for barn (Kirkerådet 2010). På bakgrunnen av at nattverd for barn på dette tidspunktet var vel etablert, og at nattverden har ein sentral plass i dåpsliturgien («hjelp han/henne til å delta i den heilage nattverden»), er det litt uventa at barnenattverd er så lite konkret tematisert i planen. Nattverd blir omtalt fleire stader, men planen legg lite føringar for når og korleis ein skal hjelpe barnet til å delta i nattverden. Nattverden er til dømes ikkje nemnt i oversikta over sentrale tiltak for ulike aldersgrupper før konfirmasjonsalder (Kirkerådet 2010: 19–21).

Trusopplæringsreformen representerer ikkje berre ei stor satsing på planlegging og utvikling av trusopplæringsarbeid i Den norske kyrkja. Den representerer også ein omfattande stillingsreform som tilfører kyrkja mykje ny arbeidskraft og kompetanse i arbeidet med barn og ungdom. I 2013 representerte dette 671 stillingar og 308 årsverk. Reforma skaper også ei profesjonalisering av dette området ved at nye former for fagleg tenking (til dømes religionspedagogikk og prosjektmetodikk) får

prege ein sektor som har vore meir prega av frivillig innsats. Dette kan, som vi skal sjå, få konsekvensar for korleis ein ser på barn si deltaking i nattverd. Trusopplæringsarbeidet er ikkje det einaste arbeidet lokalkyrkjelyden driv for barn og ungdom, det kjem i tillegg til det meir kontinuerlege arbeidet, som til dømes korarbeid. Forholdet mellom trusopplæringstilboda og det kontinuerlege arbeidet, har vore eit diskusjonstema når det gjeld vurderinga av reforma. Det kan også vere ei aktuell problemstilling når det gjeld barnenattverden sin plass i kyrkjelyden. Eit av dei styrande prinsippa for trusopplæringsarbeidet er at det skal ha ein breiddeprofil og gje eit tilbod som er tilpassa og kan nå mange i dei ulike alderskategoriane. For at dette skal vere mogeleg har tiltaka gjerne karakter av årlege enkeltarrangement for kvar aldersgruppe. Ei anna interessant problemstilling kan vere kor eigna nattverd er i trusopplæringa si breiddesatsing som kanskje legg føringar i retning lågterskel tilbod for å få opp deltakingsprosenten. Ein ting er å invitere kyrkjeframande barn og foreldre til bollebaking og lystenning, meir krevjande kan det vere å invitere til nattverd og til å ete Jesu lekam og drikke Jesu blod. Korleis vil foreldre reagere når dei får vite at 4-åringane ikkje berre kan få 4-årsbok, men også nattverd og at foreldra er inviterte til å bli med? Når den første «Min kirkebok» kom i 1972 hadde dette truleg vore ein sjokkerande tanke, men i dag er dette kanskje blitt annleis? (Rypdal 1972). Dette er nokre av dei problemstillingane vi skal sjå nærare på i dette prosjektet.

### 3 TEORETISKE PERSPEKTIV PÅ BARN OG NATTVERD

#### 3.1 INNLEIING

Vårt tema, barn sin tilgang til nattverd, er ei endring som inngår i ein større samanheng. For å beskrive og forstå endringa må vi innom mange andre tema: Kva er den norske nattverdstradisjonen som denne endringa inngår i? Kva har vore dei skrivne og uskrivne reglane for nattverdgang i Norge? Kva plass har barn i gudstenesta og i Den norske kyrkja? Korleis påverkar innføringa av barnenattverd norsk nattverdspraksis? Vårt utgangspunkt er å forstå fenomenet barnenattverd ved å sette det inn i ein kontekst som viser korleis det heng saman med andre fenomen. Vi skal i det følgjande skissere ein analysemodell som viser kva andre fenomen det dreier seg om, og introdusere teoriar som vi meiner er relevante for å forstå barnenattverd.

Vi vil ha som hovudperspektiv ritualteori og sjå på nattverd som eit religiøst ritual som vi vil analysere ulike sider ved. Ved å bruka eit ritualperspektiv blir det også mogeleg å samanlikne nattverd med andre ritual som barn er involverte i, noko vi meiner kan gje ny innsikt i fenomenet. Innanfor dette hovudperspektivet vil vi presentere ulike teoriar som vi meiner kan vere fruktbare for å forstå barnenattverd. Vi vil introdusere mange ulike teoriar utan å gå grundig inn i kvar av desse. Det tyder at vi har eit eklektisk forhold til teori ved at vi prøver ut ulike fortolkingar. Denne framstillinga tek sikte på å gje ein oversikt over fenomenet barnenattverd, bakgrunnen for og konsekvensar av endringane vi omtalar. Problemstillinga og materialet reiser nye spørsmål og gjev grunnlag for grundigare teoretiske drøftingar, noko som bør følgjast opp med meir forskning.

#### 3.2 ANALYSEMODELL: BARNENATTVERD I EIT RITUALPERSPEKTIV.

Frå eit religionssosiologisk perspektiv er det naturleg å sjå på nattverd som eit religiøst ritual. Ritual kan definerast som «*standardiserte samhandlingsmønstre med symbolsk innhold som gjennomføres i bestemte situasjonar*» (Furseth og Repstad 2003: 157). Definisjonen gjev fleire føringar for kva vi må beskrive om vi skal analysere nattverd som ritual (og kva som skjer når barn får tilgang til dette ritualet):

«*Standardiserte samhandlingsmønster*»: Kva handlingar består eit nattverdritual av? Kor standardiserte er desse handlingane? Kva skrivne og uskrivne reglar regulerer ritualet? Medfører barn sin tilgang til nattverd at det blir laga særskilde nattverdsvariantar for barn? Påverkar barn sin tilgang til nattverd nattverdsreglar og nattverdspraksis også for vaksne?

*Rituala i tid og rom*: Eit ritual har ein tidsdimensjon og ein romleg dimensjon. Når og kvar føregår nattverden? Er nattverd eit ritual som blir utført ofte eller berre i «unntakssituasjonar»? I så fall i kva situasjonar? Kvar føregår ritualet? Skjer nattverden på særskilde religiøse arenaer, til dømes i visse deler av kyrkjerommet? Inngår nattverd i ein større rituell kontekst der andre ritual er involvert? Kva er i så fall nattverden sitt forhold til andre ritual (som dåp, konfirmasjon, lystening)? Kva objekt inngår i eit nattverdsritual, kva er nattverden sine «rekvisita»? Påverkar barn sin tilgang til nattverd tidsdimensjonen og romdimensjonen i ritualet? Fører det til at nattverd blir brukt oftare, i nye situasjonar og på nye arenaer?

*Aktørar og roller:* Eit ritual består av handlingar og handlingar føreset aktørar. Kven deltek i nattverden og kven deltek ikkje? Utgangspunktet for prosjektet er at barn frå å vere ekskludert frå ritualet (eller i beste fall gjeve ei tilskodarrolle), no er blitt deltakarar. Men det finst ulike måtar å delta på, deltakarane kan ha ulike roller (til dømes nattverdmottakar eller nattverdutdelar). Tilskodarane har òg ei rolle i ritualet og deira ikkje-deltaking kan både skuldast at dei tek eit aktivt val, eller at dei ikkje er legitime som deltakarar. Kva roller har barn fått tilgang til? Har barn sin tilgang til ritualet påverka andre grupper sin tilgang?

*Vikarierende religiøsitet:* Rolle kan definerast som forventningar og normer knytt til ei oppgåve eller stilling. I ei rolle kan vi utføre oppgåver på vegne av andre. Eit døme på dette er presten si rolle når ho innstiftar nattverden for nattverddeltakarane. «På vegne av» tyder ikkje berre å utføre konkrete oppgåver på vegne av andre: Det kan også ha ei meir symbolsk tyding ved at ein aktør kan representere eller opptre på vegne av ein annan på det religiøse området, til dømes ved å tru for andre. Denne funksjonen som blir kalla *vikarierende religiøsitet* (Davie 2007: 22), kan vere fruktbar å trekke inn for å forstå barnenattverd. Barns religiøse og rituelle status er komplisert i Den norske kyrkja. Medlemskap i kyrkja er knytt til barnedåp, samstundes som barnet uansett dåp eller ikkje skal reknast som medlem («tilhørig») når ein av foreldra er medlem, fram til det er 18 år. Foreldra bestemmer i prinsippet barna si religiøse tilknytning, men dei kan også ta eigne val når dei når den religiøse myndigrettsalderen som er 15 år. At foreldre tek religiøse val på vegne av barnet opplever mange som konfliktfylt i forhold til dagens individualistiske «velge-selv-ideologi». Tilsvarende problem kan dukke opp i forhold til barns deltaking i nattverd. Skal små barn delta i nattverden basert på foreldras tru? Eller bør dei vente til dei blir store nok til å velje og bestemme det sjølv? Den motsette relasjonen er også interessant: at barn utfører religiøse roller på vegne av foreldre eller andre vaksne. Rolla kan vere å inkludere foreldra ved å ta dei med til nattverd, men det kan også vere å gå på vegne av sine foreldre. Å sjå sitt barn gå til nattverd kan vere ein måte å delta i nattverden på.

*Ritualfelleskap:* Nattverd inneber samhandling, det er eit ritual som blir utført saman med andre. Kven er dei andre i sosiologisk forstand, kva typar ritualfelleskap oppstår under nattverd? Korleis påverkar barn nattverdsfelleskapet?

*Symbolisk innhald:* Eit ritual er handlingar med symbolsk innhald. I nattverdmåltidet er brødet og vinen noko meir enn brød og vin i eit vanleg måltid. Kva er den symbolske meininga med nattverdsmåltidet? Religiøse ritual blir ofte omtalt som heilage handlingar, handlingar som har med mennesket sitt forhold til det heilage. Korleis dette forholdet til det heilage kjem til uttrykk i ritualet, kan skje på ulike måtar. Eit ritual kan ha ei offisiell symbolsk meining ut frå ei kyrkjesamfunn si offisielle lære og rituelle tekster (til dømes innstiftingsorda for nattverden i Den norske kyrkja). Men ritualet si symbolske meining blir også prega av korleis seremonimeistrane introduserer ritualet (til dømes gjennom omtalen av nattverd i preiker og i invitasjonen til å delta). Dessutan ligg det i ritualet sin karakter at det er mangtydig når det gjeld symbolsk meining. Ulike aktørar som deltek kan legge ulik meining i ritualet. Ulike deltakarar kan delta på ulike premiss, dette forklarar noko av rituala si evne til å samle og inkludere.

*Ritual som regulering av mennesket sitt forhold til det heilage.* Dersom ritual er handlingar som regulerer mennesket sitt forhold til det heilage, tyder det at det ligg makt i rituala. «Det er makt i de foldede hender» har både ei religiøs og sosial og politisk tyding. Dei som utfører rituala kan ha makt til å definere meininga i handlingane og premiss for deltaking. Vi har tidlegare omtalt rituala sitt inkluderande potensiale ved at dei er mangetydige og kan samle deltakar som deltek ut frå ulike

premiss. Men ritual har også eit stort ekskluderande potensiale fordi dei som definerer innhaldet og administrerer ritualet kan bruke ritualekskludering til å avsperre grupper sitt tilgang til det heilage. Det er lett å sjå i kyrkjarahistoria at kyrkja hadde eit maktinstrument når den kunne nekte personar tilgang til nattverd. Tilsvarande kan ein seie at barn si tidlegare utestenging frå nattverden, kan tolkast som ein konsekvens av dei vaksne sitt makthegemoni i Den norske kyrkja.

*Ritual som kroppsleggjort erfaring.* Eit ritual som nattverden, inneheld i tillegg til det som blir sagt, også mykje ordlaus kommunikasjon. Ritualet talar til sansane, ikkje berre det kognitive. Nattverden er kroppsleg, den handlar om å gå fram, kanskje knele, ete og drikke. Opplevingane lagrar seg ikkje berre som intellektuelle minner om kva ein gjorde, men som fysiske kroppsleggjorte erfaringar om kva kroppen har vore med på (lukt av vin, klump i halsen, synet av alteret, lyden av orgelmusikk osv). Forsking tyder på at kroppsleggjorte erfaringar er av stor tyding for mennesket sitt forhold til eit ritual som til dømes ei nasjonaldagsfeiring (Brottveit, Hovland og Agedal 2004).

*Ritual og emosjonelle regime.* Ritual handlar også om kjensler. I følgje sosiologane Ole Riis og Linda Woodhead er ikkje kjensler noko som berre oppstår spontant hjå den einskilde. Kjensler har også ein kollektiv dimensjon ved at dei blir stimulert og regulert på ulike måtar i ulike situasjonar. For å kunne analysere dette fenomenet har dei introdusert omgrepet «emosjonelle regime». Slike regime regulerer «kva folk kan føle, korleis dei kan føle det, måten dei kan uttrykke sine kjensler på, og slik kva former for sosiale relasjonar og handlemåtar som er opne for dei» (Riis og Woodhead 2010: 10, vår oversetjing). Eit nærliggande norsk omgrep kan vere «stemning» når vi snakkar om korleis ulike sosiale settingar kan vere prega av ulike stemningar («17.mai-stemning», «julestemning», «gravferdsstemning»). Omgrepet kan vere aktuelt i forhold til nattverd som ofte utløyser sterke emosjonar og der det også kan ligge sterke føringar på kva emosjonar som er passande. Nattverden har tradisjonelt vore prega av tungt alvor. Er nattverden sitt emosjonelle regime i ferd med å bli endra og kva rolle spelar barn sin inngang i nattverden for «nattverdsstemninga»?

*Teori om ulike typar av ritual.* Det finst ulike sosiologiske klassifikasjonar av ritual, og ein måte å kome nærare forståing av nattverden på, kan vere å bestemme kva type ritual det her er snakk om. Eit eksempel på ein slik klassifikasjon er å skilje mellom overgangsriter, kalenderriter og kriseriter (Bremborg & Jarnkvist 2015: 93). Overgangsriter markerer overgang frå ein status til ein annan og er ofte knytta til ritualiseringar av overganger i livssyklus (fødsel, overgang barn-vaksen, skifte av sivilstatus, død). Dette er overganger som ofte har blitt markert gjennom religiøse ritual. Når det gjeld nattverden var den i Norge lenge knytt til overgangen frå barn til vaksen gjennom konfirmasjonsritualet. Mindre oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon og avvikling av tradisjonen med «konfirmantaltergang», har svekka tydinga av nattverd som ein del av eit overgangsritual. Barnenattverd fjernar aldersgrensa for nattverd i Den norske kyrkja og løyser den ytterlegare frå konfirmasjonsritualet. Dermed mister nattverden noko av sin status som overgangsritual. Kalenderriter er knytt til årssyklus og markeringar av denne. Jula er i dag den viktigaste religiøse kalenderriten i Norge. Nattverden kan også ha karakter av kalenderrite dersom nattverdgang blir kopla til bestemte deler av året. Eksempel på dette kan vere nattverdgang knytt til påska som er den delen av kyrkjeåret der ein særleg minnes innstiftinga av nattverden. Kriseriter er ritual som trer i kraft når samfunnet opplever uventa kriser som trugar samfunnsordenen. Det er vanleg å tolke slike riter som hendingar som skal samle samfunnet og bidra til at livet går vidare. Nattverd ser i liten grad ut til å bli brukt som kriserite i Norge i dag. Når ei ulukke rammer nasjonen eller lokalsamfunnet inviterer Den norske kyrkja til lystening, ikkje til nattverd. Og når nattverd vart ein del av den første store kyrkjelege

sorgmarkeringa etter 22. juli skapte dette debatt og kritikk. Grunnen til at nattverd i dag er lite brukt som kriserite er truleg at riter som skal fungere i ein slik situasjon må ha ein samlande karakter, noko nattverdsriten (i alle fall så langt) ikkje har.

Den svenske teologen og antropologen Martin Modéus har drøfta bruk av ritualteori på gudstenester og utvikla omgrep for ulike typar ritual i den samanheng som kan vere relevante for vår studie av barnenattverd (Modéus 2011). Han meiner at eit viktig utgangspunkt for å forstå rituala sin funksjon i kyrkja, er å spørje kva som er grunnen til at ein treng eit ritual. Erfaring viser at folk til dømes ønskjer å ritualisere store overgangar i livet som fødsel, død og overgang frå barn til vaksen. Slike store overgangar kallar han «tunge causa» og i slike overgangar blir som regel møtt med religiøse ritualiseringar (Modéus 2011: 49). Men det fins også lettare overgangar eller mindre hendingar som det er meir valfritt om ein vel å ritualisere. Modéus kallar slike hendingar for «lette causa». Ettersom folkekyrkja sin kontakt med befolkninga i stor grad er basert på rituelle markeringar, vil kyrkja i tillegg til å ritualisere dei store hendingane og overgangane (tunge causa), også prøve å gje folk grunnar til å kontakte kyrkja ved å ritualisere «mindre» overgangar og hendingar (lette causa). Det kan vere skulestart, skifte mellom årstider med meir. Perspektivet kan vere relevant for vår studie fordi det er blitt hevda at trusopplæringsarbeidet si breiddesatsing i stor grad har vore basert på ritualiseringar av livssyklus og årssyklus, og på å utvikle nye «lette causa» som skal gje barn og foreldre grunnar til å oppsøke kyrkja (utdeling av 4.-årsbok, 6.-årsbok, skulestartmarkering, juniorkonfirmasjon osv) (Høeg og Trysnes 2012: 50). Perspektivet reiser også spørsmålet om kva som er barnenattverdens si sosiale forankring eller causa. Ut frå hans perspektiv kan ein vanskeleg tenke seg nokon brei oppslutning om nattverd utan at folk opplever at dei har ei forankring i ein type situasjon eller hending der ein treng dette ritualet. (Modéus har også brukt ritualteori på barns rolle i gudstenesta som vi skal kome tilbake til seinare i analysedelen).

*Teoriar om religiøse fellesskapsformer.* Nattverden er eit ritual som blir utført i eit fellesskap, og dette aktualiserer spørsmålet om kva type fellesskap nattverdsfellesskapet er. Ein mykje brukt klassifikasjon av religiøse fellesskap er skilje mellom kyrkje og sekt som bygger på sosiologen Max Weber og teologen Ernst Troeltsch sine skrifter (Weber 1964, Troeltsch 1931). Skiljet er seinare modifisert og raffinert av mange andre teoretikarar og forsøkt tilpassa nye kontekstar. Det fell utanfor ramma av denne framstillinga å gå grundig inn på denne debatten, her skal vi berre trekke fram nokre hovudlinjer i tenkinga som vi meiner kan vere relevant for analyse av nattverdsfellesskapet. Først er det viktig å presisere at terminologien ikkje svarer til daglegtalet sin bruk av omgrepa. «Sekt» blir i daglegtalet ofte brukt negativt som eit namn på religiøse grupper som bryt med samfunnet, isolerer seg og i detalj regulerer medlemmene sine handlingar. I sosiologisk samanheng blir omgrepet brukt beskrivande utan å legge nokon vurdering av gruppa sine kvalitetar. Det er også slik at det ein i denne klassifikasjonen kallar «kyrkje» ikkje utan vidare fell saman med det som i daglegspråket blir omtalt som kyrkje. I sosiologisk forstand er kyrkje namnet på eit religiøst fellesskap som «omfatter alle eller praktisk talt alle innenfor et geografisk basert samfunn. Rekrutteringen er slik at nye generasjoner fødes inn i kirken» (Furseth og Repstad 2003: 167). Kyrkja tilpassar seg i stor grad til omgjevningane og stiller relativt moderate krav til medlemmene sin aktivitet. Medan kyrkjefellesskapet er eit majoritetsfellesskap er sekta eit minoritetsfellesskap. «Tilslutningen skjer gjennom bevisste avgjørelser fra enkeltindivider» (Furseth og Repstad 2003: 167). Sekta stiller større krav til sine medlemmer enn kyrkja når det gjeld aktivitetar og vilje til å bryte med normer og handlingsmønster i samfunnet rundt. Dette brotet blir ofte markert gjennom ei omvendning. I Norge er denne klassifikasjonsmåten vidareført og tilpassa norsk kontekst gjennom bruk av kategoriar som

«trusfellesskap», «folkekyrkje» (Lundby 1987, Hegstad 1996), «vedkjenningsfellesskap og «symbol- og ritualfellesskap» (Aagedal 2003). Skilje mellom religiøse fellesskap med sekt eller kyrkje-karakteristika er relevante for analyse av nattverd, fordi nattverden historisk har vore knytt til både majoritets- og minoritetsfellesskap og har fått ulik symbolsk meining innanfor desse ulike fellesskapa. Tidlegare forskning om nattverd i Norge har, som vi skal sjå, vore oppteken av om nattverden har vore ein rite innanfor eit «folkekyrkje-fellesskap» eller eit «trusfellesskap» (Sandvik 1998, Heggstad 1996). For å fange opp fleire skiljeliner i dagens kyrkjesituasjon, har klassifikasjonen også blitt utvida ved å innføre kategorien «aktivitetsfellesskap». Utgangspunktet for denne kategorien er at det oppstår fellesskap innanfor folkekyrkja som ikkje skil seg ut og identifiserer seg gjennom å vere dei «omvendte» eller «vedkjennande kristne». «Aktivitetsfellesskapet» er dei som skil seg ut gjennom å regelmessig delta i gudstenester og vere med å ta ansvar for kyrkja sin verksemd (Aagedal 2003: 98–99). Kategoriane vi har introdusert er relevante for analyse av nattverdstradisjonen, fordi det store nattverdsfallet kan forståast som ei endring som flytta nattverden frå eit inklusivt kyrkjefellesskap til eit eksklusivt trusfellesskap. Eit interessant spørsmål kan vere om innføring av barnenattverd kan bidra til ei reversering av denne endringa, der nattverden i større grad blir eit ritual for eit folkekyrkjeleg majoritetsfellesskap.

*Ritual og ulike typar av religiøsitet.* I forlenginga av teoriar om ulike typar av religiøse fellesskap kan vi også snakke om at religiøse handlingar kan ha ulik meining innanfor ulike religiøse fellesskap. Dette gjev grunnlag for å snakke om ulike typar av religiøsitet. Eit skilje vi vil bruke i analysen er skilje mellom kollektiv og individuell religiøsitet. Kollektiv religiøsitet er religiøsitet som inngår som ein del av tilknytninga til eit sosialt fellesskap, slik som nasjon, lokalsamfunn, slekt og familie. Religiøsiteten er ei side ved medlemskapet i desse fellesskapa, å ikkje delta i religiøse riter er ikkje bere eit religiøst avvik, det er også eit sosialt avvik og eit brot med fellesskapet. På nokre stader kunne til dømes det å ikkje delta i konfirmantaltegang bli betrakta som skammeleg. «Men om man var så 'forherdet' at man ikke deltok i konfirmantaltegangen», vart ein i følgje ein informant «ansett for å komme fra et dårligere hjem» og det var meir akseptert «å få det hele unnagjort og så skygge unna deretter» (Torsvik Giesemann 2011: 64). I den gamle nattverdstradisjonen var nattverden ein kollektiv rite som majoriteten deltok i og som ein ofte deltok i kollektivt (som husstand/familie). Etter «nattverdfallet» vart det å gå til nattverd eit individuelt val. Opnar barnenattverd for ein meir kollektiv måte å feire nattverd på ved at ein kan gå familievis og ved at det individuelle «truskravet» for deltaking kan bli endra eller omdefinert?





## 4 TIDLEGARE FORSKING

### 4.1 FORSKING OM DEN KOLLEKTIVE NATTVERDSTRADISJONEN OG «DET STORE NATTVERDFALLET».

Fram til 1903 var det formelt nattverdttvang i Noreg, og det var vanleg å gå til nattverd ein eller to gonger i året (Skarsaune 2018: 242). Innføringa og praktiseringa av barnenattverd skjer nesten hundre år seinare i ein periode der nattverdstradisjonen er blitt individualisert. Men spor etter den kollektive nattverdstradisjonen lever vidare og spenningar mellom ein kollektiv og individualistisk tradisjon, er relevant for å forstå debatten rundt barnenattverd.

Den kollektive nattverdstradisjonen er skildra i kyrkjehistoriske og religionsvitskaplege framstillingar som ein del av ein kollektivistisk religionsform (Amundsen 2005). Her skal vi primært referere til to framstillingar. Teologen Sevat Lappegard har i artikkelen «Bygdekyrkja» brukt nattverdgang som utgangspunkt for å skildre ein kollektiv kyrkjeleg tradisjon (Lappegard 1986). Som eksempel brukar han nattverdgang på Dovre ein søndag i 1859. Datagrunnlaget er kommunikantprotokollen som er ei unik kjelde fordi den ikkje berre viser kor mange som gjekk til altars, men kven dei var og kven dei gjekk saman med. Han dokumenterer at altergangen var massiv og kollektiv: Så godt som alle vaksne gjekk denne eller ein av dei andre søndagane i året med nattverd, og familien og hushaldet gjekk saman. Han viser også at nattverdsgangen fylgde skifte i årsrytmen på garden (dei fleste gjekk om våren og hausten) og at den såleis også fekk karakter av ei kalenderrite. Lappegard dokumenterer også korleis denne tradisjonen bryt saman på slutten av 1800-talet, men at konfirmantaltegang (der alle konfirmantar går til nattverd) blir igjen som ein rest frå den kollektive tradisjonen.

Teologen Bjørn Sandvik sin studie av «det store nattverdfallet» er den mest omfattande studien av endringar i nattverdstradisjonar i Norge (Sandvik 1998). Temaet for studien er oppløysinga av den kollektive nattverdstradisjonen på overgangen frå 1800- til 1900-talet og kva årsaker som ligg bak denne. Sandvik er teolog, men brukar også sosiologiske omgrep og teori i sin analyse. Han er oppteken av forholdet mellom religiøs tru og sosiale mønster i samfunnet og spørsmålet om på kva måte religiøsitet kan kvile på eit sosialt fundament (plausibilitetsstruktur) av tradisjonar og vaner (Berger 1974, Sandvik 1998: 2). Den allmenne altargangen fram mot slutten av 1800-tallet kvilte både på lovgeving og ein etablert tradisjon.

Han meiner det er fleire årsaker bak «det store nattverdfallet». Ei årsak er moderniteten sitt gjennombrot med ein individualisme som kritiserte religion som nedarva tradisjon. Ei anna er nye strøymingar i teologi og kyrkjeliv. Pietisme og vekkingskristendom meinte at religiøs tru måtte bygge på ei overtyding og eit val hjå den einskilde: Ein kritiserte den kollektive religiøsiteten som berre «vane» og ei «utvendig tru» som ikkje gav grunnlag for frelse. Også mange prestar vart prega av vekkingskristendomen sitt nattverdssyn og åtvare mot «vanealtergang» i si forkyning. Sandvik meiner derfor at ein vesentleg grunn til nattverdfallet er ei aktiv kyrkjeleg «avsperring» av nattverden som ekskluderte store deler av medlemmene i Den norske kyrkja. Han meiner denne avsperringa har sett varige spor i befolkninga si oppfatning av nattverden og at denne oppfatninga har prega nattverdspraksisen, lenge etter at den aktive avsperringsforkynninga tok slutt (jamfør eksempelet frå Utsira i kapittel 1). Sandvik operer med eit vidt teologiomgrep der «teologiproduksjon» er noko som

føregår der det skjer refleksjon over religiøs praksis (Sandvik 1998:3). I vår samanheng kan det tyde at vi ser på kva ny «teologiproduksjon» som skjer når ein reflekterer over den nye praksisen med barn si deltaking i nattverd. Sandvik sin studie fokuserer på endringane i nattverd under «det store nattverdfallet» og analyserer ikkje dagens nattverdspraksis inkludert barnenattverd som nyleg var innført når boka vart skriven. Men han hevdar, som vi har nemnt tidlegare, at innføring av barnenattverd er eit tiltak som vil få store konsekvensar som vi enno ikkje ser rekkevidda av (Sandvik 1998: 248).

## 4.2 FORSKING OM INDIVIDUALISERT NATTVERDSTRADISJON OG NATTVERDGANG SOM VEDKJENNING

Den svenske sosiologen Gøran Gustafsson kommenterer i ein artikkel i 2003 mangelen på religionssosiologisk forskning om nattverd i Norden. Ein har omfattande data om talet på nattverdsgjester basert på den årlege kyrkjestatistikken, men dette er data om nattverdshandlingar ikkje om individ. Ein manglar derfor opplysningar om kor mange og kva personar som står bak desse nattverdshandlingane, kor ofte dei går og kvifor dei går (Gustafsson 2003: 97). Den forskinga vi skal gjennomgå om den nyare nattverdstradisjonen i Norge er stort sett forskning der nattverd inngår som eit av fleire tema i ein breiare studie.

### *Regionale og lokale variasjonar*

I sin studie av «det store nattverdfallet» har Bjørn Sandvik også sett på regionale variasjonar i nattverdfallet. Det regionale perspektivet er også inne i Harald Hegstad sin studie av endringar i religiøs tru og praksis i tre kyrkjelydar i Den norske kyrkja (Hegstad 1996). Utvalet av kyrkjelydane er valt ut slik at dei skal representere ulike typar kyrkjelydar (sjå teorikapittelet). Han følgjer utviklinga fram mot midten av 1990-talet. Den fangar derfor i liten grad opp endringa med barn sin tilgang til nattverd, den omhandlar mest den fasen der nattverd er ei vedkjenningshandling for vaksne. Men studien er interessant for vårt tema fordi den skildrar dei etablerte tradisjonane som innføringa av barnenattverd møter og korleis desse nattverdstradisjonane kan variere i ulike delar av landet.

*Nattverd i folkekyrkjebygd:* Mære sokn i Nidaros Bispedømme. Mære er frå gammalt ei jordbruksbygd og dette pregar, i følgje Hegstad, soknet framleis. Han omtaler soknet som prega av ein folkekyrkjeleg kultur der kyrkjekristendomen har inngått som ein del av allmennkulturen og der innslaget av vekkingskristendom og bedehuskultur har vore avgrensa. På slutten av 1800-talet var Mære prega av ein kollektiv nattverdskultur. Inntil 1860 var det vanleg å gå to gonger i året og denne kollektive tradisjonen heldt seg lenger her enn mange andre stader. Frå cirka 1900 blir konfirmantaltegang etter kvart den dominerande form for nattverdgang og nattverdsriten endrar karakter frå årsrite til ein overgangsrite knytt til livsfasar som ved overgang frå barn til vaksen (konfirmasjon) og ved død (ein som berre har gått til nattverd som konfirmant, seier at han også kunne tenke seg å be om nattverd når han ligg for døden). Konfirmantaltegangstradisjonen held seg lengre enn mange andre stader, men på 1980-talet blir den raskt avvikla som kollektiv tradisjon og konfirmantar sin nattverdgang får ei ny meining. Den blir ikkje noko som alle skal delta i berre ein gong, nattverd blir i staden introdusert som noko ein kan delta i regelmessig. Eit mindretal av konfirmantane går til nattverd, nattverdgangen er blitt individualisert. I same perioden går talet på nattverdsgudstenester opp, men delen av befolkninga som går til nattverd er lågt. Unntaket er ein ny praksis som blir introdusert i 1991 og omtalt som «vandrande nattverd», der dei som er til stades går i prosesjon rundt alteret og dei som ønskjer det

«kan motta nattverdelementene i det de passerer», og der 300 av dei 350 mottok nattverd (Hegstad 1996: 62). Det er rimeleg å sjå dette som ei ny form for kollektiv nattverd. Når ein går fram på denne måtens skil ein seg ikkje ut slik ein gjer det ved ein meir tradisjonell nattverd, der berre eit mindretal går fram. I Hegstad sine intervju frå Mære er det fleire som omtaler det som ubehageleg å bli observert som ein som går fram til nattverd og dermed bli identifisert som ein som trur seg å tilhøyre gruppa særleg «religiøse» (Hegstad 1996: 63--64).


*Nattverd i bedehusland:* Varhaug sokn i Stavanger bispedømme. I følge Hegstad er dette eit sokn der dåpen er eit samlande sakrament på den måten at dei fleste er døypt og medlemmer av Den norske kyrkja, men nattverden er eit splittande sakrament, både mellom kyrkja og bedehuset og innanfor bedehusmiljøet. Indremisjonsforbundet (tidlegare Vestlandske Indremisjonsforbund) er kritiske til den kyrkjelege nattverdstradisjonen med nattverden som eit sakrament ope for alle, medan andre av organisasjonane på bedehuset har eit meir positivt syn på nattverden i kyrkja. Bedehusfolket har representert ein vesentleg del av gudstenestekyrkjelyden og ein stor del av dei som går til gudsteneste går også til nattverd (84 prosent i 1993). Det var då vanleg med nattverd annankvar søndag, men ikkje på dei mange familiegudsteneste. I Varhaug ser det ut til at nattverdangang er ei vedkjenningshandling som skil nattverdskyrkjelyden ut frå den folkekyrkjelege dåpskyrkjelyden, men der «nattverdskyrkjelyden» ikkje er så forskjellig frå den faste gudstenestekyrkjelyden.

*Nattverdsvekst og senka terskel:* Kolbotn kyrkjelyd i Borg bispedømme. Kolbotn kyrkjelyd som ligg i Oppegård, ein nabokommune til Oslo, er den mest urbaniserte av dei tre kyrkjelydane. Denne kyrkjelyden har hatt nattverdsvekst i den forstand at talet på nattverdsgjester har vakse meir enn talet på gudstenestebesøkande. Sjølv om dei fleste nattverdsgjestene kjem frå «kjernemenigheten» er det også teikn til at terskelen for å gå til nattverd er i ferd med å bli senka. Ein av grunnane til dette er truleg det som er temaet for dette prosjektet, at det er blitt vanleg at barn deltek i nattverd (Hegstad 1996:280). Dette endrar i følge Hegstad noko av nattverden sin karakter av vedkjenningshandling.

#### *År 2000. Nattverden var dårleg likt*

I ein survey gjennomført av KIFO i 2000 blir eit representativt utval av befolkninga bedt om å vurdere kva sider ved gudstenesta dei set pris på. Av dei 12 alternativa som blir nemnde hamnar nattverden på nest siste plass (Høeg 2001: 51).

**Figur 1** Positiv vurdering av sider ved gudstjenesten. «Er det noen sider ved gudstjenesten du liker godt? Hva setter du i så fall mest pris på?»




Kjelde: Folkekirke 2000 (sjå Høeg, Hegstad og Winsnes 2000). Oppgitt i prosent. N = 1945 . Fleire kryss mogelege.

Når vi fordeler vurderingane på landsdel kjem det fram tydelege regionale variasjonar der nattverden blir høgast vurdert i Agder og lågast vurdert i Trøndelag og på Austlandet (utanom Oslo og Akershus) (Høeg 2001:55). Skilnadene høver inn i bilete av at den individualistiske nattverdstradisjonen passer best inn i bedehusland som er prega av vekkingskristendom og dårlegaste inn i dei folkekyrkjelege regionane (Austlandet og Trøndelag) som er prega av ein meir kollektiv religiøsitet.

#### *1993–2017. Færre gudstenester, men fleire med nattverd*

Sjølv om kyrkjestatistikken ikkje seier noko om kor mange personar som går til nattverd og kven dei er, kan statistikken likevel gje oss interessant informasjon om endringar i bruken av nattverd. Om vi ser på dei 25 år som er gått sidan barnenattverd vart innført, er to endringar tydelege. Det er blitt vanlegare å ha nattverd i Den norske kyrkja, og talet på nattverdsbesøk har stege. Dette gjeld både i absolutte tal, men endå meir i relative tal samanlikna med talet på gudstenester og gudstenestebesøk.

**Figur 2 Antall gudstjenester og antall gudstjenester med nattverd i 1993 og 2017**



Kjelde: Årbok for Den norske kyrkje 1994/Årsstatistikk for Den norske kirke 2017

**Tabell 1 Antall gudstjenester og antall gudstjenester med nattverd i 1993 og 2017**


	1993	2017
Antall gudstjenester	73 245	61 000
Antall gudstjenester med nattverd	27 655	32 791

Kjelde: Årbok for Den norske kyrkje 1994/Årsstatistikk for Den norske kirke 2017

Når det gjeld det første, auken i tilbudet om nattverd. Har talet på gudstjenester med nattverd stege frå 27 655 i 1993 til 32 791 i 2017. Til samanlikning ser vi at talet på gudstjenester har gått ned i same perioden frå 73 245 til 61 000. Det inneber at andelen av gudstjenester som har nattverd har stege frå 38 prosent i 1993 til 54 prosent i 2017, nattverd i gudstjenester er med andre ord blitt meir vanleg.

## 1993–2017. Færre gudstenestedeltakarar, men fleire nattverdsgjester

Figur 3 Antall gudstjenestedeltakere og nattverdsgjester 1993 og 2017



Kjelde: Årbok for Den norske kyrkje 1994/Årsstatistikk for Den norske kirke 2017

Ser vi endringar i talet på nattverdsgjester i same periode har det auka frå 1 182 655 i 1993 til 1 305 210 i 2017, ein auke på 10 prosent. Utviklinga av gudstenestebesøk har vore motsett med ein nedgang frå 7 107 140 i 1993 til 5 454 826 i 2017, ein nedgang på 23 prosent. Det tyder at forholdstalet mellom nattverdsbesøk og gudstenestebesøk har endra seg i løpet av dei 25 åra i retning av at nattverdskyrkjelyden i dag utgjør ein større del av gudstenestekyrkjelyden.

### 4.3 ANDRE STUDIAR

Det fins lite tidlegare forskning om bruk av nattverd innanfor trusopplæringsarbeidet, men ein studie som tek opp dette temaet er Høeg og Trysnes sitt prosjekt om trusopplæringa sitt samarbeid med heimen (Høeg og Trysnes 2012). Dei er mellom anna opptekne av korleis nattverd kan framstå som «uforståelig og annerledes for kirkefremmede foreldre» og at «praktisering av barnenattverd synleggjør pluraliteten hos deltakerne i trosopplæringa» (Høeg og Trysnes 2012: 55). Barnenattverd kan splitte familiar ved at barn deltek og foreldre ikkje, og den kan splitte kyrkjelyden ved at nokon deltek og andre blir sitjande. For å unngå uheldige konsekvensar av den nye nattverdstradisjonen, legg dei vekt på at ikkje berre barna, men også foreldra får god informasjon om kva nattverden er.

I masteroppgåva «Til alters» har Lisbeth Torsvik Gieselmann gjort ein empirisk studie av korleis folk opplever nattverden i to nabokyrkjelydar (Torsvik Gieselmann 2011). Studien er av fleire grunnar interessant for vårt prosjekt. Den illustrerer kor store variasjonane i nattverdiskultur kan vere sjølv mellom to nabokyrkjelydar ved at den eine har ein høg del av dei gudstenestebesøkande som går til nattverd og den andre liten. Den utfyller også empirien frå vår studie ved at den har intervjuet kyrkjegjengarar i aldersgruppa 45–84 år, medan vi primært har snakka med tilsette og yngre foreldre. Sidan studien er av relativt ny dato er også temaet barn og nattverd omtalt.

Kyrkjehistorikaren Oskar Skarsaune har drøfta dåpen og nattverden sin plass i statskyrkja og dagens folkekyrkje (Skarsaune 2018). Han viser korleis dåpen beholdt sin plass som rite i folkekyrkja, medan nattverden forsvann ut og vart eit sakrament berre for den faste gudstenestekyrkjelyden eller det vi har omtalt som, trusfellesskapet. Han analyserer spenninga mellom dei ulike «kyrkjelydane» i Den norske kyrkja: folkekyrkjelyden, gudstenestekyrkjelyden og nattverdskyrkjelyden. Skarsaune hevder at det er eit samspel mellom kyrkjeleg praksis og teologi der det skjer ein «teologiproduksjon» som også er styrt av interessa for å oppretthalde Den norske kyrkja som nasjonal majoritetskyrkje. Dette blir også styrande for kva plass og tolking sakramenta dåp og nattverd får innanfor denne kyrkja. Skarsaune analyserer ikkje barnenattverd og dåpsopplæring i denne samanheng, men perspektivet hans kan vere interessant for tolkingar av endringar i nattverdssyn og nattverdspraksis.

### *Forskning om barn og ritual*

Så langt vi kjenner til er det gjort lite empirisk forskning om barn sitt forhold til nattverd. Vi vil derfor utvide perspektivet og også sjå på forskning om barn sitt forhold til andre ritual som vi meiner kan vere av interesse for vårt prosjekt. Aktuelle problemstillingar vil vere forskning om inkludering og ekskludering av barn i ritual, om barn si forståing og praktisering av ritual og om korleis barn lærer ritual. Andre problemstillingar kan være barn sine symbolske roller i ritual, kva typar av symbol kan barn representere og korleis kan barn si deltaking endre meininga i ritual. Dette aktualiserer også det som blir kalla «vikarierende religiøsitet» (Davie 2007), at barn utfører religiøse roller på vegne av foreldra. (Desse problemstillingane er nærare drøfte i kapitlet «Barnet som symbol» i Hegstad, Selbekk og Agedal 2008: 143–149). Når det gjeld eksempel på forskning av barns roller i ritual har den polsk-norske antropologen Nina Witoszek analysert barnetoget i den norske nasjonaldagsfeiringa som ikkje berre kan forståast som eit ritual for barn, men som sjølv hovudsymbolet i feiringa (Witoszek 1998). «Det er like viktig for de som ser på, som for de som går i toget. Det gir mening å si at voksne og særlig foreldre og slektninger feirer dagen gjennom barnas representasjon i toget» (Hegstad, Selbekk og Agedal 2008: 145). Eit liknande perspektiv er brukt i analysen av barna sine minnehandlingar på Slottsplassen ved Kong Olavs død i 1991 (Agedal 1994, Bringaker 1992). Gjennom bruk av lystenning og teikningar utførte barn eit minneritual etter kongens død som også var ei ritualisering på vegne av voksne, som primært fungerte som hjelparar og tilskodarar til det som skjedde. Både på 17. mai og i denne hendinga er det rimeleg å sjå på barnet som symbol på framtid, håp og fornying. Det er nærliggande å bruke tilsvarende perspektiv på barn si nye rolle i nattverden. Bringaker har hevda at den merksemda som barn sine kulturuttrykk fekk ved Kong Olavs død, hang saman med ein auka interesse som kom på 1970- og 1980-talet for barnekultur og for barna som skapande kulturaktørar (Bringaker 1992: 89–102). Tilsvarende kan ein kanskje seie at det auka engasjementet for barnenattverd har gått saman med ei auka interesse for barnet som religiøst subjekt og for barneteologi (Kaul 1985, Tveito Johnsen 2007).





## 5 METODE

Prosjektet studerer eit fenomen (barnenattverd) som er lite forska på tidlegare. Vi visste lite om korleis nattverden for barn vart grunnjevne, introdusert og praktisert, korleis barn reagerte på å delta, kor vanleg det var blitt at barn deltok osv. Dette tydde at det var mange spørsmål vi måtte prøve å finne svar på for å danne oss eit bilete av denne nye nattverdstradisjonen, både for å forstå fenomenet og for å kunne seie noko om kor vanleg det var blitt.

### 5.1 KVALITATIV TILNÆRMING: DELTAKANDE OBSERVASJON OG KVALITATIV INTERVJUING

For å forstå fenomenet starta vi med ei kvalitativ tilnærming der vi valde ut nokre eksempel-kyrkjelydar og vitja desse gjennom feltarbeid for å sjå på korleis nattverd for barn gjekk føre seg i desse kyrkjelydane. Eit første kriterium for å velje kyrkjelydar, var at vi ville ha stader der vi visste at barnenattverd vart praktisert slik at dei hadde erfaringar vi kunne studere. Eit neste kriterium var at vi ville at det skulle vere ein viss variasjon mellom stadane når det galt demografi og kultur. Derfor valde vi ein kyrkjelyd i ein større by («Østby kyrkjelyd») og i ein småby i rurale omgjevnader («Landby») der dei trusopplæringstilsette kunne fortelje oss noko både om barnenattverd i sentrumskyrkjelyden og i bygdene rundt. For å få vite meir om barnenattverd i ein bygdekontekst trakk vi også inn nokre eksempel om barnenattverd frå ein kyrkjelyd i ei lita bygd («Fjordbygd»). Frå tidlegare forskning visste vi at nattverdsyn og nattverkspraksis kunne variere mellom religiøse kulturregionar i Norge. Stadsamlinga vår mangla eksempel frå «bibelbeltet» eller det som også har blitt kalla «bedehusland». Vi hadde ikkje ressursar til å gjennomføre eit eige feltarbeid i ein kyrkjelyd i eit slikt område. Men for å kompensere noko på denne mangelen, gjorde vi eit «ekspertintervju» med styreleiar for Normisjon som er ein av dei store kristne organisasjonane innanfor Den norske kyrkja. Vi spurde han om syn og praksis når det gjaldt barn og nattverd i «bedehusland». Sjølv om utvalet er gjort med tanke på å få erfaringar frå ulike typar av kyrkjelydar, har vi ingen ambisjonar om at desse skal vere representative for by-land-variasjonar i Norge eller representere eit Norge i miniatyr når det gjeld barnenattverd. Dei er berre eksempel på ulike kontekstar for den nye nattverdstradisjonen.

Som datainnsamlingsmetodar i den kvalitative delen har vi brukt deltakande observasjon og interjuving. Vi har delteke på gudstenester og trusopplæringsarrangement der det har blitt informert om nattverd eller der nattverd for barn har blitt praktisert. I tillegg til observasjon har vi intervju tilsette i kyrkjelydane og foreldre til barn som har delteke. Intervjua er baserte på eit semistrukturert opplegg med ein intervjuguide med ei liste over tema og spørsmål, men der intervjuaren hadde stor fridom til å følgje opp nye interessante tema som kom opp under intervjuet. Særleg gjeld dette episodar der informantane fortel om kva barn har sagt og gjort i møte med nattverden. Vi har gjort lydopptak av lengre intervju og transkribert desse. Feltarbeida i Østby og Landby er gjort i 2017 og 2018, medan eksempelet frå Fjordbygd bygger på ubrukte feltnotater frå eit tidlegare feltarbeid om trusopplæring i 2011 der hovudfokus ikkje var barn og nattverd.

Opplegget for datainnsamling og analyse er godkjent forskningsetisk og juridisk av NSD (Norsk Senter for forskningsdata). Opplysningar om stader og personar er anonymiserte ved å fjerne eller endre namn som kan bidra til identifisering. Her vil det vere dilemma når det gjeld kva opplysningar som let seg endre utan at det går ut over forståinga av den samanhengen vi skildrar. Unntaket frå

anonymiseringa i rapporten er to lengre ekspertintervju med informantar med særleg kunnskap om feltet. I det det eine tilfellet handlar det om utviklinga fram mot barnenattverd der vi har intervju Hans Arne Akerø som deltok i denne prosessen. I det andre tilfellet handlar det, som nemnt, om barnenattverd i «bedehusland» der vi intervju styreformann i Normisjon Tormod Kleiven. I desse intervju har det har lege i intervjuavtalen at teksten ikkje ville bli anonymisert og informantane har fått intervjuutskrift for sitatsjekk.

## 5.2 KVANTITATIV TILNÆRMING: ELEKTRONISK SURVEY TIL TRUSOPPLÆRINGSTILSETTE

Gjennom feltarbeida fekk vi nærare kjennskap til tenkinga bak barnenattverd og eksempel på måtar nattverd for barn vart praktisert på. Men vi var også interessert i å få vite kor vanleg denne nye praksisen var blitt og korleis den kunne variere frå stad til stad. Vi brukte den kunnskapen vi hadde fått om barnenattverd frå den kvalitative delen til å formulere spørsmål i eit spørjeskjema som gjekk ut til eit større utval av informantar. Gjennom Kyrkjerådet fekk vi tilgang til ei nasjonal epost-adresseliste over trusopplæringstilsette (også kalla «trusopplærarar») og sende ut eit elektronisk spørjeskjema til desse. I den elektroniske surveyen vart dei tilsette både brukte som informantar om praksis og spurde om eigne haldingar til barnenattverd. Skjemaet var sendt ut med ei purring. 218 av dei 545 som fekk skjemaet svarte, ein svarprosent på cirka 40 prosent som er relativt vanleg for denne type studiar. Dei som hadde svart på skjemaet, svarte grundig. Surveyen inneheldt også spørsmål som ein kunne gje kvalitative svar på. Desse vart ofte utfylt med omfattande kommentarar slik at surveyen også gav oss eit interessant kvalitativt materiale. Både utfyllinga og kommentarane tydde på at temaet engasjerte og at spørsmåla fungerte.

## 5.3 AVGRENSINGAR OG FEILKJELDER I DET METODISKE OPPLEGET

I forhold til det omfattande temaet er dette ein liten studie med fleire avgrensingar og moglege feilkjelder. For vurderinga av resultata er det viktig å ha kjennskap til nokre av desse. Når det gjeld surveyen er det klart at det ville vore ønskjeleg med ein høgare svarprosent. Vi veit ikkje korleis svara til dei cirka 60 prosent som ikkje har svart, ville ha påverka sluttresultatet. Ein peikepinn om dette kunne vi ha fått om vi hadde hatt bakgrunnsopplysningar om dei som ikkje svarte samanlikna med dei som svarte. Då kunne vi ha samanlikna og vurdert kor like eller ulike desse to gruppene var, men slike opplysningar manglar vi for å vurdere representativitet. Ei anna innvending kan dreie seg om val av type respondentar i surveyen. Kor gode informantar er dei trusopplæringstilsette når det til dømes gjeld nattverdspraksis i deira kyrkjelyd? Det er jo ikkje den yrkesgruppa i kyrkja som har mest med nattverden å gjere, sokneprestane og kyrkjetenarane ville kanskje vere sikrere informantar om dette. Når det gjeld syn på nattverdspraksisen kan ein jo også seie at det er meir interessant å høyre kva prestane meiner sidan det er dei som har ansvar for forretting av nattverden.

Til desse innvendingane må det seiast at val av respondentar må sjåast i forhold til temaet for prosjektet som er barnenattverd og barnenattverden sin plass i trusopplæringa. Sjølv om ikkje dei trusopplæringstilsette er dei som innstiftar og forrettar nattverden, er det dei som introduserer og legg til rette for nattverden si innpassing i trusopplæringsarbeidet. Dei deltek også i mange av dei samanhengar der barn deltek i nattverd. Derfor sit dei med informasjon og erfaringar om dette temaet som prestane vil mangle. Det kunne vore interessant å innhenta surveydata frå fleire yrkesgrupper i kyrkja, men når vi berre hadde ressursar til å gjennomføre ein survey var dei trusopplæringstilsette

den naturlege gruppa å velje. Andre yrkesgrupper sine erfaringar prøvde vi å fange opp noko av gjennom kvalitative intervju.

Når det gjeld den kvalitative tilnærminga i prosjektet, som består av casestudiar med deltakande observasjon og intervjuing, har også prosjektet fleire veikskapar. Det er rimeleg å sjå på denne delen som ei eksempelsamling, men eksempla kunne vore fleire og dekkja betre det feltet vi undersøker. Vi har primært vitja to stader og delteke på arrangement og snakka med informantar på desse stadane. I forhold til vår førehandskunnskap om nattverdstradisjonar ser vi at vi gjerne også skulle hatt ein eksempel-kyrkjelyd frå eit område prega av lekmannskristendom og bedehuskultur. Når det gjeld talet på informantar vi har snakka med, hadde det sjølvsagt vore ønskjeleg og høyrte fleire røyster. Særleg gjeld det foreldre som sjeldan går i kyrkja og har lite erfaring med nattverd tidlegare som har vore vanskelegaste å få tak i til intervjuing. Når problemstillinga er «barnenattverd» ville det også vere naturleg og ønskjeleg å intervju barn om deira erfaringar med nattverd. Vi har observert barn under nattverd og gjennom historier og sitat formidla av vaksne fått eksempel på barn sine reaksjonar. Det ville hatt stor interesse å høyre barn sine eigne forteljingar, men intervjuing av barn såg vi på som så krevjande, både når det gjeld metode og personvern, at vi valde å ikkje prioritere det i dette prosjektet. For seinare forskning om temaet vil samtaler med barn vere ei viktig tilnærming og vi trur at nokre av eksempla frå vårt prosjekt kan vere eit godt utgangspunkt for hypotesar og spørsmål i ei slik forskning.



## 6 BARN OG NATTVERD I LANDBY

### 6.1 STADEN VI SKAL TIL: BYGDEBY I FOLKEKYRKJELEG REGION

Landby er ein innlandskommune. Folketalet i Landby har vore jamt stigande og er i dag på kring 20 000. Dei fleste av desse bur i kommunesenteret som er ein bygdeby med 15 000 innbyggjarar. I bygdene rundt senteret er det eigne barneskular, men frå 8.trinn samlast borna i skule i kommunesenteret.

I tillegg til Landby kyrkje, som ligg i kommunesenteret, har Den norske kyrkja fire andre kyrkjer og kyrkjelydar i kommunen. Landby ligg i ein region prega av folkekyrkjeleg kultur (sjå kapittel 3). Medlemskapet i Den norske kyrkja er på 80% som er over landsgjennomsnittet. 7 prosent av dei som bur i kommunen tilhøyrer andre kyrkjer eller livssynssamfunn. Den norske kyrkja har tilsett to kyrkjelydspedagogar i fulle stillingar som har ansvar for trusopplæringsarbeidet i kommunen. Den eine har ansvar for arbeidet i tre av bygdekyrkjene, den andre for sentrumskyrkja og ei av bygdekyrkjene. Når det gjeld feltarbeidet og deltakande observasjon har vi avgrensa oss til kyrkjelyden i kommunesenteret, men i intervju har vi også spurt om trusopplæring i bygdekyrkjene for å sjå på variasjonar og samanlikne.

#### *Feltarbeidet*

I sentrumskyrkjelyden skal vi vere med på den årlege utdelinga av 4-årsbok med eit førebungsarrangement på laurdag og gudsteneste med utdeling av boka på søndag. Grunnen til at vi har valt dette er at det i samband med 4-årsbok skal orienterast om nattverd på laurdag og feirast nattverd i gudstenesta på søndag. I tillegg til å vere med på desse arrangementa har vi intervju dei to kyrkjelydspedagogane som har ansvar for trusopplæringa, soknepresten og ein kantor som har særleg ansvar for korarbeid. Sidan dei har ulike stillingar og utgangspunkt i forhold til barnenattverd vil vi presentere kvar av informantane sine skildringar av barnenattverd for seg. Vi har også intervju nokre av dei foreldra som følgjer barna på 4-års arrangementa og deira synspunkt vil vi presentere til slutt.

### 6.2 FIRE-ÅRSBOK MED NATTVERD

#### *Laurdagssamling for 4-åringar*

Det er første helga i advent og vi skal være med på laurdagssamling for 4-åringar i Landby kyrkje der dei skal «øve» til søndagsgudstenesta der det skal vere utdeling av 4-årsbok. I søndagsgudstenesta skal det også vere nattverd og på laurdagssamlinga skal ein snakke om dette. Når vi kjem til kyrkja litt før klokka 13 på laurdag er klokkaren og kyrkjelydspedagogen på plass. Snart kjem det inn foreldre med barn og kyrkjelydspedagogen set seg ned på huk ved inngangsdøra for å ønske barna spesielt velkomne. Ho smiler og spør kva dei heiter og ønskjer dei velkommen. Foreldra set seg i benkane, medan barna blir med pedagogen til «kyrkjetorget», eit ope rom fremst i midtskipet, der benkeradene har blitt fjerna for å gje plass til nye element i gudstenestene (kor, flygel, julekrybbe, lysglobe).

På «kyrkjetorget» er det lagt ut puter på golvet som barna kan sitje på. Det er sju barn som har kome og vi får vite at kanskje kjem nokre fleire i morgon. Pedagogen byrjar med å fortelje litt om kyrkja og kyrkjerommet. Ho seier at på tårnet ser vi at dette huset er en kyrkje og at inne i tårnet er det klokke som skal ringe i morgon. Dei ringer alltid når det er gudsteneste så alle i Landby kan høyre: «Kom! Kom!». Ho spør om dei veit kven som eig denne kyrkja og seier at det er alle i Landby, «dere også. Det er din kirke». Så snakkar ho om kyrkjeromet. Ho ber dei om å sjå opp på englane – små skulpturar høgt oppe på veggane fleire stader, nesten i taket. Så ber ho dei om å sjå på lysekronene som lyser opp kyrkja. Hun peikar på gullmalinga som er fleire stadar på interiørdekorasjonane. Dei får også gå opp i preikestolen og sjå utover i kyrkjerommet. Dei får også sjå og ta på døypefonten – til og med kjenne med handa oppi den. «Noen av dere er kanskje døpt her» sier ho. Ein tur bak i sakristiet er også inkludert, og ein tur opp på galleriet. Eit par av barna får lyst og springe litt fram og tilbake og får lov til det.

Ho seier at det er første søndag i advent i morgon og at det då er tre veker igjen til julekvelden. På søndagen skal dei tenne det første lyset i ein adventsstake. Ho viser ein adventsstake som ho har henta fram. Ho seier deretter at dei skal få tenne det første lyset i dag, sjølv om det eigentleg er i morgon det er. Det må dei ikkje seie til nokon at dei har gjort. Ho held peikefingeren framfor munnen som om ho «hysjar». Barna ser ut til å fryde seg over dette litt ulovlege som dei er med på.

Så fortel ho om Jesusbarnet og juleevangeliet. Ho dramatiserer det med å bruke heile seg. Julekrybba står oppført i full menneskestorleik like ved dei, så dei får gå bort og sjå på den. Jesusbarnet som ligg i ei krybbe blir dei mest interessert i. Dei kjenner på høyet som barnet ligg på. Ho snakkar om stjerna over stallen og spør om dei kanskje også har ei julestjerne heime. Så lagar dei ei stjerne som barna får med seg heim.

Barna blir forklart at på søndag skal det vere nattverd, at dei skal få brød og vin, om dei vil det. Dei kan spørje foreldra sine om det. Dei treng ikkje å duppe brødet, som er ein liten kjeks, i vinen viss dei ikkje vil det. Dei får sjå kalken som vinen skal vere i (den er tom nå), og så får dei sjå oblat og smake ein liten bit av ein oblat. Barna verkar interesserte i dette. Ho seier at Jesus åt saman med sine læresveinar og spør oss om vi vil ete saman med han.

Etterpå går dei bort til lysgloben og der får alle barna tenne eit lys og setje i globen. Pedagogen passar på at dei ikkje kjem bort i flammen sjølv og hjelper dei med å få lyset tent og rett plassert. Ho har sett fram ein liten krakk med to trinn slik at dei når opp.

Til slutt syng dei ein song som skal brukast i kyrkja dagen etterpå. Dei har sunge den før. Ho har ein plansje med nokre teikningar på som hjelper dei å hugse teksten.

### *Søndagsgudsteneste med nattverd og utdeling av 4-årsbok*

Vi kjem til kyrkja tidleg søndag føremiddag. Dei fleste fire-åringane kjem også tidleg saman med foreldre eller besteforeldre. Fireåringane får sitje på nokre låge krakkar framme på kyrkjetorget, dvs. nokon vil heller å sitje saman med foreldra sine. Bak krakkane og flygelet, vend mot forsamlinga, står det et lite barnekor (med berre jenter) som syng fleire gonger under gudstenesta. Gudstenesta startar med at koret syng «Kom adventstid», tenning av adventslys og ein prosesjon som består av presten og tre konfirmantar. Dei ber eit kors, ei salmebok og to store lys. Konfirmantane sit litt til venstre i midtskipet under gudstenesta. Det er dei som samlar inn kollekten. Ein ungdom deltek som tekstlesar

saman med ein vaksen. Lesing av evangelieteksten skjer ved ein evangelieprosjon der presten går med ein stor bibel saman med to konfirmantar som ber lys.

Gudstenesta er tilrettelagt for dei yngste deltakarane, men har normal lengde og dei vanlege elementa, inkludert nattverd. Når presten held preika, går han nede på kyrkjegolv og vender seg mykje direkte til fire-åringane. Han brukar også eit par effektar, til dømes ein lang kikkert som han illustrerer korleis dei tre vise menn speida etter julestjerna med. Han har også med seg ei gullfarga julestjerne laga av papp som han viser frem.

Alle dei frammøtte fireåringane får 4-årsbok. Dei blir ropt opp med namn og får bok av kyrkjelydspedagogen og presten. Nokre barn blir følgt av ein av foreldra. Dei blir ståande oppe saman med presten til alle har fått si. Mange foreldre tek bilete av dei med mobiltelefonane.

Når det er nattverd, så skjer dette med intinksjon ute på kyrkjetorget. Barn og vaksne går fram saman – det virka som omtrent alle gjekk fram – frå alle benkeradene. Det er litt kaotisk og uoversiktleg for oss som observerer. Presten bøyer seg heilt ned på kne kvar gong det kjem eit lite barn, til dømes ein av fire-åringane. Han dupper oblaten i vinen for dei. Han forklarar etterpå at han gjer det for at dei ikkje skal miste oblaten oppi. Samtidig med nattverden kan ein også tenne lys på ein stad framme på kyrkjetorget. Medan nattverden går føre seg er det eit av barna som «turnar» på matta som ligg framfor koret på kyrkjetorget. Det er ingen vaksne som grip inn for å stoppe dette og presten ser ikkje ut til å la seg affisere av dette under nattverdsutdelinga.

Det ser ut som om alle, eller nesten alle, fire-åringane som fekk bok, også deltek i nattverden. Når vi snakkar med presten og kyrkjelydspedagogen etter gudstenesta meiner dei at svært mange gjekk til nattverd denne søndagen, at det oppstod «ei bølge». Dersom den som sit ytst i rada ikkje går, blir terskelen ofte større for dei som sit innanfor, blir det sagt. Det er ein grunn til at dei har lystenning samtidig – det gjev fleire grunnar til å gå fram.

### 6.3 VÅRE INFORMANTAR

For å få vite meir om praktiseringa av nattverd i Landby, kva tenking som ligg bak og korleis nattverden inngår i det det samla trusopplæringsarbeidet, har vi snakka med tre av dei som var med på 4-åringsarrangementet: kyrkjelydspedagogen, soknepresten og kantor/korleiar. For å få eit inntrykk av korleis barnenattverd fungerer i dei andre kyrkjelydane har vi også snakka med den andre kyrkjelydspedagogen som har ansvar for trusopplæringa i tre bygdekyrkjelydar i kommunen. I tillegg har vi også innhenta nokre foreldrereaksjonar frå 4-åringsforeldra.

### 6.4 TRUSOPPLÆRAREN I BYGDEBYEN

Kyrkjelydspedagog Hanne er trusopplæringstilsett i bygdebyen. Det var ho som hadde ansvar for 4-års-helga i Landby kyrkje. Hanne har lang fartstid både på staden og i kyrkja. Ho har budd i området i meir enn 20 år og vore tilsett som kyrkjelydspedagog i 11 år. Ho har vore med frå starten i trusopplæringsarbeidet når kyrkjelyden fekk støtte til eit trusopplæringsprosjekt i 2006 retta mot aldersgruppa 4–10 år. Før den tid hadde dei berre dåp, konfirmasjon og 4-årsbok. Den gongen var det ikkje knytt nattverd til utdelinga av 4-årsboka, det har først skjedd dei aller siste åra. «Det var ikke søndagsskole, ikke noko KFUK/KFUM-arbeid, ingen ting», så det var mykje dei måtte fylle ut for å ha

eit tilbod til dei ulike aldersgrupper. Prosjektet vart kalla «Vi i kyrkja». Dette er framleis namnet på den lokale trusopplæringsattsinga , men kva som ligg i omgrepet har endra seg undervegs, seier ho.

– Vi jobba mye inn mot gudstjenestene, og at dette ikke skulle bli en sånn satellitt, at trosopplæringa drev på med noe helt for seg sjøl. Så alle samlingene resulterte i at barna var med i en gudstjeneste. Og de første årene så laget vi oss en egen sånn – «Vi i kirka»-liturgi, med at det og det og det skulle alltid være med i disse gudstjenestene. Det har vi med årene beveget oss helt bort ifra. Ut fra den tanken om at barn trenger ikke noe som er spesielt tilrettelagt for barn. Altså «kyrie» og «gloria» og alt det som ligger i gudstjenesten er fint for barn. Det er veldig lite som trenger å forenkles. Sånn at vi har blitt mer opptatt av å rett og slett lære dem den liturgien som ligger i hovedgudstjenesten vår. Fordi vi vil at de skal kunne kjenne seg igjen uansett når de går i kirka. Så vi ville ikke laget dette så veldig spesielt lenger, og det har vi veldig god erfaring med. Sånn at f.eks. med 6-åringene så har vi fokus på å lære dem «kyrie» og «gloria». Og Fadervår har vi lagt inn i 11-årstiltaket sånn at de kan medvirke.

Og det er ut fra samme tanken har vi laget en sånn salmekanon. Vi har satt oss ned alle, kirkemusikere, prester og vi som jobber med trosopplæring, og sett hvilke salmer som brukes i vår kirke, som møter dem i begravelser og dåp og brylluper og som vi vil at de skal kunne. For det er jo ingen ting som er så fint som å kunne delta.

– Kor mange salmer er det -?

– Litt for mange, kanskje, men en 30-40. Vi har tatt sånne tema: jul, påske, pinse, Alle Helgen, og noen sånne generelle. Men veldig få av de er barnesalmer. Vi har jo med «Måne og sol» og sånn, men vi bruker salmer fra salmeboka. Det å bruke tid på å lære dem en «Lys våken-sang», som aldri brukes ellers, det er bare dumt. For det finnes så fine salmer i salmeboka man heller kan lære dem. Vi er ikke så opptatt av å lage det hipt og kult. Altså de første årene så var det veldig mye spesielt og spektakulært. Det var mye trylling og klatring i kirketårn, man skulle gjøre ting så veldig festlig. Men jeg opplever at når jeg sitter der med 30 unger og forteller om da Jesus stiller stormen for eksempel, så trengs det ikke noe mer enn den fortellingen.

– Du har ikkje nokon vindmaskin?

– Jeg har ingen ting, men fortellingene i Bibelen, de står som en påle. Og jeg tror egentlig at ungene syns det er litt deilig at vi er litt sånn nedpå når vi er i kirka.

### *Kyrkja skal opplevast*

Hanne fortel oss korleis dei ulike komponentane som vi såg i bruk under laurdagssamlinga og søndagsgudstenesta (røre seg rundt i kyrkjerommet, sjå på og ta på ting, synge, lage noko, tenne lys osv) er ein del av ei pedagogisk heilskapstenking der barna gjennom deltaking skal få eit forhold til kyrkjerommet og det som skjer der:

– Men vi tenner alltid lys, vi synger salmer som vi skal bruke i gudstjenesten. Vi hører alltid en bibelfortelling, og vi lager alltid noe. Det er liksom sånne felles komponenter. På alle samlingene på forhånd, så tenner barna lys i lysgloben Og det er jo en slags sånn liturgisk handling som de også kan gjøre i gudstjenesten. Under nattverden så legger vi alltid til rette for lystening. Og barn i Landby, de kan tenne lys, fordi det har de liksom gjort (ler). Og det syns vi er en sånn fin ting å gjøre, sånn naturlig, ikke sant. Og i det hele tatt, det å bevege seg i kirkerommet, det å være der, det er naturlig for dem.

– Det er veldig i tråd med trusopplæringspedagogikk, at kyrkja oppleves?



– Ja, og det har blitt mer og mer av det.

### *Integrert organisering*

Hanne legg vekt på at ei heilskapleg trusopplæring, som skal vere integrert i resten av kyrkjelydsarbeidet, også har organisatoriske føresetnader. I kommunen er det to tilsette i fulltidsstillingar som samarbeider om trusopplæringa, og i trusopplæringsarbeidet er mange av dei andre tilsette også involverte. Det er ikkje slik at ein av prestane er «trusopplæringsprest», alle prestane er «trusopplæringsprestar» og deltek i planlegging og gjennomføring av tiltaka. Og medan korleiar tidlegare berre var korleiar, er dagens korleiar også kantor tilsett i ei stilling med kontorfellesskap med dei trusopplæringstilsette og andre kyrkjeleg tilsette på kyrkjekontoret i sentrum. Dette gjer det praktisk enklare å planlegge tiltak med fleire involverte. Ho legg også vekt på at trusopplæringstiltaka er integrert i det kontinuerlege arbeidet for barn og ungdom. Korarbeidet er organisatorisk ikkje ein del av trusopplæringsarbeidet, men «korbarna er jo en god stamme med barn som vi kan trekke inn i trosopplæringa. Da har vi liksom en stabil stamme med barn som allerede har en tilhørighet». Når det gjeld skule-kyrkje samarbeidet og barnehage-kyrkje samarbeidet har det tradisjonelt vore prestane sitt ansvarsområde, men i Landby samarbeider prestane med dei trusopplæringstilsette på dette feltet:

I begynnelsen var også trosopplæringa veldig adskilt fra skole- og barnehage-samarbeidet, for det var liksom finansiert på annet vis. Mens her har vi pedagogene blitt spurt av prestene: «Kan ikke dere være med inn i det?». Og så har vi gjort det. Og så ser vi at det er jo en vinn-vinn situasjon. Fordi barna skiller jo ikke mellom om de møter meg i barnehagen, eller om de møter meg som forelder om kvelden, eller i gudstjeneste. Hanne er Hanne. Og Hanne hører til i kirka. Sånn at vi får mye bredere relasjonsspekter. Så vi har også valgt å gå inn i det. Selv om det fortsatt er prestene her som har hovedansvaret, så er vi delaktig.

### *Inga aldersgrense, - og nattverd også for udøypte*

Når det gjeld barn og nattverd seier ho det har skjedd store forandringar. Når ho starta å jobbe i kyrkjelyden for 11 år sidan var det ikkje vanleg og det er først i dei siste åra at dei har kopla nattverd til utdeling av 4-års-bok. Og nyleg opplevde ho at eit 3-4 månader gammalt barn vart tatt med til nattverd:

Jeg opplevde nå på søndag at en dåpsmor med dåpsbarnet på armen gikk til nattverd. Men jeg tenkte at jeg syntes det var så flott at den dåpsmora ikke ga fra seg barnet, men tok det med fram til nattverd. Og det er en mor som ikke er noe sånn fast kirkegjenger. Det var dåpen som brakte henne til kirkerommet denne dagen. Og så opplever hun atmosfæren dit hen at her kan jeg gå til nattverd med babyen min.

Hanne meiner at heller ikkje dåp er ein føresetnad for å få nattverd.

Vi inviterer jo også de udøpte. Alle de som står som tilhørende i vårt medlemsregister. Det betyr jo at far eller mor er medlem. Vi skiller aldri mellom hvem som er døpt eller ikke.

### *Introduksjonen av nattverd til barn og foreldre*

Ho fortel oss også meir om den tenkinga som ligg bak introduksjonen og gjennomføringa av nattverden for 4-åringar som vi var med på

Jeg pleier ofte å vise dem oblaten, og så pleier jeg å brette av i små biter, så de får lov til å smake. Fordi det tar litt sånn brodden av: Huff, er dette farlig? Eller hva er dette? Ikke sant. De vet hva de får. Og så sier jeg at i morgen skal dere få en hel, men nå får dere smake en liten bit. Fordi jeg er litt opptatt av at vi gir jo ikke sakramentet, og jeg har ikke vin. Jeg forteller dem at i morgen får dere oblaten, og hvis dere vil så kan dere også dyppe den i et beger med vin. Og det er som å spise sammen med Jesus – liksom litt sånn «på lat», men det er også et symbol.

Og så henvender jeg meg til foreldrene og sier at bare så dere vet det, så er alle velkommen til nattverd her i kirka, både små og store. Jeg har forandra meg på måten jeg snakker om det på, i løpet av disse årene når jeg sitter foran der sammen med barna under gudstjenesten. Hvis barna sa til meg: «Kan jeg få gå til nattverd?» Så var jeg mye mer opptatt av å si: «Ja, men da må du gå og spørre mamma eller pappa». Jeg følte det litt som sånn overtramp hvis jeg skulle ta dem med – ja, bare bli med meg, ikke sant. Jeg er ikke så restriktiv på det lenger. Jeg sier gjerne at: «Gå og spør om mamma eller pappa vil være med, og hvis ikke så kan jeg bli med deg».

### *Barna leder an til nattverd*

Hanne opplever at barna er ivrige når det blir invitert til nattverd.

– Da er det sånn at de bare spretter opp, liksom: «Er det nå vi kan gå?» Og jeg opplever jo i mye større grad nå enn da jeg begynte her, at barna er de som leder an til nattverd. Også korbarna, og det tror jeg også er fordi at vi har en kantor som korleder. Barna syns det er spennende å gå til nattverd, og de er opptatt av smaken.

– Kvifor trur du dei syns det er spennande?

– Jo, fordi det er jo bare der det skjer. Det skjer jo ikke noe annet sted i livet deres enn når de er i gudstjeneste. Og så får de lov til å reise seg i gudstjenesten og gå. Og så er det jo alltid spennende for barn med noe de kan putte i munnen.

### *Blod og kropp «på lat»*

Ho trur barna er opptekne av mystikken i nattverden og kva det er dei puttar i munnen.

Fordi de spør jo gjerne: «Er det blod? Er det kropp?» Og når jeg da sier at det er jo ikke det – men det er et symbol for det, ikke sant. Men som sagt, barn driver jo med sånn «på-lat-leking» hele tida. Sånn at det skiller seg nok ikke så veldig fra det de opplever sånn i sin egen verden, kanskje. Jeg vet ikke.

### *Årsaker til barnenattverd*

Hanne meiner det er fleire grunnar til at det er blitt vanlegare at barn deltek i nattverd. Ein grunn er fokuset på barneteologi og tematisering av barn sitt forhold til gudstenesta på seminarer og trusopplæringskonferanser. Ein annan er gudstjenestereforma der ein ikkje lenger skil mellom familiegudstjenester og høgmesser, men snakker om hovudgudstjeneste. «Og hva er en hovedgudstjeneste? Jo, den inneholder både dåp og nattverd. Sakramentene er alltid med». Ein tredje grunn, meiner ho er Trusopplæringsreformen, som har bidratt til at barna er blitt meir integrerte i gudstenesta.

Barn har i større grad enn på familiegudstjenestene blitt mye mer deltakere. Vi vil ikke vise fram barna. Det er ikke noe sånn at når jeg er i kirka med en barnegruppe, så stiller de seg opp og så synger de en sang, og så er vi ferdig med dem. Men de deltar, de går i prosesjon, de leser gjerne, hvis de er store så

leser de bønner og andre tekster. De tenner lys, ikke sant. Og de kan salmene, de drar liturgien, sånn at de deltar på lik linje, de er i menigheten. Og da tenker jeg at da er det naturlig, hvorfor skulle ikke de gå til nattverd? Eller hvorfor skulle vi ikke ha nattverd? Det er ikke noe spesielt at barna er med. Det er det vanlige. Den tanken tror jeg trosopplæringa har bidratt til, rett og slett.

## 6.5 TRUSOPPLÆRAREN PÅ BYGDA

### *Arbeidsdeling for å bygge relasjonar.*

Gerd er den andre trusopplæringstilsette i kommunen. Ho kjem frå ei av bygdene i Landby og har som Hanne ein lang arbeidskarriere i kommunen, først som lærar i grunnskulen og sidan som kyrkjelydspedagog. Ho og Hanne har delt arbeidsfeltet mellom seg geografisk når det gjeld alderstrinna opp til 10 år. Det tyder at Hanne har ansvar for trusopplæringa i sentrumskyrkjelyden og i ei av bygdene, medan Gerd har ansvar for trusopplæringa i dei tre andre bygdekyrkjelydane. Dette er ein medviten strategi for å kunne bli betre kjent med barna og foreldra i dei ulike lokalmiljøa, - og at barna og foreldra skal bli kjent med trusopplærarane. Når den geografiske arbeidsdelinga går fram til 10 år heng dette saman med at elevane går på lokale skular fram til dette alderstrinnet. Frå 11 årsalderen blir barna samla i felles ungdomsskule i sentrum og trusopplæringstilboda til dei påfølgjande alderstrinna er felles for heile kommunen.

### *Høgare oppslutning på bygda.*

Gerd seier at oppslutninga om trusopplæringstiltaka er merkbar høgare på bygda enn i sentrum. På bygda kan ho ha rundt halvparten av årskulla med. Ho trur det er fleire grunnar til at oppmøte er høgare på bygda. For det første at samlingane er i SFO-tida:

- Vi har veldig god kontakt med skolene. Skole og kirke ligger i nærheten av hverandre. Når jeg inviterer så sender jo jeg et brev hjem der jeg skriver at nå kommer årets tilbud til aldersgruppa. Samlingen foregår i SFO-tida. Jeg kan hente på SFO og følge tilbake etterpå.
- Det er ingen restriksjonar på det? For eg hugsar det har vore nokre diskusjonar om kva du kan gjere i SFO-tida
- Nei, det er helt greit. Det er på en måte elevenes fritid som du kan melde på i kirka. Så sier de bare på trappa på SFO at i dag kommer Gerd og henter på SFO og henter fra kirka etterpå, så det opplever de bare som positivt. På denne måten styrer vi unna andre fritidsaktiviteter, for dette skjer jo før de drar hjem mens mor og far er på jobb.

### *Kontakten med foreldra*

Ein annan grunn til den høge oppslutninga meiner ho er kontakten med foreldra.

Også tror jeg det er fordi jeg kjenner en del av foreldrene, og de kjenner meg. Det har jeg vært helt bevisst på siden jeg startet her. I noen bygdemenigheter var det ingen barn som meldte seg på når jeg begynte. Og da tenkte jeg: «Hvordan kan jeg løse dette?» Og da gjorde jeg det slik at jeg alltid, uansett om jeg hadde noen med meg på tiltakene, så møtte jeg opp på gudstjenesten. Og da var det alltid en kirkecaffe, det er det på bygda hver gang, det er en enkel kirkecaffe bak i kirka. Og da stod jeg der og mingla med folk og da spurte de: «Hvem er du?» Og da sa jeg: «Nei, jeg er Gerd som jobber som menighetspedagog.

Så det er fra meg barna får invitasjon». Og da opplevde jeg at foreldrene, eller besteforeldrene, sa: «Å, det er ho Gerd som du fikk brev fra, vet du». Så da hadde de sett meg, og da er det lettere å melde på.

### *Trusopplæring inn gjennom fingrane*

Ein tredje grunn til den høge oppslutninga trur ho er at folk verdset tilboda

– Og så er det fordi at folk syns at tilbudet vi har er bra. De synes at ungene lærer noe og så legger vi flid i å lage noe fint som de kan få med seg hjem som de kan huske. Selv om vi synes at bibelfortellinga er en viktig del av våre tiltak, så får de også med seg noe de har laget. Så de får på en måte trosopplæringa inn gjennom fingrene.

– Du sa at det var forskjell på by og bygd?

– Ja, for i byen er det vanskeligere å melde seg på, der er det lavere oppslutning. Det kan jo rett og slett skyldes at der er det fire skoler. Så vi har ikke muligheter til å kjøre samlinger i SFO-tid, for at de ligger spredt rundt i sentrum.

– Du kjenner kanskje ikkje heller folk så godt der, det er eit meir uoversikteleg miljø?

– Det er det. Men vi fører jo litt sånn statistikk for oss selv og vi ser jo at de som har vært med før de kommer ofte igjen.

### *Nattverd for ofte?*

Sidan Gerd har budd og arbeidde lenge på staden kan ho seie oss noko om korleis syn på nattverd og nattverdspraksis har endra seg der. Sjølv gjekk ho ikkje til nattverd som barn. Nattverd var noko ho møtte i samband med konfirmasjonen der ho fekk opplæring om nattverd i konfirmasjonsundervisninga og gjekk til nattverd som konfirmant. Dei fleste, eller alle, konfirmantane gjekk til nattverd, men den gamle tradisjonen med konfirmantaltegang der alle konfirmantane gjekk til nattverd saman med foreldra, vart ikkje praktisert. Ho tenkjer tilbake på sin første altegang som noko fint og naturleg.

Gerd kjenner, frå bygda og frå sin eigen familie, tradisjonen om at nattverd berre var for dei vedkjennande eller «særleg kristne».

– Jeg har diskutert det litt med min egen mor og hun synes fortsatt det er en terskel å gå til nattverd. Hun har vokst opp i den pietistiske tradisjonen og det har prega ho litt. Men jeg sier til henne at det er jo bare å gå som en naturlig del av det å være i kirken, noe hun nå gjør.

– Så det er framleis ein del vaksne og eldre folk som har det gamle synet på nattverd?

– Ja, og jeg ser det jo, for folk blir sittende. Og de sier det og. De sier: «Hvorfor må vi ha nattverd hver gang?», sier de gamle damene og mennene (ler). De synes det blir for ofte.

### *«Er det brød og vin?»*

Mens barna derimot, de etterspør det. Jeg husker at barn kom bort til meg på slutten av en gudstjeneste og spurte: «Er det ikke nattverd i dag?». Og når jeg sa at i dag er det ikke nattverd, så blir de litt sånn... Og jeg husker når det gjelder mine egne barn. Når jeg spør: «Vil dere bli med på jobb i dag?» Så spør de: «Er det brød og vin?» Og sier jeg, «ja», så bli de gjerne med.

Jeg tenker at det er litt fint at barn har et sånt naturlig forhold til det. Det er en sjølsagt ting; om det er deltagelse eller hva det er, det vet jeg ikke, det har jeg aldri kommet på å spørre de om. Men de liker dette her da.

Gerd seier at ho i starten sjølv var ambivalent til det som i dag er praksis, å dele ut nattverd til 4-åringar.

Og i begynnelsen når jeg jobba her så tenkte vi at vi deler ikke ut nattverd når det er 4-åringar. Hvorfor vi ikke gjorde det det vet jeg egentlig ikke. Jeg var kanskje ikke frimodig nok til å si det på samlinga på forhånd.

### *Nattverden i ulike trusopplæringstiltak*

Gerd gjev eksempel på korleis nattverden blir omtalt og praktisert på ulike måtar i ulike faser av trusopplæringa (eller «dåpsopplæringa» som ho heller liker å kalle det, fordi trua er noko som skal kome av seg sjølv).

6-åringar har noe som heter «Kirka mi» med fire samlinger der de jobber med kirkerommet og symbolene. Og der snakker vi om nattverd og hva som skjer i en gudstjeneste. Men jeg underviser ikke konkret om nattverden, men vi ser på nattverdselementene. Det kaller jeg for «kirkeskatten», så jeg låser opp og viser dem kirkeskatten.

Så er det 8-åringar som har påske med samlinger. Første samling har palmesøndag som tema. På den andre samlinga er det innstiftelsen av nattverden som er hovedtema. Og da forteller jeg at Jesus og disiplene satt rundt et bord. Vi har påskeduken, jeg vet ikke om du kjenner den? Dette er en duk som jeg ruller ut på golvet som er nesten to meter lang. Palmesøndag er der og du ser på duken at der er trykt nattverdsbordet. Så etter at jeg fikk duken så jobber jeg meg oppover duken med fortellinga. Og da har jeg tatt fram disken og kalken og jeg spør dem: «Har dere sett dette før og hvor har dere sett det?». Og så forteller jeg fortellingen om Jesus som satt sammen med disiplene og delte brød og vin. Og at han sa at når jeg ikke er her lenger så skal dere dele brød og vin til minne om meg. Har dere opplevd det? De fleste har jo vært med meg på samlinger. Så de har nok knytta det til at det skjer i kirka på søndager. Og da forteller jeg at når vi kommer til gudstjeneste på palmesøndag, eller en søndag etter påske, så vil vi ha det. Men i dag kan du ikke få det av meg for jeg kan ikke dele det ut. Men jeg kan vise oblaten, og så bryter jeg den i to og deler ut slik at de får smake en bit. Men vin får de ikke, den forteller jeg bare om. Men jeg bryter opp oblater så de får en smak.

### *Barn som nattverdutdelarar*

– Du seier at du kan ikkje dele ut, kan du ikkje det?

– Jeg er ikke prest. Så jeg kan ikke innstifte nattverden.

– Har du brukt barn til å vere nattverdutdelarar?

– Ja, det gjør jeg gjerne når vi har 11-åringar, for da jobber vi så tett opp til gudstjenesten som vi skal lage sammen og hvor vi da går gjennom deler av gudstjenesten. Og da spør vi gjerne om noen har lyst til å være med å dele ut, og det er det jo alltid. Og da spør vi: «Har du lyst til å si ordene?» Og om vedkommende har det, sier vi til den som skal delta at da skal du si de ordene til hver du deler ut til. Og da gjør de jo det med største selvfølgelighet.

Barna deler ut vinen, presten tar oblatene. Jeg har aldri vært i gudstjenester hvor barna har gjort begge deler. Men det hender at de ikke vil si ordene, og da sier presten: «Dette er Kristi legeme, dette er Kristi blod».

### *Bruken av kyrkjerommet og heilage soner*

Alle kyrkjene i kommunen har fått rydda plass mellom koret og de fremste benkane til et «kyrkjetorg». «Kyrkjetorget» er den delen av kyrkjerommet der det meste av trusopplæringsverksemda føregår når dei er i kyrkja. Men Gerd seier at når ho fortel om nattverden flytter ho seg gjerne fram i koret:

– Jeg vil så gjerne se alterringen når jeg forteller fortellinga om nattverden. Og det handler jo om at jeg er pedagog så jeg vet at barn ikke orker å sitte stille på en plass over lengre tid. Så derfor sier jeg at nå flytter vi oss inn i koret, og det er kanskje nok til at de har fått bevega litt på seg og orker å sitte mer stille.

Men så tenker jeg at koret er på en måte en slik fin plass å fortelle fra og. Jeg har sagt til dem at nå går vi inn her og dette er den helligste delen av kirka. Her inne er det egentlig bare presten som er når det er gudstjeneste, vi andre er nede i skipet. Og da hører jeg foreldre sier at det er så fint at du gjør det med barna våre fordi jeg har aldri vært her bortsett fra når jeg ble konfirmert eller gifta meg. Jeg gjør det litt mer naturlig, på en måte, samtidig som jeg prøver å si at vi beholder helligheten i det.

– Hvorfor vil du ikke bruke den mest høytidelige delen av kirkerommet med alterpartiet til nattverd?

– Det har vel litt med utforming å gjøre. For vi tenker jo litt på tida, at en gudstjeneste ikke skal vare for lenge. Så viss alle skal opp og ned derfra så vil det bli trangt. Så det er rent praktisk rett og slett, og at alterringen er på en måte litt sånn stengende. Og så er det fint å stå for vi inviterer de jo gjerne til å gå til nattverd og til å tenne lys. Men man kan også gå og tenne lys om man vil det.

### *Lystenning som «nattverd light?»*

– Blir lystenning en slags «nattverd light?»

– Ja, det kan man vel kanskje kalle det. Jeg ser jo det, noen går og tenner lys, mens andre gjør begge deler.

– Har de alltid lystenning parallelt med nattverd?

– Ja. Alltid. Det står i programmet at det er anledning til å tenne lys. Og vi bruker lystenning i alle våre samlinger slik at unger i dag får et naturlig forhold til det. Vi starter som regel samlinga vår med en salme og lystenning.

### *Barn deltek og tek med foreldra*

Gerd fortel at når ho var lita var ho sjeldan i kyrkja og berre saman med foreldra når dei hadde ein grunn til å gå. No er det blitt vanleg at barna tek med foreldra.

– Når jeg tenker om åssen det var for meg som barn, så var kirka på en måte litt sånn fremmed. Vi var jo der, men vi var aldri i kirka annet enn sammen med mine foreldre når det passet for dem å gå. Og det vil trolig si når det var en grunn for å gå dit. Kanskje gir vi med våre tiltak oftere en grunn for å gå. For man har jo gjerne flere barn som deltar i dette her, så da går man jo i gudstjeneste for å se barnet sitt, enten det er fireåring som skal få 4-årsboka, eller seksåringen som skal få diplom fordi han har vært på fire samlinger. Eller de har oppgaver knyttet inn mot gudstjenesten etter hvert som de blir eldre. Og barn drar med seg foreldre til nattverd, det synes jeg ofte at de gjør.

– Også slike som ikkje ville gått elles?

– Ja, det er jeg ganske sikker på. For det hender at foreldrene sier det. «I dag gikk jeg til nattverd og det var bare fordi jenta mi sa til meg at du kunne bli med. Men jeg ble med selv, jeg».

Barna liker å delta. Veldig ofte spør de: «Skal det leses noe, skal det tennes lys, kan jeg få tenne lyset?» Og jeg tenker at vi gjennom vårt dåpsopplæringsprogram gir en anledning til å få et mer naturlig forhold til det.

## 6.6 KANTOR: KORARBEID OG BARNENATTVERD

### *Satsing på kor og songtilbod*

Bente, som leia koret under 4-årsbok-gudstenesta, er tilsett som kantor i soknet. Ho starta i stillinga for tre år sidan og har såleis kortare fartstid enn mange av dei andre tilsette. Ho har ei 80 % stilling der hovudvekta er på korarbeid (60 %) og resten (20 %) er å vere organist i ei av bydelskyrkjene. Det tyder at hennar arbeid i sentrumskyrkja er reservert for korarbeid, noko vi også såg under 4-årsbok-gudstenesta der ho leia aspirantkoret medan ein annan kantor spelte til gudstenesta og akkompagnerte koret. Ho seier at denne kyrkjelyden har sett av mykje ressursar til korarbeid og meiner at det er viktig.

Det er jo til sammen nesten et helt årsverk på kor. Altså jeg har 60 %, han som har voksen- og guttekor har cirka 30 %, og så er det en tredje kantor, som akkompagnerer mine kor. Så vi prioriterer korarbeid høyt, fordi vi ser at det får resultater. I mange kirker så er det satt av alt for lite ressurser til kor, og da får man ikke den blomstringen av virksomheten som man gjerne ønsker.

Sjølv har ho ansvar for tre kor: aspirantkoret, jentekoret og ungdomskoret. I tillegg er der også eit vaksenkor og eit nystarta gutekor. For aspirantkoret, som skal vere eit barnekor, har i realiteten blitt eit jentekor, slik det ofte utviklar seg i korarbeid når det berre er to-tre gitar med. Kora syng både på nokre av trusopplæringsarrangementa og på vanlege gudstenester, til saman for hennar kor sju gonger i halvåret. Dette dreg barn, ungdom og foreldre til gudstenester og betyr at barn og unge er med og pregar gudstenestene. I tillegg til korarbeid satsar ein også på songtilbod for alle aldrar; frå babysong og oppover.

Så vi begynner snart å få noen som kom med babyen sin på babysang, og så har de fortsatt. Og så syntes de at det var så fint, og så har de fortsatt med småbarnssangen, og så fortsetter de inn i korene. Så du kan synge fra du er 0 år og opp i voksenkoret hvis du vil.

Når det gjeld repertoar og sjangerval, seier Bente at ho har ei klassisk tilnærming til korverksemda. «Jeg lærer dem å synge på en type klassisk måte. Men jeg er også opptatt av at de skal få bryne seg på forskjellige typer prosjekter». Som døme nemner ho julekonserter og songar frå musikalar og filmar.

### *Lære kjernesalmar og ledd i liturgien*

Når det gjelder repertoarval for korsongen deler ho elles hovudprioriteringa til dei trusopplæringstilsette: å lære nokre kjernesalmar og ledd i liturgien.

Når de har disse tiltakene sine, så har de en veldig klar formening om hva barna skal lære og oppleve. De lærer dem kjernesalmer, de lærer dem kyrie og gloria, de lærer dem om symboler og de lærer dem om kirkerommet. Og de lærer dem om nattverden, og det er et så bra innhold.

Jeg veldig opptatt av at barn og unge kan jo egentlig synes at alt er gøy så lenge det formidles på en god måte. Så jeg har jobbet lenge med barnekor, og jeg har sett dem begeistret over å synge en helt klassisk salme: «Å, den salmen er så fin! Kan vi synge den på nytt?» Og de står og synger «kyrie» av full hals.

Bente seier at ho samarbeider mykje med dei som driv med trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.

Det er jo mange gudstjenester her hvor det både er et konkret trosopplæringstiltak og barnekor med i gudstjenesten. Barnekorene synger også ofte på gudstjenester hvor ikke det er noe – hva skal jeg si – noe ekstraordinært. Men det er mange gudstjenester hvor vi samarbeider om å legge opp gudstjenesten og velge salmer og alt som hører med.

### *Kritiserer skiljet mellom korarbeid og trusopplæring*

Bente seier at ho, og mange andre kantorar, opplever at kor vart definert ut av trusopplæringa, noko dei synest er synd. Sjølv har ho sunge i kor frå ho var 4 år til ho var 20 år på tallause gudstjenester og opplever at «liturgien sit i ryggmargen». Slik meiner ho det også er med barna i hennar kor:

De kan kyrie og gloria og sanktus og agnus – det er de som drar menigheten gjennom under hallelujaprosesjonen. De har hørt alle disse tekstene, de har lært om alle kirkesymbolene, de går i prosesjon, de går til nattverd. Jeg tenker at de kan jo mye mer om kirka, om kirkas tradisjoner og musikk, enn noen som er på et eller annet tiltak en gang i året.

Ho meiner samarbeidet mellom kor og trusopplæringstiltaka skaper ein vinn-vinn situasjon for begge partar. «De rekrutterer barn til korarbeidet, og jeg rekrutterer korbarn inn til menighetspedagogene sine tiltak».

### *Barnekor og barnenattverd*

Bente oppfattar jobben sin som ein jobb som i høg grad er delaktig i trusopplæring og i barnenattverd. Ho seier at ho er involvert «minst like mye som menighetspedagogene», og viser til at barnekora syng på 7–8 gudstjenester berre i løpet av et halvår

– Er det slik at i dei fleste av desse gudstjenestene er det nattverd?

– Ja, barna blir jo veldig skuffa hvis det ikke er det.

– Korleis kjem det til uttrykk?

– Nei, f.eks. har det hendt de har spurt: «Ja, er det nattverd snart?» «Nei, i dag er det ikke nattverd» «Ååååh!» sier de. Når det kommer til nattverden så er det jo alltid sånn at koret synger en sang når utdelingen starter. Og da er det ofte de begynner å gå, eller de gjør seg liksom klare til å gå, til nattverd. Så jeg sier: «Nei, vent! Vi skal syng en sang først, og så kan dere gå». De fleste er veldig ivrige på å gå til nattverd, og de aller fleste går.

### *Spørsmål til nattverden*

Bente fortel at dei som er heilt nye i koret har litt fleire spørsmål før dei deltek i nattverden. Men etter kvart som dei blir eldre, går dei berre av seg sjølve.

– Dei som er yngre, kva spør dei om då?

– Vi snakker jo litt om det på øvelsen før da. Forteller dem om nattverden. Og det hender jeg viser fram oblaten, og forteller at vi dyppe det i vinen, for vi har alltid intinksjon her. Og så sier jeg at det er et symbol. Vi sier at dette er Jesu legeme og dette er Jesu blod. Ja, men er det ordentlig blod? sier de da. Nei, det er det ikke. Det er en slags saft som det ikke er alkohol i. Vi kaller det vin. Og så spør de kanskje



om alle kan gå, og så sier jeg at ja, alle kan gå. Og hvis dere aldri har gjort det før, så kan dere godt spørre mamma og pappa. I hvert fall når det er helt nye barn eller nye 1.klassinger som jeg ser for første gang. Og så løper de bort og spør mamma eller pappa, og så kommer de tilbake. Men det er de yngste. De eldste, som har vært med i koret en stund, de bare går.

– Hender det at foreldre er skeptiske?

– Jeg har aldri opplevd det.

– Kor vanleg er det at foreldre går?

– Veldig varierende. Innimellom så ser vi jo at nettopp fordi at barna går først, så slenger de voksne seg på, og så plutselig kanskje er det en del foreldre som går. Og en del foreldre går ikke, det er varierende.

### *Barn ufarleggjer nattverden*

Bente seier at barna påverkar dei vaksne når det gjeld nattverddeltaking.

Noen ganger kan det være sånn at ingen tør å begynne å gå i midtgangen. Og når barna ivrig går, så følger de andre på. Det har vært flere ganger at noen har fortalt at plutselig så gikk en del av foreldrene også. Kanskje nettopp fordi noen av barna ikke torde å gå alene da. Så de løper og vil ha med seg mamma eller pappa. Så jeg tror at barna er med på å ufarliggjøre nattverden litt.

Som eksempel på at barn er interessert i nattverd og at deira spontane reaksjonar kan vere med å ufarleggjere nattverden, fortel Bente ein historie om sin tre år gamle son som var med henne til gudsteneste:

Så ville han løpe fram til presten, for han kjenner jo presten litt. Så sa jeg: Du kan ikke gå nå, men snart er det en sånn liten hvit kjeks som man dypper i vinen. Og da kan du gå fram hvis du vil. Når presten da sa: «Kom for alt er ferdig», sa jeg: «Nå kan du gå!» Og da løper gutten fram og så ser han på presten, og så gjør han sånn her ... han rekker hånda opp, og er klar. Når sønnen min løp fram og rakk opp hånda – kjempeivrig, så lo jo hele menigheten. Eller alle som så det. Og det løste opp stemningen, og det var som presten sa – det var så perfekt, fordi det er akkurat det vi prøver å formidle, at nattverden er for alle.

Ho fortel at sonen tidlegare hadde sete armen hennar når ho hadde gått til nattverd, og fått velsigning av presten. Ho har tenkt på sjølve nattverden: «Hvorfor ikke? Altså hvis – dette er jo et sakrament, akkurat som dåpen – og vi stiller jo ingen krav». Ho har også tenkt på det som Jesus sa, at: «La de små barna komme til meg, og hindre dem ikke». Det gjelder egentleg nattverden også, seier ho.

### *Pølser overalt, men nattverd berre i kyrkja*

Det er også eit poeng å markere at kyrkja er eit eige rom som skil seg i frå andre rom, og at kyrka har jo noko som ein ikkje har elles i samfunnet, seier Bente. Ho meiner det som er annleis og litt mystisk gjer det meir interessant.

Noen er jo veldig opptatt av at de må forstå nøyaktig hva nattverd innebærer, at de må være så og så gamle. Og da tenker jeg at vi begrenser barnas nysgjerrighet og ønske om å ta del i et ritual, for de merker at det er noe – noe hellig. Og de blir nysgjerrige på det. Jeg tenker at det er akkurat disse opplevelsene og disse ritualene som sitter i kroppen, og som de husker når de blir voksne. Jeg tror de husker det mye bedre enn en eller annen pølsefest. Pølser spiser de over alt. Men i kirka har vi jo noe som man ikke har ellers i samfunnet. Det er ikke alltid man kan definere hva det er, men de fornemmer at det er et eller annet. Og det tror jeg er veldig viktig.

## «Folkekyrkjemåten»

Landby er kjent som ein kyrkjelyd som er prega av «folkekyrkje-tenking». Vi spør kva som preger «folkekyrkjemåten» å jobbe på?

Vi tenker en kirke for hele livet, og en kirke for alle, at det skal være lav terskel. Blant annet at vi ikke stiller noen betingelser til nattverd. Vi er jo veldig opptatt av å nå mange. Med å ha gode tiltak, både korarbeid, trosopplæring, babysang, diakoni. Når jeg hører folk snakke om kirka her, så beskriver de kirka som veldig åpen. Og det gjør at mange blir nysgjerrige. Og det handler om de signalene vi sender. Vi sender ikke signaler om at du, hvis du kommer til gudstjeneste, så må du være så og så troende, eller du må definere deg som kristen. Det går an å synge i barnekor fordi man elsker å synge. Og fordi man syns det er spennende å være i kirkerommet. Og så trenger man ikke å tenke så nøye igjennom om man definerer seg selv som kristen eller ikke.

Og utrolig mange foreldre kommer jo til kirka fordi barna deres er med på tiltak, og så sier de: «Så utrolig fint dette var!» Jeg tror vi klarer å formidle at kirka er et sted hvor man kan komme med hele seg, i sorg og glede. Og det er plass til alle, og man kan komme med tro og man kan komme med tvil. Og man kan bare sitte og være der og ha en stille stund, og å høre barna sine synge.

## Konfirmanttime om liturgi for vaksne

Ho fortel begeistra at dei nyleg hadde ein «konfirmanttime for vaksne»:

Hvor det kom 30. Mange konfirmantforeldre. Og hvor de fortalte masse om gudstjenesten, sånn som vi egentlig gjør til konfirmantene. Hvorfor synger vi kyrie og hvorfor synger vi gloria, og hvordan er det med rekkefølgen? Og de gikk i prosisjon, og det var så god stemning. Jeg tror faktisk at musikken her har en veldig stor, viktig rolle i forhold til hvor mange vi når. Fordi nå har trosopplærerne drevet med babysang i mange, mange år, og har veldig mange på babysang.

## 6.7 SOKNEPRESTEN OM BARNENATTVERD

Tor som er sokneprest i Landby. Han har vore sokneprest i ti år, men før det hatt ei anna stilling i kyrkja i Landby. Han har, som dei to kyrkjelydspedagogane, lang fartstid på staden. I si førre stilling hadde han særleg ansvar for konfirmantundervisninga så det tyder at han har eit godt grunnlag for å registrere endringar i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Det inkluderer også nattverd i forhold til barn som han seier har endra seg ganske mykje i løpet av dei 20 åra han har arbeidd i kyrkja.

I løpet av de 20 årene så fikk vi jo Trosopplæringsreformen. Før det hadde vi det vi kan kalle typisk barnegudstjeneste med 4-årsbok. Og vi har også alltid hatt gudstjeneste til 4. trinn på alle barneskoler. Og på ingen av de gudstjenestene var det nattverd.

## Barn opplevde aldri nattverd før

Det betydde at barn lenge ikkje berre var utelukka frå å kunne gå til nattverd, dei var også avskorne frå å kunne sjå og oppleve nattverdgang. Det vart ein vekkjar for han når han oppdaga at barn, som hadde sunge i kor i kyrkja i årevis, sa dei aldri hadde vore på ei gudstjeneste med nattverd.

Det var en aha-opplevelse for oss for 20 år siden, omtrent når jeg begynte, hvor barnekorbarn som var blitt store, sier at vi har aldri opplevd nattverd før. Og de har jo deltatt på så mange gudstjenester. Og det

er fordi at de er barn av den samme tradisjonen som jeg sjølv har vokst opp med, jeg er jo født i 1970. Det hendte at mine foreldre tok meg med på familiegudstjenestene, men det var jo aldri nattverd der.

### *Nattverdsgenerasjonar*

Han meiner at dagens foreldregenerasjon, som han sjølv tilhøyrer, har eit anna forhold til nattverden enn generasjonen før, som var prega av kravet om at ein måtte vere «verdig» for å delta:

Du hører om de der som var så opptatt av at de måtte være verdig, og at det måtte være sånn og sånn og sånn. Vi hadde folk her som gikk til gudstjeneste hver eneste søndag og var så fromme som bare det, men aldri gikk til nattverd, for de følte seg på en måte ikke verdige nok. Men det tror jeg er en veldig fremmed tanke for foreldregenerasjonen i dag, altså de mellom 20 og 60. De er vokst opp i den tida som jeg har gjort, og vært i gudstjeneste, så var det ikke så vanlig med nattverd. Så jeg tror at de ikke har gjort seg opp en sånn veldig mening om det på forhånd. Det forholdet veldig mange av dem har til nattverd er nemlig at de ikke har et forhold til nattverden.

Når det i dag er blitt vanleg med nattverd i dei fleste gudstenester, også dei med trusopplæringstiltak, opplever han at foreldra møter dette med lite fastlåste førestillingar på førehand: «Og det er klart, da har barn og unge ofte vist vei for en foreldregenerasjon som jeg tror ikke har noe imot å gå til nattverd, men de er ikke vant til det».

### *Nattverd og konfirmasjon*

Ein praksis som han meiner alminneleggjer nattverden er konfirmantane si deltaking. Før var sjølv konfirmasjonen ein inngangsport til nattverden, no er nattverd ein viktig del av konfirmasjonsførebuinga og konfirmantane si deltaking i nattverd under gudstenester er vanleg og synleg. «Det er veldig vanlig her at konfirmanter går til nattverd. Det er liksom en del av undervisninga det, sånn at det er en del av det å være konfirmant å delta på gudstjenester. Og å delta på gudstjenester er å gå til nattverd».

Tor fortel ei historie om «konfirmant-jubileums-altergang», som både kan fortelje noko om den gamle konfirmantaltergang-tradisjonen, og om tydinga av kollektive krefter når det gjeld nattverdgang. Det var jubileum for konfirmantar i ei av bygdekyrkjene der jubilantane deltok i ei gudstjeneste med nattverd.

Det var 50-årskonfirmanter, så da er de vel 65 år. De fleste der har jo ikke gått til nattverd siden de var konfirmert. Og da, når de kommer til nattverd under gudstjenesten, og det er ikke så mange andre i kirkerommet, så reiser lederen i arrangementskomiteen seg, og så sier han sånn: «Kom igjen!» Og da går alle. Hvorfor jeg forteller dette her? Fordi at noen ganger så skjer en sånn bevegelse. At plutselig så reiser noen seg og går, og da er det flere som går. Men sitter du innerst på en benk, og de utafor ikke går – i kirken er det noen benker med dører – det er veldig kronglete å komme seg fram. Hvis ikke hele benken går, så er det veldig lett å bli sittende.

### *Føresetnader for å gå til nattverd*

Vi spør Tor om kva han meiner er føresetnader for at barn skal delta i nattverd og om det har oppstått vanskelege situasjonar når det gjeld barn sin tilgang. Han seier at når det gjeld alder, har han ingen minstealder. Når det gjeld dåp meiner han prinsipielt at det det er ein føresetnad, men at han ikkje handhevar dette i praksis:

– Jeg praktiserer ikke kirketukt i den forstand at jeg vil ikke avise noen ved nattverdbordet. I de fleste tilfeller ville jeg vel ikke sitte med den kunnskapen heller, om de er døpt eller ikke.

– Nei. Og du føler heller ikkje at du må ha den kunnskapen før du lar alle vere med i nattverd?

– Nei. Jeg har jo ikke det om de voksne heller.

Som døme på ein situasjon han opplevde som vanskeleg, fortel han om ei gudsteneste med nattverd der ei skuleklasse skulle kome på besøk, og der det hadde meldt seg på to muslimske jenter.

De kommer antageligvis kanskje ikke med foreldrene. Altså de blir med – hvordan informerer vi dem om dette? Og i forhold til dåpen som kriterium, og at det ville bli feil. Kan hende de hadde gått og ikke tenkt noe mer på det, men overfor foreldrene og overfor deres religion, så tenkte jeg at det er et overtramp. Det er ikke så farlig for meg, tenker jeg, men det er på en måte feil overfor dem.

Men nå dukka ikke de opp på den gudstjenesten.

### *Skepsis mot barnenattverd?*

Tor seier at han har opplevd få eller ingen kritiske spørsmål frå foreldre når det gjeld barn si deltaking i nattverd. Ei forklaring på dette kan vere det vi har omtalt som denne foreldregenerasjonen sitt ikkje-forhold til nattverd. Når vi spør om det har kome fram skepsis og kritikk mot barnenattverd frå lågkyrkjeleg og teologisk meir konservativt hald, seier han at slike miljø ikkje er så sterke her:

Men de er representert, og noen av dem går også trofast til gudstjeneste. De har ikke sagt noe spesielt når det er snakk om barnenattverd. Noen av dem er veldig trofaste og kommer på gudstjenester, også når de vet – eller jeg vet ikke om de vet det – at her blir det mange barn. Og jeg må si at jeg opplever dem utrolig rause og positive, nettopp fordi at de uttrykker glede og positivitet rundt at barn og ungdom er så deltagende. Og jeg tror det også egentlig inkluderer nattverd. Så jeg har ikke registrert at noen tenkt noe negativt rundt det. Noen av dem vil nok kunne ønske seg oftere å knele ned og ha den tradisjonelle nattverdformen.

### *Barn som nattverdutdelarar?*

Vi spør presten om han har brukt barn som nattverdutdelarar:

Jeg har vært med og brukt konfirmanter som nattverdutdelere. Det har vi ganske fast. Men jeg har hatt med meg barn oppe ved alteret under innstiftelsen. Altså under nattverdliturgien hvor de har stått sammen med meg og også lest, men ikke innstiftelsesordene. Så de har på en måte medvirket. Jeg har også noen ganger invitert barna opp i koret, så når nattverdliturgien begynner, så har de sittet der oppe. Landby kirke er jo ei gammel korskirke. Så det er jo sånn at hvis barn sitter enten i kirkebenkene eller framme på det vi kaller kirketorget, så ser de veldig lite av det som skjer oppe i koret, ved alteret.

Men jeg har ikke brukt dem som nattverdutdelere.

### *Kristen i Landby?*

Vi spør presten om kva folk i Landby tenkjer på når dei snakkar om å vere «kristen».

Jeg tror de fleste i Landby vil si at jeg hører til i kirka.

Det er veldig mange som opplever, tror jeg da, en tilhørighet til kirka i Landby. Og som opplever at det er deres kirke. Og der tror jeg ikke minst arbeidet med barn og unge har vært viktig, for det er jo også et

arbeid med foreldre, egentlig. Det er jo veldig mange som tror det er bare gamle folk i kirka, men det er jo veldig mange barn. Og så er det dobbelt så mange foreldre, ofte, for de kommer gjerne minst to også, som følger dem. Og det tror jeg er ganske nytt fra jeg var barn. Da var det ofte mor som fulgte barna. Men nå er det også mye fedre.

Men elles meiner han at svaret vil vere avhengig av kven du spør og konteksten for spørsmålet:

Men hvis du går på videregående og spør en elev: «Hvem er kristen i dette klasserommet?» Så vil de alltid peke på en pinsevenn, tror jeg, eller noe sånt. En som i klasseroms-sammenheng har formidla at han er kristen, og ikke de andre.

## 6.8 FORELDREREAKSJONAR

Kva tenkjer foreldra om 4 års-samlinga som borna deira har vore med på? Kva tenkjer dei om at barna får både 4-årsbok og nattverd? Vi har snakka med foreldre til fem av barna. To av intervjuua skjedde etter laurdagssamlinga i kyrkja der førebuing til nattverden på gudstenesta dagen etter var eit av fleire tema. Dei andre tre intervjuua skjedde etter søndagsgudstenesta. To av desse intervjuua var med foreldre som ikkje hadde vore med på laurdagsarrangementet. Foreldra representerer ei variert gruppe når det gjeld kontakt med kyrkja og erfaring med nattverd.

### *Går sjeldan om det ikkje er noko spesielt*

Både mor og far er med si fire år gamle dotter på laurdagsarrangementet. Dei har sjølv foreldre som er aktive i kyrkjeleg arbeid, men dei seier om seg sjølv at dei ikkje er slike som går mykje til kyrkja om det «ikkje er noko spesielt». Dei har heller ikkje mykje erfaring når det gjeld å gå til nattverd. Far meiner han har gjort det to gonger før. Mor har gjort det noko oftare, for ho har det med følelsar å gjere:

– Nei, jeg har ikke gjort det mange ganger. Jeg har ikke reflektert så veldig mye over hva jeg gjør, men noen ganger så har jeg tenkt at «nei, det vil jeg ikke!». Og så andre ganger så har jeg tenkt at «jo, det føles riktig i dag!». Uten at jeg har vært helt bevisst hvorfor.

– Kvi for det?

– Jeg vet ikke, jeg tror det er for det at jeg syntes det var godt å være her i dag. Og jeg har tenkt det en del i det siste, at vi går jo ikke i kirken hvis det ikke er noe spesielt. Det har ikke vi hatt vane for. Selv om vi faktisk sa for en stund siden, at kanskje vi skal begynne med det?

– Ja, jeg sa det jo mest for kanskje jeg skulle gjøre det. For å finne ro, skyter far inn.

Mor seier at ho også er glad i å tenne lys i kyrkja. «Ofte har jeg tent lys for noen, ja det er kanskje en erstatning for en bønn».

Vi spør far som har barn frå eit tidlegare ekteskap, kva erfaring han har med born i kyrkja. Han svarer: «Det obligatoriske», men han er usikker på om han har vore med på utdeling av 4-årsbok før. Nattverd for barn har han ikkje vore med på: «Det har ikke vært aktuelt i forhold til vår datter. Jeg hadde ikke tenkt det som noe alternativ».

Derfor har dei ikkje tenkt over dette med nattverd for barn, men mora seier at det er spennande og at dottera gjerne må gjere det dersom ho vil. Når vi spør kva dei ville seie til dottera at nattverd var, seier far at «da tror jeg vi hadde googla fælt (ler)».

Når vi spør om kva dei legg i ordet «folkekyrkje», som denne kyrkja brukar om seg sjølv, svarer dei:

– Ja. At alle er velkommen! Det tror jeg veldig mange føler også. Mange som ikke har så veldig nært forhold til egen tro, føler seg velkommen her. Det har i hvert fall jeg snakket med andre om. Selv om man kanskje ikke ville gått på en gudstjeneste, så lar man barna sine gå på aktiviteter, eller går på konserter, eller andre typer ting som skjer i kirken. De er veldig flinke med de små. Veldig sånn inkluderende og åpne for alle. Det begynte med et sangtilbud for de som er 3–4 åringer.

– Har de inntrykk av at barna dreg med seg vener, slik at når dei går, så får dei også lyst til å gå?

– Ja. Det var slik hun ville begynne å gå her. Det var ei venninne som inviterte, eller spurte om hun ikke skulle være med.

### *Ei anna oppleving av gudstenesta*

Jenny er mor til fem barn. Ho er sjølv vant med å gå til nattverd, og har hatt barna med til nattverd frå dei var babyar, «da får de bare velsignelse». Ho synes ikkje det skal være nokon aldersgrense for nattverd, «ta dem bare med fram og la presten bestemme». Hun sier at barna liker å gå til nattverd. «De spretter opp og skal være med».

Sjølv var ho ikkje vant med å gå til nattverd i oppveksten. Ho har vakse opp i ein annan del av landet der nattverden var for dei særleg kristne. «Det var sånn: Viss du går til nattverd, da er du virkelig kristen». Ho seier det ikkje er eit slikt skilje her. «De er gode til å ha en kirke til alle». Ho meiner Trusopplæringsreformen har skapt ei viktig endring. «Før det så kom du til dåp og til konfirmasjon. Alt mellom der det ble litt borte». Jenny snakkar om kor viktig det er at dei som jobbar i kyrkja har jobba her lenge, det skaper stabilitet, gode relasjonar, nokon å vende seg til. Ho likte også det som skjedde på laurdagssamlinga, at barn fekk gå og springe litt rundt i kyrkja, ta på ting og smake. «Det er blitt mer romslighet for lyd og menneskers forskjellighet». Det har bidratt til «ufarliggjøring» og til ei anna oppleving av gudstenesta: «Tenker på hvordan det var før – at det ble forventet at de skulle være rolige og sitte stille. Nå blir det forklart hva som skal skje, sanger er gjennomgått, det er kjent når de kommer i morgen».

Vi spør om kva ho trur om gudstenesta i morgon, vil ungane kjede seg?

– Nei, de synes det spennende. De er liksom med.

– Men forstår dei det som skjer?

– Det er vanskelig for meg å svare på, men jeg opplever at de har glede av det. Det er nok for meg akkurat nå!

### *Nattverd nytt og spennande*

Ida kom til Norge for ein del år sidan og har katolsk bakgrunn. Ho var med på laurdagssamlinga, men vi snakkar med ho først etter at ho også har vore med på gudstenesta på søndag med utdeling av 4-årsbok.

Om sitt forhold til kyrkja seier ho at ho berre går der av og til:

De fleste ganger når det har med barn å gjøre, og så er det begravelse, bryllup, dåp. De andre barna har også vært med. De har vært med på alt egentlig. De sier «kirka mi» hver gang vi kjører forbi kirka.

Ho syntest det var nytt og spennande å oppleve at barn vart invitert til å bli med til nattverd. Det fekk ho til å gå sjølv også for første gong på lang tid.

– Nei, jeg visste ikke at det fantes noe sånt. Jeg har jo bodd i et annet land, men det er lenge siden. Jeg var veldig spent selv for jeg tenkte at nå skal jeg se hva det er. Jeg syntes det var veldig koselig at dette var noe barna fikk være med på.

– Gjekk du sjølv?

– Ja.

– Det var ikkje slik at du var i tvil om du skulle gå?

– Nei, nei. Jeg gledet meg. Jeg gledet meg til å se hva det er. Jeg syntes at det var fint at det var akkurat på denne søndagen her. Det var en opplevelse.

– Synes du at barn må vere så og så gamle for å vere med på dette?

– Jeg ser ikke noe problem. Jeg tenker at når barn får delta når de er så små, så blir det mer naturlig når de blir voksne.

– Tenkjer du at barna må forstå kva dei er med på for å gjere dette?

– Jeg synes de forstår ganske mye.

### *Barn blir inkluderte og du kjem nære presten*

Ida er oppteken av at ho i gudstenestene ikkje opplever stor avstand til presten:

– Var det elles noko du likte særleg godt i gudstenesta i dag?

– Jeg kan si generelt at jeg liker i sånne gudstjenester at barna blir inkluderte og at du kan være veldig nære presten. At du føler deg hjemme på en måte. Det er ikke noe du gruer deg til.

– Når du seier nære presten, tenkjer du på at han ikkje står langt der framme, men kjem ned?

– Ja, jeg vet ikke, det føles bare veldig nært dem? Du tenker på presten som et veldig folkekjært menneske. Du tenker ikke på presten som noe autoritært som du må være veldig forsiktig med, for i hjemlandet mitt kommer du ikke så nært. Selvfølgelig, vi har jo også der noe opplæring der barn kommer nærmere presten, men de blir ikke på samme måten.

### *Mor med son som ikkje ville gå til nattverd*

Anne er mor til ein son på 4. Ho og fireåringen var ikkje på samlinga på laurdag, men på gudstenesta på søndag var bestemor, tante og eit søskenbarn også med i kyrkja. Ho syntes gudstenesta var fin, men litt lang i forhold til sonen som ho merka byrja å kjede seg. Han ville ikkje gå til nattverd:

– Han ville ikke. Han er i den alderen. Ville ikke gå frem. Jeg syntes egentlig det var rart at han ville gå frem og få boka si. Han er sjenert.

– Du fylgde han fram då?

– Ja. Jeg foreslo også og gå til nattverd, men nei, det ville han ikke. Det er greit, han må få bestemme selv.

Ho visste ikkje at det skulle vere nattverd for barn denne søndagen. Ho har ikkje gjort seg opp nokon tankar om nattverd for barn, aldersgrenser og liknande. Men ho synes det er positivt at barn blir meir inkludert i gudstenestene og at dei blir meir tilrettelagt for barn. «Husker at det var ikke sånn da jeg var liten». På spørsmål om ho trur nokon kan oppleve barn si deltaking som forstyrrende svarer ho:

Barn er jo barn! Kanskje det må gå en grense et sted. Men hvis de får lov til å være med så må man også tåle det. De kan jo ikke sitte musestille en time i en kirke.

### *Fylgde dottera, men gjekk ikkje sjølv*

Rigmor er i kyrkja saman med si dotter på fire. Også i denne familien var fleire frå slekta med under utdelinga av 4-årsboka: besteforeldre, onkel, tante og syskenbarn. Rigmor er med i kyrkjekoret og har gått til nattverd nokre gonger på gudstjenester der kyrkjekoret har sunge. Ho syntes fireåringsgudstenesta var veldig fin, men at den på slutten kunne bli litt langtekkeleg for dottera.

Ho seier elles at dottera synes det er «spennende å gå i kirken. Vi er jo på «Småtrall» (eit songtilbod for barn). Hun har et forhold til kirken».

Ho seier det er positivt «at barna får et forhold til kirken, får oppleve sang, musikk og en prest som engasjert for barna, og gjør det slik at de kan forstå det på ett nivå».

Fra den tiden da jeg var barn selv, har det skjedd en forandring. Det har ikke forandret seg helt i det siste. Synes det er kjempefint! At kirkerommet er åpent for barn. De er synlige i kirken, med hele seg. Selvsagt kan det være forstyrrende for noen og noen reagerer sikkert også. Men det er fint at det finnes noen arenaer hvor barna får lov til å være med. Det er nok av andre, vanlige, gudstjenester også. Det er veldig avslappende for foreldre at noen gudstjenester er tilpasset barn.

Når det gjeld gudstenesta denne søndagen visste ho på førehand at det var nattverd, men kanskje ikkje at det var for barn. Det var første gongen ho opplevde at barn gjekk til nattverd. «Fra gammelt av vet jeg at det ikke var vanlig for barn. Var spent på det. Men det var positivt!». Dottera deltok i nattverden, men ikkje ho sjølv: «Det ble sånn. Jeg hadde mest fokus på at hun skulle få gjøre det. Fulgte henne frem. Hun er litt sjenert».

På spørsmål om det bør vere aldersgrense for barn si deltaking i nattverd, seier ho:

Vanskelig å svare på. Det er klart at hun ikke forstår det. Det gjelder mye i kirken. Det er mer deltakelse fra barn i gudstjenesten, så hvorfor ikke også nattverden?! Hvis de selv vil. Forståelsen av «hvorfor» man gjør det man gjør, kommer kanskje etter hvert. Hun har jo ikke totalbildet nå, til det er hun for liten. Hun får heller velge selv senere.

## 6.9 OPPSUMMERING: BARN OG NATTVERD I LANDBY

### *Folkekyrkjeleg preg*

Landby kyrkjelyd ligg i ein småby med rurale omgjevnader. Lokalmiljøa er relativt oversiktelege, særleg gjeld dette bygdene rundt småbyen. Landby er prega av ein folkekyrkjeleg kultur. Medlemskap i Den norske kyrkja ligg over landsgjennomsnittet og kyrkjelyden rapporterer om aukande oppslutning om gudstenesta, i tydinga at fleire går, men ikkje ofte. Dei kyrkjeleg tilsette er også prega av ei folkekyrkjeleg breiddetenking der dei er meir opptekne av å bygge kontakt med ein stor del av



befolkninga, enn å skape ein aktiv «kjernemenighet». Denne tenkemåten høver også godt med trusopplæringa sin breidde målsetting om å nå store deler av kvart årskull med dåpsopplæring. Kyrkja i Landby har satsa sterkt på trusopplæring ved å tilsetje to kyrkjelydspedagogar. Dette er personar med lang fartstid i lokalsamfunnet og i det lokale kyrkjelege arbeidet. Dei er opptekne av å bygge relasjonar i lokalmiljøet og skape tillit hjå foreldra som sender barna på trusopplæring. Trusopplæringstiltaka har høg oppslutning frå dei ulike alderskulla, særleg gjeld dette på bygdene og årskulla fram til 8. klasse før barna blir samla i ungdomsskulen i sentrum. Dei trusopplæringstilsette samarbeider tett med andre tilsette i kyrkja. Det gjeld prestane om skule-barnehage- og kyrkjesamarbeid. Og det gjeld det kontinuerlege arbeidet for barn og ungdom, mellom anna med ein kontor som er korleiar for eit barnekor som deltek mykje i gudstenestene. Korbarna og foreldra representerer eit miljø i barnearbeidet som er med og skaper kontinuitet i forhold til trusopplæringa sine enkelttiltak.

### *Ikkje lage spesialløysingar for barn*

Trusopplæringsarbeidet er tett knytt til kyrkjebygget og kyrkjerommet, og til kyrkja sine symbol og ritual. Arbeidsformene er prega av det vi kan kalle læring gjennom «ritualiserte praksisar» med lystenning som eit typisk eksempel. Dette er ein pedagogikk der barnenattverd også høver godt inn. Denne arbeidsforma har ein medviten bruk av ulike deler av kyrkjerommet der hovudarenaen er eit «kyrkjetorg» fremst i kyrkjeskipet. Dei tilsette fortel om ei utvikling i pedagogikken, der ein frå starten var oppteken av spesialløysingar og spesialliturgi for barn, men no har som hovudstrategi å integrere barna i den ordinære gudstenesta og liturgien. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved utarbeiding av ein «salmekanon», og ved at barna skal lære liturgiske ledd i gudstenesta. Kyrkjelyden driv også «liturgisk vaksenopplæring» for konfirmantforeldre.

### *Grunn til å kome i kyrkja*

Dei tilsette er ikkje opptekne av at ein skal vere «kule» og bruke dei vanlege tilboda i barnas fritidsaktivitetar. I staden bør ein heller vektlegge det som er spesielt for kyrkja, meiner dei. «Pølser får barna overalt. Nattverd får ein berre i kyrkja». Når det gjeld nattverd er ein oppteken av ei lågterskel-tenking. Nattverd er ved intinksjon og for alle som ønskjer det. At barna skal vere døypte, er ikkje noko krav. Nattverd blir ikkje introdusert ved ein «prøvenattverd», men ved at ein snakkar om kva nattverd er og ved at barna får smake på ein bit av oblaten. Dei tilsette seier at nattverd i forbindelse med utdeling av 4-års bok (som vi deltok i) var relativt nytt i denne kyrkja. Utdeling av 4-årsbok er eit døme på det vi i teorikapitlet omtalte som «lette causa», ei ny aldersmarkering som kyrkja har teke i bruk for å gje medlemmene ein særskilt grunn til å kome til kyrkja. Oppslutning om 4-års gudstenesta tyder på at dette var ei hending som mange i Landby opplevde som ein viktig nok grunn. Mange av dei inviterte barna kom med ein eller to av sine foreldre, og fleire hadde også med seg besteforeldre og andre slektingar. Dette tydde truleg at mange som elles ikkje brukte å gå på gudsteneste, kom og fekk oppleve nattverd. Dei aller fleste barna gjekk også til nattverd og mange saman med foreldre.

### *Nattverdsgenerasjonar i Landby*

I Landby får vi inntrykk av at det finst ulike «nattverdsgenerasjonar». Ein del av dei eldre er enno prega av redsla for å ikkje vere verdige til å gå. Dei går ikkje og liker ikkje når det blir for ofte nattverd («ikkje-verdig-generasjonen»). Dagens foreldregenerasjon kjenner ikkje denne «risikoen» og kjenner heller ikkje særleg til nattverden («distanse-generasjonen»). Den nye generasjonen av barn som nå blir

inviterte til nattverd, verkar nyfikne og entusiastiske i forhold til nattverd («opplevings-generasjonen») og mange av dei dreg med seg sine «uvitande» foreldre.

Landby er prega av relativ høg oppslutning om kyrkjelege livssyklusriter (dåp, konfirmasjon, gravferd) og kalenderriter (jul), men ikkje hyppig oppslutning om søndagsgudstenesta der nattverden blir praktisert. Kyrkjelyden har trekk frå ein folkekyrkjeleg kultur som nattverden inngjekk i før «det store nattverdfallet».

## 7 BARN OG NATTVERD I ØSTBY

### 7.1 OM KYRKJELYDEN OG ORGANISERING AV BARNEARBEID OG TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

#### *Ein bykyrkjelyd*

Østby kyrkjelyd ligg i ein bydel i ein større by. Av dei som bur i soknet, er i følge dåpsopplæringsplanen 7300 medlemmer i Den norske kyrkja. Av desse er kring 800 i aldersgruppa 0–18 år, som er trusopplæringa si målgruppe. Talet på «tilhøyrande eller døypte» ligg i gjennomsnitt på cirka 40 per årskull. Talet er høgast for dei yngste aldersgruppene, då dette er ein bydel der ein del barnefamiljar flyttar ut når barna blir større. I soknet er det to skular: ein barne- og ungdomsskule og ein vidaregåande. Bydelen har ei internasjonal befolkning med mange nasjonalitetar representerte.

Østby har ei kyrkje og eit kyrkjelydshus. Det er stor kulturaktivitet i kyrkjelyden, særleg innanfor song og musikk. Kyrkja har to kantorstillingar, den eine øyremerka korarbeid. Kyrkjelyden legg stor vekt på søndagsgudstenesta og oppslutninga om denne har vore høg og stigande dei siste åra.

#### *Trusopplæringsatsing samorganisert med kontinuerleg arbeid*

Østby kyrkjelyd har følgjande stillingar: kyrkjelydsforvalter, sokneprest, kappelan, ungdomsprest, leiar for barnearbeid (barneleiar), trusopplærar i 20 prosent stilling og kyrkjetenar. Stillingsatsinga på trusopplæringsarbeid i kyrkjelyden er, som det går fram av oversikten, relativ låg (20 %). Denne satsinga bygger vidare på, og kjem i tillegg til, kyrkjelyden sitt eksisterande arbeid for barn og ungdom gjennom ei leiarstilling for barnearbeid og ei ungdomsprest-stilling. Den lokale planen for trusopplæring er skriven med utgangspunkt i det eksisterande kontinuerlege arbeidet og vart nyleg godkjent. Viktige element i det eksisterande arbeidet er barne- og familiedagen kvar torsdag, der ein samlast i kyrkjelydshuset til felles middag, leik og ulike aktivitetar. Ein torsdag i månaden er det også ei eiga barnemessa med nattverd, noko vi skal kome nærare tilbake til. Kyrkja har også eit barnekor. Elles er barnearbeidet nær knytt til søndagsgudstenesta og søndagskulen under denne. Det blir rapportert om god og veksande oppslutning frå barnefamiljar både om familiedagen, barnemessene og søndagsgudstenestene.

#### *Vanskeleg å rekruttere til breiddetiltaka*

Trusopplæringsleiar (deltidsstilling 20 %) har ansvar for å organisere breiddetiltak frå 0 til 18 år i kyrkjelyden. Ho arbeider i nært samarbeid med det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet og deltar ofte i fleire av deira arrangement, til dømes barnemessa. Ho fortel at det er ei utfordring å rekruttere nok barn frå kvart alderstrinn til kvart tiltak. Nokre av tilboda som babysong har høg oppslutning, men i nokre tilfelle har ein måtta avlyse andre tiltak på grunn av få påmelde. For å lette gjennomføringa og få fleire barn på samlingar, har ein slått saman fleire aldersgrupper på nokre av tiltaka (6- og 7-åringar, 8–9, 10–12), og tiltak som «Lys Våken» blir gjennomført utan overnatting. Trusopplæraren fortel at dei har prøvd Lys Våken ein gong. Då kom det fire i «riktig alder», og så inviterte dei nokre frå koret og nokre andre slik at det til saman vart ti barn.

## Nattverden i planen

Nattverd blir omtalt i ulike faser av den lokale trusopplæringsplanen. I samband med utdeling av 4-årsbok, heiter det at det er eit mål at barna skal bli kjende med kyrkja sine ritual, både på samling og i gudstenesta, til dømes nattverd, dåp og preike. Også når ein deler ut 6–7-årsbok bør barna bli kjent med kyrkja sine ritual. Under Tårnagenthelg (8–9 år) skal ein bli medviten på kva som skjer i nattverden, delta på gudstenesta og erfare «dens hellighet og ritualer». Under Lys våken (10–12år) skal ein arbeide «med sakramentene og jobbe for en dypere forståelse av hva disse betyr i livet». Under «Konfirmantreunion» (som er eit breddetiltak eitt år etter konfirmasjonen) er det samling på fredag med overnatting i kyrkja, der nattverd inngår i samlinga.

## Når blir nattverd introdusert?

Trusopplærer fortel at det første punktet der dei møter nattverd, er når dei er 4 år og deltek på gudstenesta ved utdeling av 4-årsbok.

- Men vi har jo Barnemessen der de som kommer dit møter nattverd mye, mye tidligere. Der kan de være bitte små.
- Har de nokon forklaring for dei som ikkje har vore på barnemessa, når dei møter det første gang, til dømes som fireåring?
- Når de kommer på 4-årsbok, kommer de sammen med foreldrene slik at foreldrene selv kan være med å bestemme om de skal gå eller ikke. Jeg føler ikke at jeg bare kan ta med meg alle barna. Men på Tårnagentene har vi en innføring der de skal «bli bevisst på hva som skjer i nattverd». Vi har hatt Tårnagent-helg der vi har hatt påskevandring hvor barna har fått følge hendelsene i påsken og der vi har hatt siste måltidet for eksempel sammen med en som spiller Jesus, hvor de får drikke og spise brød. Det er et bakt sabbatsbrød, uten at vi sier at dette er nattverd for det er ikke innstiftet. Vi sier at dette var starten, dette var første nattverden, når dere kommer på gudstjeneste i morgen så får dere nattverd. Det andre året med Tårnagenten har vi om «Kristuskransen» hvor vi da snakker om nattverd i forbindelse med Kristusperlen på alteret.

## 7.2 BARNENATTVERD OG UTDELING AV 6- OG 7-ÅRSBOK

Ein søndag i september deltek vi på gudstenesta der det skal delast ut bok til 6- og 7-åringar. Arrangementet blir omtalt som «Skolestartgudstjeneste med utdeling av 6-årsbok og bok til 7-åringar». Året og tidspunktet er valt fordi ein «ser på skolestart som en overgang i livet, og snakker om hvilke andre overganger i livet vi går gjennom sammen med i kirken» (frå lokal trusopplæringsplan).

Dagen før har det vore samling i kyrkja for inviterte 6- og 7-åringar.

- Fire barn kom på lørdag. To av dem kunne ikke komme på søndagen, så de har fått bok utenom søndagen. To av dem kom, i tillegg til seks andre som fikk bok. Så det var åtte som fikk bok i gudstjenesten i tillegg til en som fikk bok etterpå. Det ble sendt informasjon til alle døypte og «tilhørende» 6- og 7-åringar så jeg regner med at jeg sendte ut i alle fall 80 invitasjoner.
- Det betyr at det er ikkje så lett å få barna til å kome?
- Det er ikke det. De fire barna som kom på lørdag hadde alle, bortsett fra ett av dem, tilknytning til kirken på en annen måte.

Det vart ikkje snakka særskilt om nattverd (som skulle vere på gudstenesta på søndag) under samlinga på laurdag. Laurdags-samlinga vart elles nokså ulikt det som var planlagt fordi speiderane, som hadde ansvar for deler av opplegget, ikkje kom.

Gudstenesta på søndag starta med ein prosesjon med kyrkjetenaren fremst med eit kors. Elles i prosesjonen kjem fire foreldrepar med dåpsbarn, korgruppe, to prestar, speiderleiarar, leiar for barnearbeid og to born. I velkomstorda seier soknepresten at dette er ei «Gudstjeneste som har alt»: barsedåp, 6- og 7-års-bok, presentasjon av nye konfirmantar, nattverd. Gudstenesta har fire dåp og dåpsfølgja fyller dei fremste benkane saman med dei 17 nye konfirmantane som skal presenterast under gudstenesta. Konfirmantane sit saman på to benkar langt framme i kyrkja.

Før preika blir det invitert til søndagsskule i sakristiet. Over 20 barn går ut saman med foreldre. Etter preika og ofringa kjem barna tilbake for å kunne delta i nattverden og resten av gudstenesta. Før nattverden er det utdeling av 6- og 7-årsbok ved ungdomspresten og trusopplærar. Deretter kjem dei nye konfirmantane fram og blir presenterte.

Nattverden startar med at søndagsskulebarna, saman med nokre vaksne, deltek i ein prosesjon som ber nattverdselementa og offerkorgene fram til alteret der prestene tek i mot dei. Barna kneler rundt alterringen medan dei vaksne står i bakgrunnen. Etter at nattverden er innstifta følgjer kyrkjelyden skikken med å ønskje kvarandre «Guds Fred». Dette er med på å markere fellesskap og å skape ei meir uformell stemning ved innleiing av nattverden. Det gjer også barna si deltaking når dei stiller seg opp i «nattverdkøen» der nokre gjespar, strekker seg, held rundt foreldre eller går fram og tilbake vinkar til foreldra. Dei barna som har fått 6- eller 7-årsbok ser ut til å delta i nattverden saman med foreldre eller andre vaksne dei er saman med. Knelenattverd er den vanlege forma i denne kyrkjelyden og vi observerer at eit barn saman med sine foreldre er usikker på korleis oblaten og begeret med vin skal handterast. Dei komande konfirmantane som sit saman langt framme i kyrkja, går alle til nattverd. Når det gjeld dåpsfølgja ser det ut til at nokon går, medan andre blir sitjande igjen i benkane.

### 7.3 BARNEMESSE MED NATTVERD

#### *Messe med vandring mellom stasjonar*

Barnemessa er ein del av kyrkjelyden sitt tilbod til familiar som bur i nærmiljøet. Kvar torsdag blir det servert middag i kyrkjelydshuset, men ein torsdag i månaden er det i staden barnemesse i kyrkja. Den dagen vi får vere med på messa kjem det cirka 25 born i alderen 1 til 12 år. Saman med borna er det kring 20 vaksne (foreldre, besteforeldre eller andre vaksne). Kvinner er i fleirtal, men det er også ganske mange menn. Messa startar lengst bak i kyrkja (der kyrkjekaffien blir arrangert på søndagane) der det er fjerna benkar for å få ein møteplass. Messa har ein uformell start frå klokka 16.30 med servering av varme pølser og prating. Folk kjem litt etter kvart, det ser ut som om mange kjem rett frå jobb. Frå dei tilsette kjem soknepresten og denne gongen leiaren for barnearbeidet (ved andre høve kan det vere trusopplæraren).

#### *Stasjon døypefont og nattverdbord*

Cirka klokka 17.15 stiller soknepresten seg opp i midtgangen og seier vi skal starte. Han seier at vi skal vandre gjennom kyrkja og stoppe forskjellige plassar. Han seier at han må ha på seg ei kvit kappe og at han har med seg to barn som medhjelparar som skal bere eit kors og ei kanne med dåpsvatn. Med i

prosesjonen er også ein som spelar gitar. Vi får eit songark og syng ein allsong. Første stoppestaden for prosesjonen er døypefonten. Barnet som ber kanna med dåpsvatn slår vatnet i døypefonten. Presten viser korleis ein kan duppe fingrar i vatnet og teikne korsmerke på panna og barna får prøve dette. Dei vaksne som har følgt barnet til messa, følgjer med på vandranga rundt i kyrkje-rommet og står og ser på det som skjer på «stasjonen». Den andre stasjonen er i midtgang fremst i kyrkjeskipet. Her blir det fortalt ei bibelfortelling, barna får utdelt rytmeinstrument og vi blir invitert til å vere med på ein «rørslesong». Nattverdsstasjonen er framme i korpartiet utanfor alterringen. Her er det sett opp eit lite lågt bord med ein kvit duk og lys og nattverdselementa. Barna sit på huk i ein ring rundt bordet medan presten kneler ved bordet, løfter nattverdselementa og innstifter nattverden med orda frå kyrkja sin nattverdsliturgi: «Dette er Jesu legeme, dette er Jesu blod.»

Gjennomføringa av barnemessa med nattverd skjer i eit samarbeid mellom prest og trusopplærar. Ho forklarar meir konkret korleis nattverden blir gjennomført.

– Vi innstifter nattverden. Og så reiser vi oss opp og går litt til siden og stiller oss opp hvor barna står med vin og brød. Og så står presten og jeg og bare passer på at de faktisk sier «Dette er Jesu blod, dette er Jesu legeme», og at de gjør det riktig. Og så kommer alle i kø, de som vil. Da går ofte barnet sammen med foreldrene sine, med mindre barnet har vært der så mye at det vet nøyaktig hva det skal gjøre. For det er jo faktisk tilfelle, veldig mange av barna vet hva de skal gjøre, de går bort tar et brød og dupper det og spiser det.

– Så dei instruerer nesten sine egne foreldre?

– Ja.

– Så her er faktisk barn nattverdutdelarar. Har du hørt om det er andre menigheter som praktiserer det?

– Nei, det jeg ikke hørt om.

### *Å lage eit nytt ritual*

Vi spør soknepresten om korleis barnemessa oppstod og kva han tenkjer om nattverd for barn:

Det vokste jo frem en ny familiesamling her på torsdager. Det kom stadig flere familier og spiste middag med barna sine, og så var det aktiviteter etterpå. Og så begynte vi å snakke: «Vi skal ikke ha en barnemesse da? For disse familiene, siden vi ikke har familiegudstjenester i høymessetid hos oss. La oss begynne nå på torsdager». Og så begynte vi med det. Men da meldte jo behovet seg veldig fort, at da må vi ha en messe som passer. Og så tenkte vi litt da, og da skrev jeg dette forslaget om at vi – vi går – vi vandrer.

Og så er det fire stasjoner i rituallet. Vi bruker det. Et sted så ber vi, da lærer vi barna det. Et annet sted, ved globen, så ber vi for andre. På det tredje stedet så setter vi oss ned, og så hører vi om Jesus. Og på det fjerde stedet så lærer vi å praktisere nattverden.

Og da ga det seg selv. Bare finne noen hjørner i kirken. Så mer dypt tenkt er det vel ikke. Ja, rett og slett en sånn materialisering av de fire forpliktelsene som ligger til dåpen.

### *Kropp, rørsle og nattverd som alvorleg leik*

– Disse barnelederne er jo mye flinkere enn oss prester til å tenke helt motsatt av den stillesittende høymessen. Bruke sansene og kroppen og bevegelsene og leken.

– Kan det bli for mykje leik? Kan kyrkjerommet bli useriøst eller på ein måte miste verdigheten?

– Det kan det helt sikkert. Nei altså, det er jo veldig viktig at man, når man kommer fram til disse stasjonene, at dette er noe verdig. At man ikke pludrer eller koseprater det bort. Kanskje bruke noen ord man ikke skjønner, til og med. Jeg merker på jule-krybbevandringen også, hvor viktig det er å bruke litt sånne ord. Krybbevandring er jo også blitt en lek. Vi kler ut ungene, og vi vandrer og leter etter Jesusbarnet og møter gjeterne og hyrder og de vise menn. Men at du har noen ord som de ikke helt får tak på. Det er for eksempel en av disse som heter Baltazar. Mange av barnehagebarna klarer ikke å si det, ikke sant – «Baltazar». Det er ikke Ola og Petter og sånn, det er Baltazar. Og at det i barnemessen blir brukt ordrett Jesu innstiftelsesord. Vi tuller ikke med de. Vi sier Jesu blod. Det gjør ikke noe om de ikke skjønner det, bare de skjønner at dette er mat for troen – for å tro på Jesus, eller være et Guds barn.

Jeg tror jo det er liturgiens store mulighet og at den fungerer på sitt beste når man klarer denne hårfine balansen mellom å leke og å være veldig rituell. Eller veldig verdig og veldig bundet til den samme ordlyden eller den samme bevegelsen. Platon sier at i leken står mennesket for sin skaper. Det er veldig kristelig sagt. Jeg tror at dypest sett så er gudstjenesten en lek.

Lek er veldig alvorlig. Du tuller ikke med lek, altså. Hvis du ser som barn leker, så tuller du ikke med det. For alt er mulig i leken – og den som spiller leken etter de reglene som leken setter, den kommer inn i leken. Og sånn er noe av liturgien også, tror jeg. Hvis du spiller disse her kodene og disse rollene som liturgien inviterer til, så kommer du innenfor.

### *Barn er rituelle*

Barneleiaren fortel om barna sitt sterke engasjement i barnemessa og kor opptekne dei er av at ting skal gjerast riktig og at reglar skal følgjast.

– Og så er det rørende at barna på en måte eier gudstjenesten såpass mye. De vet akkurat hva som skal skje, de maser: «Å, kan jeg få holde korset? Kan jeg få bære den? Jeg vil ta duken!» Og de er veldig ivrige da på å være de som får den æren det er å få lov til å bære fram og dekke nattverdbordet. Og alle er med på det som skjer, de kan alle sangene utenat. De går en runde som de kjenner, de vet akkurat hva de skal gjøre. Når vi går til døpefonten så er det tre fingre i vannet, og lager korsets tegn da på seg selv. Og det vet de, at det er tre fingre. Det er aldri en finger. Og hvis man har sagt noe en gang, så er det sånn det er.

– Dette med at det skal vere tre fingrar, kvifor skal det vere-?

– Nei, det vet jeg ikke selv.

– Det er kanskje berre noko presten sa då, at du må duppe tre fingrar

– Da sitter det. Da blir det teologi med en gang.

Ho fortel at det same skjer når dei skal dekke alteret med blommar og lys.

Vi har glemt det ene lyset! De pleier å ha tre lys! Eller hvis jeg har glemt en blomst – for det skal være noe pynt der.

### *Ein liturg kan ikkje samstundes vere vaktmeister*

Vi spør presten om det kan oppstå problem med uro under nattverden i barnemessa og om det kan vere slitsamt å halde orden.

– Jeg syns jo ikke det, altså at det er bakgrunnsstøy og det er «motvind» og sånn. Du må ikke nøle, du må bare tro på det du gjør.

– Og då går det bra?

– Jeg vet ikke om det går bra, men det er jo et ritual du skal igjennom, det er en handling du skal gjøre. Og så var det noen som ikke klarte å være med på det, eller falt av. Men noen ganger er det sikkert riktig å stanse også – og ta fatt i det som skjer. Kanskje du kan bruke det til noe. Det vet du jo aldri.

Barnet som gjekk først i prosesjonen under barnemessa bar eit kors. Medan ho stod og venta på ein av «stasjonane» byrja ho å leike med korset.

– Ho løp – eg veit ikkje om du såg det – løp litt og slo litt med det. Men, anten såg du det ikkje, eller så brydde du deg ikkje om det?

– Nei, det bør man ikke gjøre. Men det er et veldig viktig bud for en liturg å ikke plutselig tre ut av den liturgiske rollen og bli vaktmester – eller overlærer. Da mener jeg du har tapt. Holder du på med hellige handlinger, så må noen andre ta seg av den støyen og det bråket og det som inntreffer. Man må ha en holdning, tenker jeg – man må ha en holdning til hva man holder på med. Og en forståelse av at her er det – ja, det er lek, men det er også dypt alvor.

Vi spør også trusopplærer om hennar erfaringar når det gjeld barn og uro under nattverden.

– Det har jeg aldri vært bekymret for. Det eneste som er viktig for meg er at de to barna som velges ut til å dele ut nattverden er store nok til å gjøre det ordentlig.

Ho seier at dei brukar å velgje dei største barna, og aldri nokon som er under 6 år. Ho fortel også at samanhengen nattverden inngår i er med på å roe ned barna.

Før nattverden synger vi «Vi tar hverandres hender» og den er ganske rolig. Og så spilles det rolig musikk, og det er med og påvirker psykisk, at du blir roligere som person. Og fordi det er et så innarbeidet opplegg at når det kommer nye barn så skjønner de at nå er de andre barna sånn og sånn. Så jeg opplever det ikke som et problem. Vi har hatt noen barn som er litt urolige under selve messen. Da har vi, før vi begynner, brukt å sette oss for å roe oss ned: «Nå skal vi ha messe». Og så prøver vi å ha litt den innstillingen til foreldrene at om barna er urolige og bråker så er det faktisk forstyrrende så da må de gå ut. Men under nattverden har jeg ikke opplevd så mye, det hender at de barna som går først blir litt rastløse når de må vente på de andre, men jeg har aldri opplevd det som støy.

#### 7.4 ANDRE SYNSPUNKT PÅ BARNENATTVERD

##### *Nattverd, dåpsmat og vanekristendom.*

Vi spør soknepresten meir generelt om hans syn på nattverd og om føresetnader for barn si deltaking. Han seier at han har praktisert barnenattverd sidan han starta som prest i 1982. Han seier at dette har vore basert på teologisk refleksjon, at han ikkje kjenner regelverket og blir overraska over at aldersgrense først vart fjerna i 1993. For han er barnenattverd ei naturleg følgje av dåpsritualet, «som jo er eldre», der foreldre og fadderar blir forplikta på å hjelpe barnet til å delta «i den heilage nattverden» (Gudsteneste 2011). Han snakkar om nattverden i dåpssamtalen og kallar nattverden for «dåpsmat».

Det er ikke bare voksne som trenger det. Alle trenger jo det. Hvis vi tror at sakrament virker ved bruk, som vi gjør i vår kirke, da er det spising, det virker. Det er helt avstandsløs nåde. Det er liksom ikke gjennom noe indirekte og refleksjon, men det er helt avstandsløst inn i kroppen. Hvis du har en sånn teologi, så får



i hvert fall jeg en veldig frimodighet til å hjelpe folk til å bruke det, praktisere det. Og jeg får mer sans for «vanekristendom» etter hvert som jeg har blitt eldre. Kristendom er rett og slett en del sånne ytre synlige skikker som du har i løpet av uka. Du går til gudstjeneste, du tar sakrament, du ber aftenbønn.

Soknepresten seier at vi blant norske prestar, har ein tung tradisjon som er oppteken av sjelesorg og åndeleg rettleing.

Det er fryktelig mange prester som er gode på terapi og jobber i det indre landskapet hos mennesker. Det er ikke min greie. Jeg tror det er en alt for moderne måte å tenke kristendom på, at det er en sånn veldig indre overbevisning. Og at det er et evinnelig landskap man kan gå seg vill i hvis man driver og utforsker alle sine rom og irrganger(..). Men hos normale mennesker.., jeg skjønner ikke hvorfor vi skal vandre i et indre landskap hele tiden, som jeg synes hele den norske kristne tradisjonen er overfylt av – en inderliggjøring. Så jeg tenker mer det er praksis: Du har bestemt deg for noe, å leve et kristent liv, og det er sånn og sånn.

Han trur at det er ein ny prestegenerasjon som er oppteken av rituala.

Jeg tror at det sånn teologisk sett er to måter å tenke tro på. Enten at Den hellige ånd eller troen er inni meg. Det er den som pietismen og lavkirkeligheten har som sin styrke. Ikke sant, det er en sterk appell til det individuelle mennesket til å ta et standpunkt og jobbe med sitt liv og sin tro og sin fromhet (...). Den andre tradisjonen er jo, som Paulus sier, «vi i Ånden». Hører dere forskjellen? Da er det ikke Ånden som er i oss, men det er vi som trer inn i Ånden. Og det er åpenbart at Paulus tenker sånn, at Ånden er et fellesskap, det er noen hellige handlinger. Det er et rom, det er noen ritualer, som de troende trer inn i. De kommer utenfra og trer inn. Og da er ikke perspektivet hvordan det er inni deg, men da er perspektivet hva slags handlinger du tar del i.

### *Nattverd og dåp*

Den norske kyrkja har to sakrament: nattverd og dåp. Dåpen er eit sakrament som majoriteten av befolkninga framleis sluttar opp om, medan nattverden er blitt eit sakrament for dei få. Skilnaden i oppslutninga om desse to sakramenta har brukt å kome tydeleg fram i gudstenester der det er både dåp og nattverd. Der blir dåpsfølgje som regel sitjande i benkane og sjå på at nattverdsgjestene frå kyrkjelyden går fram til alteret. Soknepresten ønskjer ei endring i denne tradisjonen og meiner at noko er i ferd med å skje. «Det skal være like naturleg å gå til nattverd som å bringe barna sine til dåp», seier han, og han registrerer ei aukande oppslutning om nattverden frå dåpsfølgje.

Vi har dåp annenhver eller tredje hver søndag. Da kommer åpenbart folk som ikke er like fortrolig med å gå til messe. Men erfaringen vår er jo at flere og flere av dåpsfølget går til nattverd når de ser hvem som går. Altså – det er alle slags mulige folk og alle aldersgrupper som reiser seg. Det har vært en merkbar økende deltakelse av dåpsfamilier. Enten har dåpsfamiliene endret seg, eller så tror jeg det er den praksis vi gjør som endrer det. Jeg tror på det siste.

Sjølv om han meiner nattverd for barn er begrunna i dåpen, ser han ikkje på det å vere døypt som ein absolutt føresetnad for å gå til nattverd. Når nattverden startar i gudstenesta brukar han å seie at alle er velkomne til nattverd. Ein tidlegare biskop som brukte å gå i kyrkja, korrigererte han for dette og sa at det heitte at alle døypte er velkomne til nattverd, noko han då tok omsyn til. Men no når biskopen er borte, seier han alltid at alle er velkomne til nattverd.

– Jeg har aldri gått i dispuTT med biskopen på det, fordi at jeg tror han prinsipielt har rett, men jeg tror at det ikke fungerer like bra hver gang. Jeg vet ikke hvem som sitter der. Og nå sitter de jo her da, de er kommet og det er for sent å lage det skillet når de er innenfor – er det ikke det? De er i messen her nå.

Det fortelles i oldkirken at der praktiserte man det sånn at messen var åpen for alle, og så var det nattverd til slutt, som i våre messer. Men da måtte de udøpte gå ut, slik at nattverden ble feiret bare av de døpte. Og derfor ble det jo masse rykter i oldkirken på hva nattverden var for noe. Da var det et sånn lukket fellesskap. Og det gikk rykter om kannibalisme og alt mulig, fordi at de hadde bare hørt ordene: «Dette er Jesu blod, dette er Jesu legeme», ikke sant. Så det ble alle slags rare forestillinger rundt det fordi at observatører utenfra aldri fikk lov til å være der. Det var bare de innenfor, ikke sant. Så det er jo en veldig sterke kirkehistorisk tradisjon for å holde på det skillet der, at nattverd bare er for døpte. Så kanskje jeg er feig, – eller jeg vet ikke egentlig hva jeg mener om dette. Men nå er jo ikke biskopen der, så nå sier jeg det aldri.

– Ut frå det du seier verker det ikkje som det er ein katastrofe viss nokon får nattverd utan å vere døypt?

– Definitivt ingen katastrofe!

### *Nattverdsform og nattverdsterskel*

Nattverdsforma i Den norske kyrkja har endra seg dei siste åra frå knelenattverd til nattverd ved intinksjon (eller det som ofte blir kalla «duppenattverd», der dei som deltek i nattverden får ein oblat som dei dupper i vinen). Intinksjon er no blitt den vanlegaste nattverdforma. Denne utviklinga er ei endring som har skjedd parallelt med innføringa av barnenattverd. Intinksjon blir ofte omtalt som ei nattverdsform med «lågare terskel» som har ført til høgare nattverddeltaking. I denne kyrkjelyden har det vore auka nattverddeltaking, men ein praktiserer framleis «knelenattverd» som hovudordning. Vi spør soknepresten om kva som er grunnen til dette og kva han tenkjer om samanhengen mellom nattverdsform og deltaking.

Vi har knelenattverd fordi vi har fått klare signaler om at folk synest det er fint å stå i denne køen for å komme opp å knele. Det er kanskje i hovudsak fra de som er blitt vant til det og liker at man bruker litt tid på det. Men jeg kjenner også mennesker som har gått her en tid og som ikke har gått til nattverd. Men så har vi praktisert intinksjon noen ganger og da har de fortalt meg at da har de gått. Jeg tror jeg kan nevne ti mennesker som kan fortelle meg den historien: at de kom inn til det knelende nattverdbordet gjennom intinksjon.

### *Nattverd og emosjonelt klima*

Vi spør soknepresten om det «emosjonelle klimaet» under nattverden har endra seg.

– Frå min oppvekst så assosierer eg jo nattverd med noko voldsomt alvorstungt og nesten dystert. Mens her ser du jo når folk går fram til nattverd, at ein helser på kvarandre og gjev kvarandre klem. Har barnenattverd ført til at nattverden er blitt et mindre alvorstynga og eit litt lettere ritual?

– Jeg har en diskusjon med min organist som er verdens beste organist. Dempere du spillingen din under nattverden? Du må jo gi på! Trøkk på, det er jo en fest! Det blir ikke mindre verdig ved å ta den ut istedenfor å holde igjen hele tiden. Så innimellom bør musikken gi uttrykk for det følelsesmessige utløpet jeg tror mange får. For når du går rundt og deler ut er det et utrolig sterkt møte med alle disse ansiktene hvor du ser alle slags mulige sinnsstemninger. Du ser jo rett inn i sjela til folk noen ganger, har du følelsen av. Noen griner og noen smiler. Så det er åpenbart en veldig sterk stund når man kneler ned. Så hvorfor skal du sitte sånn og spille forsiktig? Trøkk på!

## *Barneleiar oppvaksen med barnenattverd*

Leiaren for barnearbeidet i kyrkjelyden har vakse opp med barnenattverd. «Jeg har hatt inntrykk av at jeg alltid har gått til nattverd». Ho trur første gang var i 4-5-årsalderen. For ho er det naturleg med nattverd i gudstenestene, slik som i familiegudstenester og gjerne også i julaftengudstenester, om det er praktisk mogeleg. Ho fortel også at i kyrkjelyden der ho vaks opp, har barn blitt brukte som utdelarar.

Når det gjeld barn sin tilgang til nattverd, seier ho at ho ikkje veit om dei som deltek er døypte eller ikkje, for trusopplæringa og kyrkja sitt barnearbeid er ope for alle. «Vi spør ikke om hvem som er døpt». Men det er også slik at i tilfelle der ho veit at barn ikkje er døypte, vil ho likevel ikkje utelukke desse.

Når det gjeld krav til at barna skal forstå kva dei er med på, og spørsmålet om nedre aldersgrense, seier ho:

Om en forelder gir nattverd i munnen på en ett- eller toåring, da tenker jeg at den babyen har ikke forstått noe som helst. Men jeg personlig synes det er helt greit. For de forstår ikke noe når de blir døpt heller. Så derfor er det sånn at nattverden er åpen for absolutt alle. (...) Jeg tenker egentlig at hvis de vokser opp med en slik tradisjon så er det lettere kanskje å forstå det senere.

Vi spør kva reaksjonar ho får frå barn når dei får nattverd første gongen:

Den spontane reaksjonen jeg får er: «Oj, det smakte rart!» Vi blander jo med mye vann så det ikke bare er den sterke vinen. Det er jo en rar ting, en bitte liten tørr kjeks med noe vin på. De kan si at det smaker rart og så gi litt grimaser til hverandre. Og så er det kanskje noen som vil gå flere ganger eller kanskje prøve på nytt, men da sier de liksom til hverandre: «Nei, det er en gang (...)». Vi har liksom aldri måttet forklare reglene.

Ho seier også at ho aldri har opplevd at nokon har tøysa eller tulla med nattverden:

Nei, det har aldri skjedd, faktisk. De har alltid liksom hatt en sånn andektighet, og det er høytidelig da, det som skjer. Og det har aldri vært noe sånn: «Nå må dere sitte stille og rolig!». Men det handler kanskje om måten det blir introdusert på også, og at vi er i et stort kirkerom. Det er litt høytidelig stemning da.

## *Nattverden sin tiltrekningskraft*

Trusopplæraren i kyrkjelyden meiner også at det er noko ved nattverden som verkar tiltrekkande på barn og ungdom.

Jeg tror mennesket trenger noe de ikke skjønner helt, noe mystisk som de trekkes mot. Og det er jo akkurat det nattverden er, den er veldig mystisk. Det tror jeg kan appellere veldig til nysgjerrighet hos barn, hva er dette egentlig? Så for meg er nattverden en døråpner for mange barn, kanskje fordi det er en aktiv handling. Jeg er veldig glad i fysisk opplæring, de skal få kjenne og ta. Det er jo et sakrament, det er jo en hellig handling så det skal ikke bare være et sånt treningssted.

Jeg tror det er noe av poenget i vår menighet at gudstjenestene fortsatt er mystiske, i gåsetegn. Mange steder avmystifiseres det, og det tas sånn veldig ned på et lekeplan, det er ikke noe høytidelig, det skal være så folkelig i gudstjenesten, det skal være så lett, og det skal være så åpent for alle. Og på den måten at det mystiske forsvinner litt, alt skal være så forklarende. Det skal jo ikke være det, vi vet jo ikke, vi kjenner jo ikke Gud. Det er mystisk så vi må ikke avmystifisere det jeg mener er det som driver oss i troen, kanskje. Og samtidig at alle skal få oppleve den mystikken. Så derfor synes jeg at det er riktig at barn skal få gå til nattverd, fordi vi skal ikke avmystifisere gudstjenesten, men åpne mystikken for alle.

Ho har registrert den same draginga blant konfirmantar når ho tidlegare jobba i ein annan kyrkjelyd.

Jeg har vært kirketjener og i kveldsgudstjenestene så var konfirmantene først opp for å få nattverd, ikke nødvendigvis fordi jeg tror at de alltid vet hva de gjør, men fordi dette er spennende, dette er mystisk, dette er noe de tiltrekkes av. Så de er alltid først oppe for å få nattverd, så det synes jeg illustrerer en sånn draging mot det.

## 7.5 FORELDREERFARINGAR

Vi spør nokre av foreldra som har hatt barn med på barnemessa, om deira erfaringar og om kva inntrykk dei har av barna sine reaksjonar.

### *Korsong og barnemesse*

Jenny er mor til to store barn som har vore med i kyrkjelyden sitt barnearbeid. Sonen som er eldst, var først med i eit tilbod som vart kalla «barnesang» og seinare i eit barnegospelkor i kyrkjelyden, men slutta fordi det var ingen gitar igjen. Han starta i staden i eit gutekor i ein annan kyrkjelyd. Dottera er no med i barnegospelkoret som har øvingar på torsdagar. Koret startar øvinga etter barnemessa og mora fortel at dei alltid brukar å vere med på barnemessene. I samtalen er det dottera si deltaking og reaksjonar som mora hugsar best og som det handlar mest om:

Det er særleg barnemessene jeg har vært med på, og de synes jeg er så utrolig fine. Det er mest soknepresten som har hatt disse. Den måten han har gjort det på, og involvert barna på, er utrolig fint. Det har blitt så naturlig for henne. Slik jeg har forstått det er det visse ting som de må si helt ordrett fra Bibelen, så det gjør de alltid. Men så pleier han å kalle det «dåpsmat». Og man avslutter det med å si «amen». Og så er det vandringen til disse ulike stasjonene (- -). Slik jeg har forstått det så er hensikten med barnemessene at man skal bli kjent med kirken og kirkerommet og at man skal føle seg trygg der, og på det som skjer inne i kirken. Og det synes jeg de gjør på en veldig fin måte. Hun føler seg helt hjemme i kirken, og det tror alle de barna som er med på messen gjør.

### *Barn sine reaksjonar*

Vi spør om dottera sine reaksjonar på å vere med på nattverd og om ho har spurt mykje om nattverden på førehand.

– Har dottera di spurt deg om nattverden, kva det er, kva er det egentleg som skjer?

– Det har hun sikkert til å begynne med, men presten har forklart det veldig bra, at dette er sånn en kjeks og så videre. Jeg vet ikke. Av og til er det sånn at det er egentlig dumt å forklare det som allerede er forklart på en måte, og hvor det virker som de ikke stiller spørsmål ved det.

– Men er det slik at dei tøyser og flirer under nattverden?

– Jeg har aldri sett noen som tøyser og flirer når det er i kirken. Alle gjør det på en ordentlig måte, men de kan gjerne tulle etterpå. Og så er det noen som er veldig små så de skjønner ingenting.

Ho fortel at ho har snakka mykje med barna om Gud og kva det er å tru, men ikkje så mykje om nattverd.

Og så har jeg tatt en prat med barna, ikke sant, om nattverd, at det handler om tro. Og at jeg tror på Jesus Kristus og at han er Guds sønn. Men at det er jo noe man tror, ingen kan si sikkert at det er sant. Det må

de på en måte føle på selv hva de føler. Så de er veldig klar over det. Og sønnen min har jo valgt å konfirmere seg.

### *Føresetnader for at barn får nattverd*

Vi spør Jenny kva ho tenkjer når det gjeld føresetnader for at barn skal delta i nattverd. Må dei forstå kva de er med på, må foreldra vere informerte og ha gjeve løyve?

– Synes du det er ok at det er med barn som er for små til å skjønne noko?

– Ja, for ellers tenker jeg at da må man egentlig stille spørsmål ved om de skal døpes også. Det blir jo egentlig litt det samme. Så da er jo egentlig det greit, synes jeg. For du har jo egentlig meldt ditt barn inn i den kristne tro ved at du døper det. Og det kan man jo diskutere om er riktig. Men når man først gjør det så kan man likegodt også gi dem nattverd.

Når det gjeld spørsmålet om foreldre er informerte og har gitt løyve, trur ho ikkje alltid det er tilfelle.

– En del av disse barna blir jo sendt hit uten foreldre. Og de foreldrene tror jeg ikke er informert om at barna tar nattverd der. Jeg har tenkt på det fordi dattera mi går i klasse med ei jente, jeg vet ikke helt om hun er muslim, men pappaen er det. Da sa jeg til henne at det ikke var sikkert at hun skulle ta nattverd, og det var hun enig i. Men jeg er ikke sikker på at noen andre gjorde det. Jeg tror ikke det er fordi man ikke ville det, men det er jo mange små barn der og mye å holde styr på.

– Så ho jenta du nevnte var med på barnemessa, men ikke på nattverden?

– Ja

### *Barnenattverd får foreldre til å delta*

Jenny fortel at ho gjekk til nattverd når ho vart konfirmert, men at ho etter det ikkje gjekk ofte til nattverd. Vi spør ho korleis ho opplevde nattverden i den tida.

– Dette med Jesu blod og alt dette her. Jeg følte at man måtte være veldig kristen for å være med på dette her. Men det er jo det som er veldig fint når barna går, for dem er det helt naturlig. Generelt har jeg vel følt at det med nattverd var litt sånn ...., jeg følte ikke det var riktig for meg før jeg kom til denne kirken her. For det jeg følte at her er det ikke noe sånn press. Og det sier han alltid, at det er for de som vil, for de som ikke vil er det like ok. Og jeg tror at flere barn som går til nattverd, ikke har et spesielt forhold til kirken. De går til nattverd de også.

– Kvifor syntest du det var vanskelegare i andre kyrkjer enn her?

– Jeg vet ikke, det føltes ikke helt riktig. Jeg har på en måte en personlig tro, men jeg er på mange måter litt sånn motstander av kirken. Det så mye rart som skjer i kirken mange steder. Men jeg føler at her er det en raushet og en inkludering av alle. Den kristne troen kommer foran, så derfor ble det riktig å ta nattverd.

– Er det egentleg gjennom barna du har byrja å gjere det igjen?

– Ja, det er egentlig gjennom barna jeg har begynt å gjøre det.

## *Familienattverd*

Jenny seier at noko som er særleg fint, er å gå til nattverd som familie. Ho fortel at når det er nattverd i vanlege gudstenester, er det gjerne slik at dottera, som syng i koret, går saman med koret som går først.

- Men da pleier vi å være her alle sammen på de gudstjenestene, og da blir han eldste med uten spørsmål, da går vi alle sammen. Og jeg synes det er veldig hyggelig å gjøre det sammen som familie.
- Det kunne ein ikkje før, når ikkje barna hadde lov til å gå?
- Nei, jeg var ikke klar over at barna ikke hadde lov. Jeg skjønner det på en måte, men da tenker jeg: hvorfor får de lov til å døpe seg?

## *Kyrkjeaktiv småbarnsfamilie*

Eva er mor til to små barn, og ho og mannen er aktive i kyrkjelyden. Ho brukar å gå til nattverd og ønskjer at barna skal få erfare kva opplevingar nattverden kan gje.

Det å gå til nattverd er noe jeg gjør fordi jeg søker den roen og tryggheten som en nattverd kan gi. Selv om jeg ikke alltid nødvendigvis har en opplevelse av ro i øyeblikket. Det handler selvfølgelig om at jeg har med barn der. Så jeg tenker jo på at jeg ønsker at barna mine skal selv finne ut hvilke opplevelser de ønsker å ha ved å gjennomføre et slikt ritual. Samtidig som jeg synes det ikke alltid det er ok at jeg bare velger: «Dette skal du gjøre». Så jeg er litt delt i akkurat det.

Vi spør ho om ho synes det er positivt at barn no blir tatt med til nattverd.

- Ja. Fordi jeg synes det skal være for alle, også for barna. Samtidig som jeg synes det kan være vanskelig at vi velger for barna, men det gjør vi jo også i dåpen.
- Når dei er så små er det vel vanskeleg for dei å skjønne kva dei gjer?
- Ja, da velger jeg for dem. Da velger jeg. Ved å la dem gå til nattverd så tenker jeg at da får de en velsignelse og det ønsker jeg at de skal få. Det er derfor vi alltid velger den siden som presten er på for da får barnet en velsignelse.
- Du tenkjer på det som ei velsigningshandling?
- Ja, for barnet.

## *Når er ein gamal nok for nattverd?*

Ho fortel at ho på forhånd var litt usikker på om dottera (som då var nesten 2 år) var for liten til å få nattverd. Ho og mannen hadde snakka om når det var naturleg å gjere, når det var vanleg å byrje. Men når det først skjedde «gikk det litt av seg selv. Det var noe som egentlig bare skjedde uten at vi hadde planlagt det».

Vi begynte å gå her når hun var ganske liten, før hun fylte et år. Men vi deltok da på torsdagsmiddagene og så gikk vi hjem for hun var jo så liten at hun sovnet før det var ferdig. Men det at det var nattverd her var ikke vi klar over før vi bare erfarte det på en barnemesse. Men vi hadde heller ikke oppsøkt noen informasjon om hva som skjedde på barnemessene. Både mannen min og jeg var jo åpne for, hva skal jeg si, en messe. Så at en barnemesse inneholdt nattverd, syntes vi ikke var noe rart egentlig.

## «Å dyppe kjeksen»

Eva seier at den første gangen dottera var med på barnemessa var ei spesiell og fin oppleving.

Det var en veldig spesiell opplevelse. Hun så jo hva de andre barna gjorde og forsto jo at hun skulle gjøre det samme. Det var en veldig fin opplevelse. I det siste har hun snakket litt mer om det å få nattverd. Jeg tror ikke hun har brukt ordet nattverd. Hun «dyppe kjeksen» sier hun. Så det er jo sikkert spennende fordi det er en blanding av stemningen og det at hun faktisk får en kjeks. Om den kjeksen er så god spiller ingen rolle for det er jo en kjeks, og det er veldig spennende.

Når familien går saman til nattverd er dottera nøye på at kjeksen skal duppast før den blir spist, medan lillebroren ikkje alltid gjer det.

– De brukar å gå til nattverd som familie, og då er minstemann også med?

– Storesøster er helt klar på at hun venter med å spise kjeksen til hun har dyppet i glasset til pappaen som hun står sammen med. Men lillebroren får vi ikke alltid til det, han spiser kjeksen med det samme. Av og til får vi til at han dyppe, men det tenker vi ikke er så veldig viktig. De er med på ritualet. Vi begynte jo å ta de med tidlig til nattverdsbordet. Og vi velger alltid den siden som presten står på fordi da får også barnet velsignelse.

– Er det storesøster som går først når det er nattverd, og drar dere med?

– Ja, hun vil gjerne det, for hun er veldig klar over hva vi skal når vi går til nattverd på gudstjenestene på søndager. Så hun er veldig klar over hva vi gjør i kirken. Da tenner vi gjerne lys først før vi går til nattverd. Barn liker jo ting som har fast rekkefølge, så vi gjør alltid det.

## Læring gjennom praksis

Eva liker måten dei involverer barna i nattverden på under barnemessa.

– At barna får være helt tett inntil nattverdbordet og de får lov til å ta på tingene og bære tingene, det synes jeg er en veldig fin måte å gjøre det på. Det synes barna også er fint, de får en oppgave hver, og de store barna tar det veldig alvorlig. Det å bære de forskjellige elementene i nattverden. Der er en veldig fin ramme rundt nattverden på barnemessen.

– Det inntrykket eg sit med når eg har snakka med folk, er at det eg trudde: at det ville kreve mykje forklaringar til barn, når dei skal vere med på nattverd, det er heilt feil?

– Ja, det er helt unødvendig (ler). Men spørsmålet er om de forstår hva det er. De får jo en bitte liten forklaring. Men ellers, barn som sitter i flokk på den måten, de gjør akkurat det de får beskjed om å gjøre.

– Eg har høyrte at presten seier at barna korrigerer han om han gjer noko feil.

– Ja (ler), det kan godt hende

Vi spør Eva om deira dotter har spurt om nattverden.

Nei, hun har vel egentlig ikke spurt noe. Hun er vel som barn flest på den alderen, de spør ikke så mye om ting som skjer i kirken for de følger bare etter og gjør det samme som vi gjør, og synger de samme sangene som vi gjør på søndagsskolen, uten å egentlig stille noe spørsmål ved så mye av det.

### *Foreldre som er usikre på barnenattverd*

Vi spør Eva om det er foreldre som stiller seg spørjande til at så små barn går til nattverd.

Ja, jeg vet det er foreldre som synes det har vært litt vanskelig med barnemesse. Den ene fordi der er han av jødisk opprinnelse og er litt usikker på hva han kan gjøre og ikke gjøre. Og den andre der barnet ikke er døpt, der de er usikre på om barnet kan få nattverd når det ikke er døpt. Han ene vet jeg har snakket med en av prestene her, så da har begge barna fått nattverd, men at de har vært litt usikre på om det har vært greit.

### 7.6 OPPSUMMERING ØSTBY

Østby kyrkjelyd ligg i ein bydel i ein stor by. Kyrkjelyden har hatt høg og veksande gudstenestedeltaking i dei seinare åra. Også nattverdsdeltakinga er høg. Trusopplæringsatsinga i denne kyrkjelyden består av en trusopplæringsstilling på berre 20 prosent og utgjør ein relativt liten del av det samla arbeidet for barn og ungdom.

Ein har problem med å rekruttere barn til årstilboda i trusopplæringsatsinga; ein slår gjerne saman fleire årskull for å få nok deltakarar. Til markeringa av skulestart og utdelinga av bok til 6- og 7-åringar vart det til dømes sendt ut cirka 80 invitasjonar, men berre åtte kom og mottok bok. Trusopplærar samarbeider tett med det kontinuerlege barnearbeidet som samlar mange barnefamiliar. Kyrkjelyden driv eit barnekor, og det er søndagskule under gudstenesta kvar søndag. Sentralt i barnearbeidet er den faste barne- og familiesamlingsdagen kvar torsdag der ein møtes i kyrkjelydshuset for middag og aktivitetar.

### *Barnemesse med nattverd*

Ein torsdag i månaden samlast ein i staden i kyrkja for barnemesse med nattverd. Dette er ei ny messe som ein har utvikla i denne kyrkjelyden. Det er ei vandremesse der ein går gjennom fleire stasjonar og der ein av stasjonane har nattverd. Barna viser stor interesse for å delta i nattverden og har stor «rituell kompetanse». Dei veit nøye kva dei skal gjere og deltek også som nattverdutdelarar. Soknepresten og trusopplærar trur at barna også blir tiltrekt av det mystiske i det som skjer. Mange av foreldra som er med på barnemessa, deltek også i nattverden og seier det er ei fin oppleving å sjå barna få nattverd.

### *Barnemesse med kneling*

Mange barn og småbarnsforeldre deltek også i nattverden under søndagsgudstenestene. Dei kjem frå søndagskulen som blir avslutta når nattverden startar, og er med å bere nattverdelementa fram til alteret. Til skilnad frå Landby og dei fleste andre kyrkjelydar har Østby behalde knelenattverd, truleg fordi mange synest det er ei sterkare og meir høgtidleg oppleving å gå fram og ta i mot nattverden knelande ved alterringen. Foreldre seier også at ei fin side ved barnenattverd er at ein no kan gå saman som familie. Nattverd blir også brukt under trusopplæringstiltak og under den store årlege barnegudstenesta.

### *Dåp og nattverd*

Fleire av dei som kjem til trusopplæringstiltaka i Østby, kan vere udøypte eller høyre til andre trussamfunn, og kan derfor bli usikre på korleis dei skal forholde seg til barnenattverd. Soknepresten i



Østby ønskjer at nattverden skal vere open for alle og synest derfor det kan vere eit problem at Den norske kyrkja lærer at ein må vere døypt for å delta i nattverden. Han seier at når barna først er her, kan ein ikkje utelukke nokon.

### *Barnenattverd i Landby og Østby*

Samanlikning kan vere ein god metode for å oppdage nye samanhengar. Når vi samanliknar «nattverdskulturen» i Østby og Landby er det mange likskapar, men også interessante skilnader. Med atterhald om at vi har eit ufullstendig bilete av kyrkjelydane, vil vi peike på følgjande.

Når det gjeld likskapar er begge stadane kyrkjelydar som feirar nattverd ofte og legg vekt på å opne nattverden for flest mogeleg. Barnenattverd er blitt vanleg begge stader, og arbeidet med barn og ungdom er prega av det vi har kalla ritualiserte praksisar der ein legg vekt på at barna skal bli kjent med kyrkjerommet og kyrkja sine symbol og ritual. Begge stader er det eit tett samarbeid mellom trusopplæringa sine einskildtiltak og det kontinuerlege arbeidet, der korarbeid også har er ein viktig fellesskapsbyggande funksjon.

Når det gjeld skilnader har vi lagt merke til at trusopplæringstiltaka har ei høgare oppslutning i Landby, og dermed når lengre ut med den nye barnenattverden enn i Østby. I Landby deltek en større del av befolkninga, men dei deltek ikkje ofte. Større breiddeoppslutning har truleg samanheng med by-land-skilnader der det er lettare å få brei oppslutning i eit mindre og meir oversikteleg miljø. Men det kan også henge saman med kyrkjetenkinga. Å nå mange, men ikkje nødvendigvis så ofte, er ein uttalt del av Landby sin folkekyrkjelege strategi. Den nye nattverden i Østby er meir knytt til ei «barnefamilie-gudsteneste-kyrkjelyd» som oppsøker kyrkja regelmessig og ganske ofte. For ein del av desse kan ein kanskje seie at nattverdang er blitt ein del av eit vekeritual som ein oppsøker kvar søndag. Det er også interessant at ein i Østby vel ein meir kompleks og tidkrevjande nattverdform ved å praktisere knelenattverd framfor intinksjon, sjølv om soknepresten meiner at intinksjon kunne hatt ein lågare terskel.



## 8 BARNENATTVERD. ANDRE EKSEMPEL

### 8.1 INTRODUKSJON

Østby og Landby gjev primært eksempel på barnenattverd i ein urban kontekst. Vi manglar eksempel frå bygdekyrkjelydar. Kyrkjelydane våre representerer heller ikkje den delen av Norge som er prega av lågkyrkjeleg kultur, eller det som blir omtalt som «bedehusland». Som nemnt tidlegare har ikkje prosjektet hatt ressursar til å drive feltarbeid på fleire stader, men vi vil trekke inn materiale som vi meiner kan supplere eksempelsamlinga vår om barnenattverd. Det første er ein dokumentasjon frå ein bygdekyrkjelyd, kalla Fjordbygd, om nattverdinntroduksjon for 6-åringar. Denne dokumentasjonen er feltarbeidsnotatar frå eit tidlegare prosjekt som ikkje vart brukt og analysert i det prosjektet. Det andre er eit «ekspertintervju» med ein leiar i ein kristen organisasjon om nattverdssyn og nattverdpraksis i bedehusland.

### 8.2 BARNENATTVERD PÅ «6-ÅRSSKOLEN» I FJORDBYGD

#### *Høg oppslutning om utdeling av 6-årsboka*

Utgangspunktet var utdeling av 6-årsbok under hausttakkefesten i kyrkja. Denne utdelinga vart førebudd gjennom det dei kalla «6-årsskolen» som inneheld undervisning om, og øving i nattverd, og feiring av nattverd i hausttakkefest-gudstenesta på søndag. Tiltaket vart gjennomført i to kyrkjer. Oppslutninga om tiltaket var god. 32 seksåringar vart inviterte, 26 kom til utdelinga av 6-årsboka.

Den samlinga vi var med på gjekk føre seg på laurdag, dagen før hausttakkefesten. På laurdagssamlinga skulle ein informere om og øve på nattverd. Presten fortalde oss at han tidlegare har hatt "eit defensivt" forhold til nattverd. Han hadde meint at ein ikkje burde bruke nattverd for ofte, og ikkje saman med familiegudstenester, fordi det kunne skape skilje og verke ekskluderande. Dette hadde han no endra syn på. Faktorar som har bidratt til dette har vore at praktisering av kontinuerleg nattverd i midtgangen har auka oppslutninga og gjort nattverden mindre ekskluderande. Dessutan påverknad frå kantoren i kyrkja som meiner at nattverd høyrer til i ei komplett gudsteneste, og at ein bør arbeide for at flest mogeleg (både barn og vaksne) skal få del i ei fullstendig gudstenestefeiring. Når det gjeld presentasjonen av nattverden seier presten at han knyter det til Jesu død og at han har sagt at vi skal ete brødet og drikke vinen til minne om han. Han seier også at han ikkje problematiserer og forklarar meir enn nødvendig: "Vi berre gjer det."

#### *Nattverdøving med nattverdvegring*

Når øvinga startar forklarar han at han har laga ein god altervin av druesaft, hushaldningssaft, litt vatn og litt kyrkjevin: "Eg har gjort som Espelid-Hovig og TV-kokkane; gjort alt ferdig på førehand, så no går eg og hentar det". Borna har fått vite på førehand i invitasjonen at det skal vere nattverd, men at dei kan velje om dei vil ha brød og vin, berre brød, eller berre velsigning. Presten demonstrerer, saman med kantor korleis ein gjer det. Så kjem borna fram, eit par er skeptiske, ein vil ikkje og klynger seg til mora, ein annan står med armene i kors og må overtalast, men dei fleste prøver. Under prøvinga er det ei munter stemning blant leiarane og foreldra som følgjer barna, men ikkje i same grad blant barna.

### *Gudsteneste som kombinerer det uformelle med det høgtidlege*

I opninga av gudstenesta dagen etter blir det annonsert at det er utdeling av 6-årsbok, og at 6-åringane også har øvd på å gå til nattverd som vil bli praktisert kontinuerleg i midtgangen. Når nattverden byrjar blir midtgangen fylt av folk i alle aldrar. 6-åringane går ikkje for seg sjølv, så det blir ikkje synleg kven av dei som går og ikkje går, men presten meiner etterpå at kring 95 % av seksåringane gjekk til nattverd. Elles blir det mange barn til nattverd, mellom anna ved at dei fleste i barnekoret som syng i gudstenesta, går. Nattverden fører til eit pulserande liv i kyrkja, stemninga verkar lett.

Under fokusintervju med ei gruppe foreldre rett etter gudstenesta, spør vi om deira reaksjonar på barna sin nattverdsgang. Dei fortel at barna spurde heime om kva nattverd var og at dei måtte prøve å svare så godt dei kunne. Eit av barna vil ikkje vere med på grunn av det dei skulle drikke, men dette var heilt greitt, for dei hadde fått vite at det var frivillig å vere med på nattverden. I samtalen kjem det fram at foreldra har eit samansett forhold til barna sin nattverd. Ein far seier at dei er nok for små til å forstå kva det dreier seg om. Dei seier også at barns nattverd er uvant for dei og at dei har vore vant med at nattverd var noko veldig høgtidleg som barn ikkje var med på. Ei mor seier at dei gamle tradisjonane har skapt ei sperre for dei som vaksne i deira forhold til nattverd. På den andre sida; ei mor seier at ho synest at det skal også vere høgtidleg i kyrkja, men når eg spør om ho synest gudstenesta i dag var høgtidleg svarer ho «ja» og får støtte av dei andre foreldra. Det verkar som gudstenesta kombinerer det høgtidlege med det uformelle og at dette også heng saman med presten sin veremåte:

Han er den typen prest som du stopper på fritiden og står og prater med. Veldig sånn uformell i måten han gjør ting på. Det tror jeg er veldig viktig for å få folk til å gå i kirken. Og sånn uro med trafikk i midtgangen med unger og sånn, ungene blir jo lei, og det er vel ikke alle prester som godtar sånt. Han sier jo selv at han ikke har noen problemer med det. Det er klart at hvis de går fram og ikke gjør noe galt i seg selv, så tror jeg at det er veldig viktig at de godtar sånt.

### *Barnekor integrert i liturgien*

Under øvinga for 6-åringane til denne gudstenesta har song og musikk ein viktig funksjon: rørslesong, barnesalmar, ledd i liturgien. Kyrkjelyden har eit barnekor med korkapper. Under gudstenesta medverkar barnekoret kontinuerleg i gudstenesta (inngangsprosesjon, songnummer, medverknad i liturgien under dåp, nattverd, bønner osv.). Barn syng vekselsong, syng solo og leier kyrkjelydssongen. Kantor vekslar mellom orgel og piano framme i kyrkja, dirigerer og instruerer skifte i gudstenesta. Det heile er nøye førebudd og samkøyrd med dei andre i teamet (prest og trusopplærings-medarbeidar og med ein 12 sider detaljert køyreplan for gudstenesta). Det fører til det vi opplevde som ei pulserande gudsteneste, som også gjev døme på korleis barnenattverd kan knytast til liturgi på ein måte som forandrar gudstenestekulturen. Presten seier også at dei fekk mange positive tilbakemeldingar etter gudstenesta, særleg frå foreldre til barn som deltok.

## **8.3 BARN OG NATTVERD I «BEDEHUSLAND»**

For å få vite meir om variasjonar i syn og praksis når det gjeld barnenattverd i Den norske kyrkja, har vi intervju leiaren i landstyret i Normisjon, Tormod Kleiven. Normisjon er ein av dei største kristne organisasjonane innanfor Den norske kyrkja (saman med Det Norske Misjonsselskap, Norsk Luthersk

Misjonssamband og Indremisjonsforbundet). Teologisk og kyrkjepolitisk ligg Normisjon, i følge Kleiven, nokså midt i kyrkjelandskapet når det gjeld forholdet til Den norske kyrkja og synet på sakramenta. Normisjon har etablert 30–40 egne kyrkjelydar gjennom dei siste 20 åra. Han uttalar seg primært om syn og praksis innanfor Normisjon, men seier at han har god kontakt med dei andre organisasjonane og at mykje av det han seier vil gjelde også for dei andre organisasjonane. Kleiven bur i Rømskog kommune som ligg i eit område med mange bedehus og mykje lekmannsarbeid. Sjølv er han aktiv både i kyrkja og på bedehuset, noko som tradisjonelt har vore nokså typisk for «Normisjonsfolket». Sjølv er han klokkar og han har vore med og laga den lokale trusopplæringsplanen for Rømskog. Han har også ei lita stilling som diakon i kyrkja.

### *Eit enkelt forhold til nattverd*

Kleiven seier at Normisjon og dei andre organisasjonane skil seg frå Den norske kyrkja ved å ha eit mindre byråkratisk forhold til verksemda, ein er ikkje så bunden av departementale ordningar og reglar. Organisasjonane er mest opptekne av at verksemda skal vere forankra i sentrale element i læra, men ut over det har ein større fridom til å velje liturgi og arbeidsform.

Jeg vet ikke om barn og nattverd har blitt behandla i Normisjon sentralt. Men det har vært, og er, en veldig enkel forståelse av det. Menighetene i Normisjon er selvstendige enheter, og det er en praksis hvor det sies veldig tydelig at barna er velkommen. Praksis tror jeg er slik som den i dag er i Den norske kirke, at når barna kommer sammen med sine foreldre, eller noen av sine nærmeste, og foreldrene nikker, så får de nattverd. Så er det jo også slik at pastor i Normisjons-menigheter, den som gir nattverd, for en stor del vil kjenne de som kommer og deres bakgrunn, og er trygge på at de som kommer vil at barna skal tilbys nattverd. Barn i veldig ung alder på armen til far og mor kan også gis nattverd, men da styrer jo i enda større grad foreldrene dette. Barn som ikke får nattverd, blir gitt Guds velsignelse. Dette tror jeg har vært en veldig enkel og ukomplisert tradisjon innenfor Normisjon. Jeg tror det er mye av den samme praksis i de andre organisasjonene, det er ganske tett kontakt mellom organisasjonene. Vi møtes på ledernivå jevnlig i ulike sammenhenger.

### *Barnenattverd og dåp*

Vi spør om synet på nattverd og dåp:

Alle disse organisasjonene er forankret i et luthersk barnedåpsyn Dette kan nok til tider ha vært lite verbalisert og underkommunisert i en mer utpreget vekkelsesforkynnelse. Der tror jeg også at det har skjedd en endring, at det de senere årene i større grad er blitt lagt vekt på dåpens betydning.

Men det er ikkje slik at dåp er eit vilkår for å gå til nattverd. På dei store arrangementa for ungdom har ein til dømes nattverd utan at ein spør om dei som går til nattverd er døypte.

Vi krever ikke at folk er døpt for å gå til nattverd. Det er heller slik at om en ser at noen går til nattverd uten å være døpt, tar en heller opp spørsmålet om, og invitasjon til, dåp i etterkant.

### *Skilnad på å prøve nattverd og prøve å gå på skøyter*

– I dag seier nokon prestar når dei treffer folk som aldri har vore til nattverd: «Bare kom og prøv». Kva tenkjer du om det?

– Jeg vil si at det er en altfor enkel måte å si det på. For det er ikke som å prøve å gå på skøyter for å se om jeg liker det (--). Det er noe med språkbruken her som jeg synes blir feil. Og det har nok også å gjøre

med et oppgjør med en type trosforståelse i kirken hvor man tenker at alle egentlig er kristne fordi de er døpt. Det er ikke å ta folk på alvor (--). Forkynnelse kan ikke bare dreie seg om å fortelle at vi alle er omslutta av Guds kjærlighet, den må også handle om livet sine to utganger, om kallet til følge Jesus og om innholdet i og konsekvenser av å tro.

Kleiven seier at spenninga mellom Den norske kyrkja og organisasjonane heng saman med ulik vektlegging i forkynninga, ikkje så mykje ulik praksis i forhold til sakramenta. Organisasjonane sin skepsis mot Den norske kyrkja kan blant anna vere at ho legg for mykje vekt på det skapingsteologiske (første trusartikkel ) og for lite på Jesus-forkynning og andre og tredje trusartikkel.

– Sender «normisjonsfolket» barna sine til trusopplæring og ser på den som dagens kristne barne- og ungdomsarbeid?

– I stor grad, men det er et spørsmål om hvilken trosforståelse som ligger til grunn, og om man har tillit til de som driver arbeidet. Er trosopplærerne mennesker som tror på Jesus, for å si det enkelt? Trosopplæring må dreie seg om trosforståelse og relasjon til Jesus, og ikke generelt om mestring av livet. Om trosopplæring bare er mentalhygiene, for å si det karikert, vil nok mange av de som står i en organisasjonssammenheng kunne tenke: «Vil vi bruke tid på dette?» Samtidig er det et mål innenfor organisasjonens barne- og ungdomsarbeid, at man ønsker å prege trosopplæringen, noe det også i stor grad gis anledning til.

Vi spør om kva han tenkjer om trusopplæringa si vektlegging av at barna skal bli kjent med kyrkjerommet og kyrkja sine ritual. Han seier at dette ikkje nødvendigvis står i motsetning til «normisjonsfolket». Mange av dei har eit sterkt forhold til kyrkjerommet og rituala. Spørsmålet er kva ein brukar det til, handlar det om noko meir enn estetikk og tradisjon?

### *Kven er inkludert i velsigninga og nattverden?*

– Kva er forskjellen på å ta i mot nattverd og å reise seg og ta imot velsigninga?

– Forskjellen er ikke nødvendigvis der i det hele tatt. Men velsignelsen kan du velge å ikke ta imot, eller tenke at dette er ikke noe for meg når jeg sitter i kirkebenken. Nattverd er en aktiv handling hvor du går fram og tar imot. Og hvis du gjør det samme med velsignelsen, så vil jeg si at det er like tydelig tale og bekjennelse som det å gå til nattverd.

Vi hadde en prest, og jeg var klokker, og han sa noen ganger «at også du som ikke går til nattverd er inkludert i nattverden». Jeg sa til han at det kan du ikke si, for det er jo ikke å ta folk på alvor. «Det kan jo være noen som ikke ønsker å bli inkludert i nattverden. Da kan ikke du påstå noe som ikke er sant, at de er inkludert. Det er noe som de må finne ut av om de vil». «Sier du det», sa han. «Da slutter jeg å si det».

Han tok poenget. Nemlig at dette er en inkludering som egentlig er en ekskludering. Jeg tror han også teologisk så at det var en på-kanten-forståelse. For det er klart at nattverd er en mottakelse, det er en giver og en mottaker. Og da må jo begge være enige i at nå gir jeg og nå tar jeg imot.

### *Om nesten alle går?*

– Kva om det blir ei utvikling i nattverdgang frå eit mindretal til at nesten alle går? Kva tenkjer du om det?

– Jeg bor i ei bygd der de som ikke tilhører bedehusfolket har mye kristen substans i seg, fordi bygdefolket i flere generasjoner er blitt utsatt for formidling av kristen tro både i kirke, bedehus og gjennom skolegang. Og det betyr at når folk går til nattverd i Rømskog, og som ikke har gjort det før, så vet de veldig godt hva de gjør. Jeg merker godt forandring i nattverdgang også i Rømskog, ikke minst blant de yngre.

Konfirmantene går i stor grad til nattverd. Men jeg er ganske trygg på at det vet hva det er for noe, samtidig som de opplever at terskelen er lav. Man trenger ikke ha en slik «høy bekjennelse». Man opplever at dette angår meg, jeg har valgt å konfirmere meg og gjør dette som en del av trosretningen i livet mitt. De må vite hva de gjør. Men det er vel mange steder i Norge der man ikke vet hva man gjør på dette området. Jeg tenker at det er viktig å snakke om hva troens substans er, men da i betydning: er du nysgjerrig på, vil du være hos og sammen med Jesus.

Kleiven er positiv til intinksjon fordi den kan gjere nattverden tilgjengeleg for fleire. Han synest det er positivt med nattverd på familiegudstener, noko han seier ville ha vore utenkjeleg for nokre år sidan.

Men han er også oppteken av at nattverden ikkje må bli for alminneleggjort, «sånn karikert i retning av Cola og kjeks». Han meiner det også kan vere viktig å ha knelenattverd og at dei som forvaltar nattverden har nødvendig kompetanse, sjølv om dei ikkje nødvendigvis er prestar.

### *Oppgjer med verdighetskrav og ei kognitivt basert trusforståing*

Han meiner at den nye måten å snakke om og praktisere nattverden på, også er eit oppgjer med gamle tenkjemåtar om nattverden. For det første at ein måtte vere «verdig»:

Det er et håpløst ord fordi det formidler at det er noen av oss som er verdige til å gå til nattverd framfor andre. Nattverden er for syndere, nattverden er for mennesker som trenger det som nattverden også gir, tilgivelse for synder. Men poenget er om jeg vil ha en relasjon til han som gir oss seg selv gjennom nattverden.(--) Men når noen sier at jeg vet ikke om jeg er kommet langt nok, ville jeg ha sagt med stor frimodighet: «Velkommen». Det Jesus spør om er ikke noe annet eller mer enn om du vil ha kontakt med han.

For det andre, er det eit oppgjer mot eit alderskrav som inneber ei for sterk kognitiv forankring av trua:

– Det har vært et nødvendig oppgjør med den mer kognitive forankringen av troen som gjør at man må tenke at man må være over en viss alder for å gå til nattverd. Det er en rar måte å tenke på, selv om man ikke skal underkjenne at det er ulike bevissthetsnivå. Men et barns tro blir jo anerkjent som modellerende for oss voksne. Vi har tidligere tenkt motsatt også i lavkirkelig sammenheng, at barn må over en viss alder for å kalles troende.

– Det blir vel litt meir problematisk med barnenattverd når dei er for små til å forstå kva dei er med på?

– De har like store forutsetninger til å motta nattverd som at vi tror at de er blitt et Guds barn i dåpen. Vi har tillit til at når mamma eller pappa sier at dette er greit, så er det greit. Det er troens liv. For jeg tenker at i den perioden kan barna fullt og helt leve troens liv, forankra i tillit til de nærmeste personene i livet deres.

### *Andre ytringar om nattverd og barnenattverd i «bedehusland»*

For å utfylle biletet av synet på nattverd i «bedehusland», har vi tatt med to andre eksempel på ytringar om dette temaet. Det første er om Norsk Luthersk Misjonssamband som har egne retningslinjer for nattverd, vedtekne av hovudstyret i 2004. Disse retningslinjene slår fast at nattverden er for dei vedkjennande kristne: «Ved innbydelse til nattverd må det understrekes at nattverden er for de som bekjenner Jesus som sin frelser» (sitert i Torsvik Gieselmann 2011: 88).

Det andre eksempelet er frå eit rettleiingsmaterial kalla «Håndbok for bedehuset», som er utgjeve av Indremisjonsforbundet. Indremisjonsforbundet er ein organisasjon, som saman med Misjonssambandet, har blitt rekna som den teologisk mest konservative og kyrkjekritiske av dei frivillige kristne organisasjonane. I denne handboka står det at Indremisjonen både støtter nattverd i kyrkja og nattverd i sine egne samlingar. Når det gjeld kven som kan gå til nattverd, seier handboka at det er alle som ønskjer å følgje Jesus. Vidare at nattverden er for «troens folk. Mennesker som lever åpent i strid med Guds ord, ønskes ikke velkommen til nattverdbordet, men til sjelesørgerisk samtale og hjelp til å bekjenne sin synd og vilje til å leve det nye livet» (Håndbok for bedehuset, pkt.6.3). Når det gjeld den gamle frykta for «uverdige nattverdsgang», seier handboka at det uverdige ikkje handlar om personane som går, men måten ein gjennomfører nattverden på. Det må skje på ein verdig måte, som får fram at nattverd ikkje er som eit vanleg måltid.

Når det gjeld barnenattverd seier handboka at det er greitt når barn kjem saman med sine foreldre og har fått rettleiing. «Det er vanlig praksis i mange sammenhenger at foreldre tar barn med til Herrens bord. Når barna får veiledning om hva dette måltidet er, er det naturlig å praktisere dette også på bedehuset» (Håndbok for bedehuset 2003: pkt. 6.2).

#### 8.4 OPPSUMMERING AV FJORDBYGD OG BEDEHUSLAND

Fjordbygd er eit bygdesamfunn prega av ein folkekyrkjeleg kultur. I dei seinare åra har nattverden blitt brukt oftare og i fleire typar gudstenester. Som i Landby er oppslutninga om trusopplæringa sine arrangement høg. Dette gjer at foreldre, som ikkje har vore vant med å oppleve nattverd, no møter nattverd i mange gudstenester og ser barna sine gå til nattverd. Dei opplever også ei gudsteneste som er meir uformell enn det dei er vant til og der barna har ein meir aktiv og synleg rolle, ikkje minst gjennom eit barnekor som deltek i liturgien. Dei verdset at kyrkja no meir tillet at barna kan vere litt urolege. Dei fleste av barna som kjem på trusopplæringsarrangement med nattverd, deltek også i nattverden og mange av foreldra går saman med dei. I Fjordbygd arrangerer dei, til skilnad frå Landby og Østby, prøvenattverd for barna før sjølve nattverden i hovudgudstenesta. Under prøvenattverden er det fleire av barna som viser skepsis mot å delta.

Eksempelet frå bedehusland tyder på at lågkyrkjelege miljø har praktisert barnenattverd på ein enklare og meir uformell måte. Det kan henge saman med at gudsteneste- og møtekulturen i desse miljøa er meir prega av det vi har kalla «trusfellesskap» der dei som deltek reknar seg som vedkjennande kristne og tek med seg barna sine til ein nattverd dei kjenner. Også i bedehusland er ein opptekne av å fjerne redsla for å gå til nattverd som «uverdige». Uverdige nattverdsgang handlar ikkje om kven som går, men måten ein gjennomfører nattverden på, blir det sagt. Ein vil at nattverden skal vere open for alle som «ønskjer å følgje Jesus», men er samstundes oppteken av å ikkje gjere nattverden så alminneleg at alvoret og høgtida blir borte. Når det gjeld vilkår for å gå til nattverd er ein, i følgje vår informant, ikkje opptekne av dåp og alder. I nokre av desse miljøa gjeld nok framleis synet at nattverden berre er for «vedkjennande kristne».



## 9 DEI TRUSOPPLÆRINGSTILSETTE OM BARNENATTVERD

### 9.1 INNLEIING

I dette kapitelet skal vi presentere resultatane frå ei spørjeskjemaundersøking av tilsette i Den norske kyrkja som arbeider med trusopplæring. Målsetjinga med surveyen var å få kunnskap om haldningar og praksis når det gjeld nattverd, og særleg nattverd for barn. Respondentane blir brukt som informantar om korleis nattverd og barnenattverd blir praktisert i kyrkjelyden dei jobbar i, og dessutan spurt om deira eige syn på nattverd og nattverdspraksis. Vi skal først gjere greie for metoden som er brukt, deretter gje noko bakgrunnsinformasjon om respondentane og deira stillingar. Så skal vi sjå nærare på nattverdssyn og nattverdspraksis i kyrkjelydane der respondentane arbeider, før vi til slutt går inn på barnenattverden sin plass i kyrkjelydane.

### 9.2 METODE OG UTVAL

Granskinga vart gjennomført som ein elektronisk survey sendt til epostadressane til dei som var tilsette i stillingar finansiert av Trusopplæringsreformen. Dei som har svart på undersøkinga har det til felles at dei er tilsett i slike stillingar. Dei kan ha ulike yrkesbakgrunnar og ulike stillingsnamn. I vårt materiale omtaler den største gruppa seg som «trusopplærarar» (30 %), nest størst er gruppa av «kyrkjelydspedagogar» (25 %) og på tredje plass «kateketar» (18 %). I teksten vil vi oftast bruke den stillingsnamnet dei sjølv brukar, men i nokre tilfelle når vi har behov for å omtale heile gruppa vil vi av praktiske grunnar omtale dei som «trusopplæringstilsette» eller «trusopplærarar» (sjølv om vi er klar over at det siste er eit stillingsnamn som ikkje alle i desse stillingane liker å bruke).

**Tabell 2 Stillingsbetegnelse. Hvilken stillingsbetegnelse har den stillingen du jobber mest i? (kun ett kryss mulig)**

Trosopplærar	30,3
Kyrkjelydspedagog	25,2
Kateket	18,3
Barne- og ungdomsarbeider	0,5
Diakon	0,5
Annet	25,2
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 218

Spørjeskjemaet vart sendt ut 23.04.2018. Det vart sendt ut ei purring til dei som ikkje hadde svart. Datainnsamlinga vart avslutta 23.06.2018. Av dei 545 som fekk tilsendt skjemaet, kom det inn svar frå 218. Dette svarer til ein svarprosent på 40 % som må betraktast som ein relativt vanleg svarprosent for slike studiar (sjå seinare kommentar om representativitet). Svarprosenten på dei einskilde spørsmåla er høg, og respondentane har gjeve omfattande kommentarar på tema der det er opna for dette. Dette, saman med positive kommentarar til undersøkinga, tyder på at surveyen har fungert bra.

### 9.3 DEI SOM HAR SVART

Mange av dei som svarte hadde stilling knytt til fleire kyrkjelydar (46 %). Dei som hadde det, vart bedne om å svare på skjemaet ut frå den kyrkjelyden der dei hadde den største stillingsdelen. Eit fleirtal (59

%) av informantane hadde full stilling, men dette kunne vere knytt til fleire kyrkjelydar. Når det gjaldt tid i stillinga var det vanlegaste 3–5 år. Mange av dei trusopplæringstilsette hadde lang butid på staden der dei no budde (62 % meir enn 10 år). Informantgruppa er kvinnedominert (3 av 4). Når det gjeld alder, er dei fleste av trusopplærarane (72 %) i alderskategorien 35-59 år. Når det gjeld geografi, er alle fylka representerte med Rogaland (27), Agder og Oslo (begge 25) som dei største gruppene. Variasjonen mellom by og land er også bra representert med informantar frå kyrkjelydar på bygda, i småbyar og større byar, sjølv om vi ikkje veit om den relative fordelinga i utvalet langs by-land aksen avspeglar den norske kyrkjegeografien.

Når det gjeld kyrkjemedlemskap er 96 % av dei trusopplæringstilsette som har svart, medlemmer av Den norske kyrkja. Når det gjeld medlemskap i andre kyrkjesamfunn og religiøse organisasjonar ser fordelinga slik ut: KFUK/KFUM: 13.5 % (29), Det Norske Misjonsselskap: 6.9 % (15), Normisjon 4.7 % (10), Den Evangelisk Lutherske Frikirke 1.4 % (3), Norsk Luthersk Misjonssamband 1.4% (3), Indremisjonsforbundet 0.9 % (2), Pinsebevegelsen 0.5 % (1). Fordelinga mellom kyrkjesamfunna og organisasjonane er som forventa når ein ser på forholdet deira til Den norske kyrkja sin teologi og arbeidsform (flest med medlemskap i dei «kyrkjenære» organisasjonane KFUK/KFUM og Det Norske Misjonsfelleskap, og færrest frå dei mest lågkyrkjelege og karismatiske (Misjonssambandet, Indremisjonsforbundet, Pinsebevegelsen).

#### 9.4 NATTVERDSFORM OG NATTVERDSOPPSLUTNING

Når barn får tilgang til nattverd får dei, som vi har vore inne på, tilgang til eit ritual som har lange tradisjonar og som truleg blir forstått og praktisert på ulike måtar i ulike deler av kyrkje-Norge. Vi har derfor, før vi spør om barnenattverd i dei ulike kyrkjelydar, spurt om korleis nattverd blir forstått og praktisert.

##### *Nattverdsform: intinksjon har tatt over*

Den vanlege nattverdforma var i mange år «knelenattverd» der nattverdsgjestene kom fram, knelte rundt altarringen og fekk oblat og nattverdsvin i eit beger. I dei seinare åra har ei ny nattverdsform blitt introdusert, der nattverdsgjestene mottek nattverd ståande ved å få ein oblat i handa og duppe denne i nattverdsvinen som ein nattverdutdelar held fram. Denne forma, som kallast «intinksjon» (eller i folkeleg omtale «duppenattverd»), kan praktiserast på ulike stader eller «stasjonar», anten det er i kyrkjerommet, i andre lokalar, eller i friluft. I dag blir begge formene (og variantar innanfor desse) brukt i norske kyrkjelydar. Vi har spurt kva form som er vanlegaste og fått kommentarar på når og kvifor ein vel dei ulike alternativa.

**Tabell 3 Nattverdforn. Hvordan feires/praktiseres nattverd i din menighet?**

Bare gjennom nattverd ved kneling	3,2
Bare gjennom intinksjon	12,8
Begge former like vanlige	28,0
Begge former, men "knelenattverd" er vanligst	12,4
Begge former, men intinksjon er vanligst	41,3
Vet ikkje	0,5
Annet	1,8
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 213

Resultata viser at begge nattverdsformer er vanlege, men at intinksjon no er blitt den dominerande forma. I 54 % av kyrkjelydane er intinksjon enten den einaste eller den vanlegast forma, medan tilsvarende tal for knelenattverd er 15.6 %.

### *Intinksjon når barn deltek*

I kommentarane til dette spørsmålet går det fram at val av nattverdsform varierer både med kyrkjelyd og kva type gudsteneste det dreier seg om. Når det gjeld type gudsteneste er det ein gjennomgåande kommentar at ein vel intinksjon i familiegudstenester og gudstenester i samband med trusopplæringstiltak (blir nemnt eksplisitt av 21 av dei 41 som har kommentert dette). Dette kan i nokre tilfelle henge saman med den typen av liturgi ein har valt i desse gudstenestene: «Vi har en vandre-gudstjeneste-liturgi som brukes på de fleste trosopplæringstiltakene. I den liturgien er nattverd en del av vandringen og foregår ved intinksjon». Andre trekk ved gudstenestene som dreg i retning av intinksjon er at det er særleg mange tilstades, til dømes ved fleire dåp i gudstenesta, fordi ein meiner intinksjon fører til ei raskare avvikling av nattverden. Ein grunn til å velje intinksjon kan òg vere avvikling av nattverd i andre lokale enn kyrkjerommet (kyrkjelydshus, bydelshus), der det ikkje er alterring eller «knelebenk» som del av inventaret. Som argument for intinksjon blir også nemnt problem ved sjølve knelinga, reint fysisk eller symbolsk: «Grunnen er at fleire i kyrkjelyden har dårlige knær». «Dagens mennesker liker ikke å knele, det er ydmykende for dem (og de liker heller ikke syndsbekjennelse)».

### *«Hellig uorden i nattverdkøen»*

Gjennomgående tyder kommentarane på at intinksjon er ei nattverdsform som ein meiner har lågare terskel og at ein vel denne når det er særleg viktig å senke terskelen. «Dessuten synes alterringen å virke for flere som en «sperre» for å motta nattverden».

Grunnen til at vi har begge nattverdsformer i vår menighet er at vi ønsker å skape en «hellig uorden» i nattverdkøen. På den måten ønsker vi å gjøre det mindre synlig hvem som går til nattverd og hvem som sitter igjen i benken. Tradisjonen i vår menighet har dessverre vært at en har gått benk for benk fram, da har det blitt veldig synlig hvem som velger å gå/ikke gå til nattverd.

### *Knelenattverd meir høgtidleg*

I eit mindretal av kyrkjelydar er knelenattverd framleis hovudforma, og intinksjon berre brukt ved særlege høve. Men hovudmønsteret er blitt det motsette, med intinksjon som det vanlege og knelenattverd som unntaket. Ein «trusopplærar» som arbeider i tre kyrkjelydar seier at i den eine av desse ønskjer ein oftare å knele ved utdeling. «Det praktiseres på gudstjenester der det eldste alderssegmentet er faste kirkgjengere». Andre nemner at knelenattverd for nokon blir opplevd som

meir høgtidleg og at det blir teke omsyn til dette ved å ha det i nokre gudstenester: «Noen i menigheten synes det er en større opplevelse å knele sammen med andre rundt alterringen. Det handler både om fellesskap, ro og høytid».

Nokon av respondentane er også sjølv av den oppfatning at knelenattverd er å foretrekke og at denne forma ikkje må forsvinne, «vi ønsker å ta tilbake kneling også»:

Intinksjon er en nødløsning hvis det er mange til stede. Men intinksjon er ingen god ordning da opplevelsen av å få vin (blod) blir mangelfull. Vi gjennomfører 2–3 nattverdsgudstjenester i året med kneling rundt alteret, om sommeren, i advent og i påska, gjerne skjærtorsdag.

#### *Lystenning blir kombinert med nattverd*

At gudstenestedeltakarar tenner lys i kyrkjerommet er blitt ein vanlegare skikk i dei seinare åra. Dette skjedde i starten mest på lysglober som var plassert bak i kyrkja og oftast føre eller etter gudstenesta. Ein relativt ny tradisjon er å tenne lys under gudstenesta i samband med nattverd. Det blir då invitert til lystenning samstundes som ein inviterer til nattverd, og ein kan tenne lys, gå til nattverd eller gjere begge deler. Lystenninga skjer då som oftast saman med nattverd ved intinksjon, der det er plassert ein lysglobe eller annan plass for lystenning i nærleiken av «nattverdsstasjonen». Vi har spurt om kor vanleg denne tradisjonen har blitt.

**Tabell 4 Lystenning og nattverd. Er det vanlig at det inviteres til lystenning samtidig med nattverd i din menighet?**

Ja	63,8
Nei	33,8
Vet ikke	2,3
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 213

Som tabellen viser er det no blitt vanleg (i 64 % av kyrkjelydaene) å kombinere nattverd med lystenning.

#### *Dei aller fleste som går til gudsteneste går også til nattverd*

Nattverd er eit ritual som inngår i gudstenesta. Det vil truleg ha tyding for barn sitt forhold til nattverden, kor vanleg det er at dei som går til gudsteneste også går til nattverd.

**Tabell 5 Oppslutning om nattverd. Hvor vanlig er det å gå til nattverd i din menighet under en vanlig høgmesse?**

Et mindretall av gudstjenestedeltakerne går til nattverd	8,3
Ca. halvparten av gudstjenestedeltakerne går til nattverd	14,8
Et flertall av gudstjenestedeltakerne går til nattverd	56,9
Alle, eller nesten alle gudstjenestedeltakerne, går til nattverd	13,9
Vet ikkje	3,7
Annet	2,3
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 216

Resultata viser at alle, eller eit fleirtal av gudstenestedeltakarane, går til nattverd (71%).

### Kven bør gå til nattverd?

Eit stort og kontroversielt spørsmål i norsk kyrkjeehistorie har vore spørsmålet om kven som kan gå til nattverd. Vi har derfor spurt «trusopplærarane» om å ta stilling til to påstander som uttrykker ulike syn på dette: «Bare bekjennende kristne bør gå til nattverd» og «Alle som ønsker det kan gå til nattverd».

**Tabell 6 Hvem kan gå til nattverd? «Bare bekjennende kristne bør gå til nattverd»**

Helt uenig	34,5
Uenig	29,4
Verken eller	11,3
Enig	12,9
Helt enig	9,3
Vet ikkje	2,6
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 194

**Tabell 7 Hvem kan gå til nattverd. «Alle som ønsker det kan gå til nattverd»**

Helt uenig	2,3
Uenig	1,9
Verken eller	4,7
Enig	24,4
Helt enig	65,7
Vet ikkje	0,9
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 213

Som tabellane viser er dei fleste (64 %) ueinige i det som har vore eit viktig, og til tider dominerande syn, i norsk nattverdstradisjon; at berre vedkjennande kristne bør gå til nattverd. Nesten alle (90 %) meiner at alle som ønskjer det kan gå til nattverd. Samstundes viser tala at det framleis er eit betydeleg mindretal (22 %) som stør det som har vore eit utbreidd syn på nattverdangang; at berre vedkjennande kristne bør gå.

Mange (64) har utdjupande kommentarar til svara på desse spørsmåla. Den vanlegaste kommentaren er å problematisere omgrepet «bekjennende kristen»: «Hva ligger i «bekjennende kristne»? Etter min erfaring er det mange som har utfordringer med å sette ord på troen, men troen er der like fullt». «Hvem er bekjennende kristne? Hvem skal avgjøre det?». «Jeg stusser på formuleringen av spørsmålet. Hos oss sier vi at alle som ønsker å tro på Jesus, er invitert til å delta – uansett alder. Vi bruker aldri uttrykket «bekjennende kristne».

Fleire meiner at nettopp det å gå til nattverd kan vere ei vedkjenning: «Hva ligger i begrepet bekjennende? Man kan bekjenne nettopp ved å gå til nattverd». Ut frå ei slik forståing blir det mogeleg å støtte begge påstandane. «Behøver det å være en motsetning? Eller kan man tenke at nattverd er en form for bekjennelse».

Mange er opptekne av at nattverden må vere open for alle og at å sette krav om vedkjenning kan stenge folk ute. Samstundes understrekar fleire at å ønske å gå må vere eit ønske om å tru eller «å ha noe med Jesus å gjøre». Slik sett er nattverden for dei truande, eller som nokon seier, for «bekjennende kristne»: «Nattverd er en hellig handling og Jesus oppfordrer til dette, ut fra dette bør bare

bekjennende kristne gå til nattverd. På den andre siden er nattverd nåde (- -). Jeg tenker at man kan ta imot nattverd som en gave, uavhengig av tvil».

Fleire understrekar at nattverd er ei «heilag handling» og dei som kjem til nattverd må ha det som utgangspunkt. Det gjer at nokre måtar å gå til nattverd på vil vere uakseptable. Alle kan gå, men det er «basert på tillit til at den som går er klar over at det er en hellig handling og ikke gjør det «for løye»». «Nattverden er mer enn et vanlig måltid i kirken». «Jeg vil fraråde å gå til nattverd kun av nysgjerrighetsgrunner, som for eksempel smake på vinen eller brødet. Det kan de gjøre utenom selve nattverdshandlingen».

To av kommentarane er også opptekne av at nattverden er eit mysterium og kan virke uavhengig av motivasjonen hjå nattverdsgjesten.

For om noen velger å gå til nattverd selv om de ikke tror, så er jo Gud like mye til stede i brødet og vinen som gis til dem, og at det kan gjøre en forandring i deres liv uten at vi andre nødvendigvis ser det eller får vite om det....

Man lar brød og vin bli en del av ens egen kropp, fyke rundt i blodårer og bidra til kroppens vekst og styrke. Dette er en sterk handling som jeg tror kompliseres av ord knyttet til bekjennelse. Mange har en tro som er åpen. Det gjør ikke Gud eller nattverdsmysteriet mindre. Samtidig har mange et komplekst forhold til nattverd, hos mange sitter det igjen fra gammelt av. Kirken bør gjøre nattverd til en naturlig gledeshandling – den trenger ikke fremstå så komplisert.

#### *Når passer det med nattverd?*

Som vi har vore inne på har det vore ulike syn og praksisar når det gjeld spørsmålet om kor ofte og i kva gudstenester ein har nattverd. Kyrkjestatikken viser at praksisen er under endring ved at talet på gudstenester med nattverd er stigande. Det gjeld både om ein ser på talet og om ein ser på andelen av gudstenester som har nattverd. I ordninga for gudstenester i Den norske kyrkja heiter det at det normalt skal «feirast nattverd i hovudgudstenesta» (Gudsteneste for Den norske kyrkja 2011: 2.26). Vi var interessert i å vite kva vekt ein tillegg ulike kriterium når det gjeld vurdering av bruk av nattverd i gudstenesta. Ut frå casestudia fekk vi inntrykk av at det særleg var to kriterium som vart vektlagt. For det første om ein av praktiske og tidsmessige grunnar ville avvike frå prinsippet om nattverd som normalordning (til dømes når det var særleg mange til stades og det ville ta lang tid å avvikle nattverdgang). For det andre om ein ut frå omsynet til at nattverdgang kunne opplevast som ekskluderande for nokon av dei som var til stades, ville vurdere å sløyfe nattverd.

**Tabell 8 Når passer det med nattverd. Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstander?: Det bør være nattverd i alle gudstjenester, med unntak av de gudstjenester der det av praktiske og tidsmessige grunner vil være vanskelig**

Helt uenig	2,3
Uenig	16,0
Verken eller	10,3
Enig	35,7
Helt enig	33,8
Vet ikkje	1,9
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 213

**Tabell 9 Når passer det med nattverd. Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstander?: I noen tilfeller bør man ikke ha nattverd fordi det kan oppleves ekskluderende for noen som er til stede**

Helt uenig	15,8
Uenig	33,7
Verken eller	12,9
Enig	24,3
Helt enig	7,9
Vet ikkje	5,4
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 202


Resultata viser at praktiske og tidsmessige omsyn blir sterkt vektlagt (69.5% er enig/heilt enig i at dette kan vere ein grunn til å ikkje ha nattverd). Omsynet til at nokon kan oppleve nattverd som ekskluderande veg langt mindre (berre 32.2 % er enig/heilt enig i at det kan vere grunn til å ikkje ha nattverd i gudstenesta). Sjølv om dette er hovudtendens i materialet, viser svara også at dette er spørsmål som dei fleste har ei oppfatning om og som det finst ulike syn på (få svarar «veit ikkje» eller «verken eller»).

### *Nattverd i kva type gudstjenester?*

For å konkretisere vurderingane av nattverden sin plass i gudstenesta har vi bedt respondentane å ta stilling til om nattverd passer i ulike gudstjenestetypar. Sidan spørsmål om nattverd ofte har handla om

nattverden sin plass innanfor den breiare folkekyrkje-kyrkjelyden (eller seremonibrukarane), har vi tatt utgangspunkt i gudstenester der denne erfaringsmessig vil vere særleg godt representert.

**Figur 4 Nattverd og type gudstjenester. I hvilke gudstjenester passer det med nattverd?**



Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018

Respondentane meiner at nattverd passer dårleg på julaften- og 17.mai-gudstenester, men passer fint på gudstenester med dåp og på familiegudstenester. Når det gjeld konfirmasjonsgudstenester er oppfatningane meir delte.

Rekkefølgen i prioriteringane er ikkje overraskande, men det er viktig å minne om at det her har skjedd store endringar. For nokre tiår sidan ville det vere utenkjeleg med nattverd under ei familiegudsteneste, før 1993 fordi barn ikkje hadde tilgang til nattverd, men også fleire år etter fordi det var uvanleg at barn gjekk til nattverd. I tillegg kom truleg også ekskluderingsproblemet, fordi mange oppfatta dette som eit splittande innslag i ei gudsteneste der det kom mange som ikkje var faste gudstenestedeltakarar.

I kommentarane til svara er hovudintrykket at dei aller fleste meiner at det bør vere nattverd i ei gudsteneste, dersom ikkje andre omsyn gjer det problematisk. Når det gjeld andre omsyn er praktiske og tidsmessige grunnar det vanlegaste. På dei gudstenestene det er mest folk (særleg julekvelden, 17.mai og konfirmasjon) meiner ein det vil vere praktisk umogeleg å gjennomføre nattverd innanfor rimelege tidsrammer:

- Jeg har erfaringer med konfirmasjonsgudstjenester som er veldig fulle. Der er det praktisk umulig. Samme med julaften. Er det imidlertid færre, er det ikke noe problem å legge inn elementet nattverd.
- Det vil ikke være tid til å gjennomføre nattverd, selv om det ville være en flott inngang til julehøytiden.

Når det gjeld 17. mai, seier ein informant at i hans sokn er det gudstenester i to idrettshallar med til saman mellom 2000 og 3000 deltakarar: «Det vil være svært krevende både på tid og ressurser å gjennomføre nattverd på denne dagen. Samt at den lokale 17. mai-komiteen ville nok ikke ha godkjent nattverd her». Ein annan informant nemner også ekskluderingsproblemet med nattverdsfeiring på



slike dagar: «På 17. mai og til konfirmasjon skjer det mye og det er også en sammensetning der ikke alle føler seg komfortable med å gå til nattverd».

Nokon meiner også at alt det som skjer på slike dagar, påverkar folk på ein måte som gjer dagane ueigna for nattverd:

- Julaftan og 17.mai er det mange som er utolmodige med å kome vidare med dagen. Derfor høver det dårleg å forlenge gudstenesta med nattverd.
- Nattverd er fint og viktig, men det mister sitt fokus viss alle de som er til stede sitter og tenker på julemiddagen, barnetoget eller konfirmasjonstalen.

Når det gjeld nattverd ved konfirmasjon, vel fleire av kyrkjelydane ei løysing der dei har nattverd under samtalegudstenesta, men ikkje på sjølve konfirmasjonsdagen.

Ved konfirmasjon kunne man nok fått et veldig ubehagelig skille mellom de som er bekvem med nattverd og de som knapt går i kirka ellers. Under samtalegudstjeneste har vi nattverd og mange deltar da.

Ved dåpsgudstenester og familiegudstenester synest dei fleste at det passer med nattverd. Men nokon seier at nattverd her også kan fungere ekskluderande, til dømes i trusopplæringa sine breiddearrangement for små barn eller i dåpsgudstenester med mange dåp:

- Vi har sjelden nattverd i familiegudstjenester for de minste, kirkebok for 4-åringer og «Sprell-levende-gudstjenester»
- Nattverd passer ikke i alle trosopplæringsgudstjenester. I flere av våre kirker er det veldig tydelig at de som kommer pga. trosopplæring sitter og de vanlige kirkegjengerne går til nattverd. Det er ofte veldig ekskluderende.
- Vi har ikke nattverd i familiegudstjenester med utdeling av bok til fireåringer og seksåringer, og ikke i Tårnagentgudstjeneste»
- Dåp og nattverd på samme gudstjeneste er ok noen ganger. Men fire dåp og nattverd blir lett en gudstjeneste der «benkesliterne» i kirka går til nattverd, mens resten sitter og ser på. Da oppnår en motsatt effekt av det man ønsker. I stedet for å normalisere nattverden blir det en understreking av følelsen av å ikke høre helt til.

## 9.5 BARN OG NATTVERD

I det følgjande skal vi sjå nærare på barna sin plass i nattverden. Kor vanleg har det blitt at barn deltek i nattverden? På kva alderstrinn blir nattverd introdusert og korleis blir den introdusert? Korleis er nattverd knytt til trusopplæringsarbeidet? Kva vilkår meiner «trusopplærarane» må vere innfridde for at barn kan delta, må dei til dømes vere døypte? Korleis påverkar barn sin nattverdgang forståinga og gjennomføringa av nattverden i kyrkjelyden, er den til dømes med på å senke terskelen for nattverddeltaking? Dette er nokre av dei spørsmåla vi skal prøve å finne svar på.

### *Barnenattverd har slått igjennom*

Barn fekk tilgang til nattverd i 1993, men så langt har vi ikkje hatt tal som viser kva tyding dette har fått i praksis. Svara frå «trusopplærarane» tyder på at barnenattverd no er blitt vanleg i ni av ti norske

kyrkjelydar (88 % seier at det er blitt vanleg at barn deltek i nattverd i deira kyrkjelyd). Spør vi om i kva samanhengar barn deltek, viser svara at det gjeld både under vanlege gudstenester og på trusopplæringsarrangement:

**Tabell 10 Barnenattverd i hvilke sammenhenger. I hvilke sammenhenger deltar barn (under konfirmasjonsalder) vanligvis i nattverd i din menighet (flere kryss mulige):**

Barn deltar i nattverd under «vanlige» gudstjenester	82,2
Barn deltar i nattverd på trosopplæringsarrangement for barna og barnas foreldre	70,1
Barn deltar sjelden eller aldri i nattverd i min menighet	6,1
Annet	1,4
Vet ikkje	0,9

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Prosent som har krysset av ved alternativ. N = 214

Når vi spør når dette vart vanleg, er mange av respondentane naturleg nok usikre (40 % «vet ikke»). Dette er forhold det ikkje er registrert opplysningar om, og endringar kan ha skjedd for mange år sidan før den som svarte var tilsett i kyrkjelyden.

**Tabell 11 Når ble barnenattverd vanlig. Når mener du det ble vanlig at barn (under konfirmasjonsalder) deltar i nattverd i din menighet?**

Før 1995	8,7
1995-2005	22,9
2006-2010	16,1
2011-2015	7,8
Etter 2015	1,4
Er ikke vanlig å delta	2,8
Vet ikkje	40,4
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 218

Dersom vi tek utgangspunkt i dei som har oppfatningar om når det skjedde (og ser bort frå «vet ikke» gruppa) tyder resultatata på at det meste av endringa skjedde i perioden 1995-2010 (i 65 % av kyrkjelydane).

### *Barn har fått fleire rituelle roller i nattverden*

Frå 1993 fekk barn løyve til å motta nattverd, men seinare praksis viser også at barn kan ha fleire oppgåver og roller under nattverden enn å vere mottakarar. I ordninga for gudsteneste i Den norske kyrkja heiter det at «born kan vera med som medliturgar også under nattverden, til dømes ved å bere fram elementa» (Gudstenesta for Den norske kyrkja 2011: 8.48). Dei som skal delta som medliturgar ved å dele ut vinen, skal normalt ha oppnådd den religiøse «myndighetsalderen», men «i visse høve

klan vere aktuelt å bruke nattverdsutdelarar som er under 15 år» ( Gudstenesta for Den norske kyrkja 2011: 8.48).

Sidan gudstenesteordninga no opnar for ulike alternativ, spør vi kor utbreidd det er blitt å bruke barn som medliturgar under nattverd, og kva oppgåver det kan dreie seg om.

**Tabell 12 Barn som utdelere eller medhjelpere. Hender det at barn (under konfirmasjonsalder) deltar som utdelere eller medhjelpere under nattverden i din menighet? (flere kryss mulige)**

Nei, deltar ikke som medhjelpere eller utdelere	45,6
Ja, ved å bære fram nattverdselementene	44,2
Ja, som utdelere	28,8
Ja, som lysbærere eller lysholdere	27,4
Annet	4,2

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkja 2018. Prosent som har krysset av ved alternativ. N = 215

Resultata viser at barna har fått roller i nattverdliturgien i kring halvparten av dei undersøkte kyrkjelydane. Vanlegaste er det at dei er med å bære fram nattverdselementa (44 %), men i nesten tredjedelen av kyrkjelydane hender det også at barn er med som utdelar eller som lysbærar eller lyshaldar. Dette er oppgåver som høver godt inn i Trusopplæringsreformen sin pedagogiske profil som legg vekt på involvere barn i gudstenesta og skape tilknytning til kyrkja gjennom deltaking i rituelle praksisar.

#### *I kva alder blir nattverd introdusert?*

Nattverd var tidlegare knytt til overgangen når ein vart konfirmert. Nattverden vart så fristilt frå konfirmasjon og seinare også frå bestemte aldersgrenser. Dette opna det for ulike alternativ for når nattverden kan introduserast i trusopplæringsarbeidet.

**Tabell 13 Barnenattverd og alder. Når (på hvilket aldersnivå) blir nattverd vanligvis introdusert under trosopplærings/barne- og ungdoms-arbeidet i din menighet?**

Under 4-års alder	10,3
4 års alder	10,7
5-6 års alder	26,6
7-12 års alder	36,0
13-18 års alder	6,5
Vet ikkje	9,8
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkja 2018. Oppgitt i prosent. N = 214

Svara viser at ein ikkje har samla seg om noko nytt aldersnivå for introdusering av nattverd, men at det vanlegaste er å gjere dette i den eldste aldersgruppa før «konfirmasjonsalderen», altså 7-12 års alderen (36 %). Det er også interessant å merke seg at det er stor spreing i denne praksisen og at 21 % introduserer nattverd så tidleg som i 4-års alderen, eller yngre.

### Nattverd vanlegaste i arrangementa for dei eldste barna

Meir informasjon om trusopplæringa si praktisering av barnenattverd får vi når vi spør om bruken av nattverd i ulike typar arrangement.

**Tabell 14** Tiltak med barnenattverd. I tilknytning til hvilke gudstjenester/trosopplæringstiltak er det vanlig å ha nattverd for barn i din menighet?

Lys våken	66,0
Tårnagenthelg	59,1
Arrangement for 6-åringar	48,8
Annet	39,1
Utdeling av 4-års-bok	38,1
Vet ikkje	10,2

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. N = 215

Resultat viser at nattverd blir vanlegare å bruke jo eldre barna som deltek på arrangementa er. Vanlegaste er det under «Lys Våken» som er eit tilbod til 11-åringar.

### Korleis blir nattverd introdusert?

Nattverd er eit nytt sakrament for barn. Det fins, så langt vi kjenner til, ingen offisielle kyrkjelege retningslinjer (ut over nattverdslitugien) for korleis nattverd skal introduserast for barn og i Plan for trusopplæring er det heller ikkje utforma nokon rettleiing for dette (Kirkerådet 2010). Den einskilde kyrkjelyden og trusopplærar står derfor relativt fritt i korleis ein gjennomfører dette. Vi har både spurt om kva vekt det blir lagt på praktiske forklaringar, og kva vekt det blir lagt på å forklare meininga i handlinga.

**Tabell 15** Introduksjon av barnenattverd. Hvordan blir nattverd introdusert under trosopplærings/barne- og ungdomsarbeidet i din menighet? (flere kryss mulig).

Introdusert ved å forklare hva som er meningen med nattverden	71,0
Introduksjon ved å vise oblater og «nattverdvin»	65,9
Introduksjon ved at det gjennomføres en «prøvenattverd» der barna får brød og «vin»	35,5
Ingen spesiell introduksjon	17,5
Annet	10,6
Vet ikkje	2,3

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Prosent som har krysset av ved alternativ.

Resultata viser at det i introduksjon av nattverd blir lagt vekt på både å forklare meining og vise praktisk korleis det går føre seg. Når det gjeld det siste kan det vere interessant å merke seg at den praktiske introduksjonen primært ser ut til å dreie seg om å vise og smake på elementa i nattverden (65.9 %) og skjeldnare om å gjennomføre «prøvenattverd». «Ungane får som regel prøve brød og «vin»/saft på søndagsskulen utan at me leiker nattverd». Dette kan henge saman med at smaking på brød og vin kan gjennomførast av ein trusopplæringstilsett, medan ein prøvenattverd også vil krevje ein prest som må innstifte «prøve-nattverden». Det kan også henge saman med liturgiske og pedagogiske problem ved å gjennomføre ein «prøveversjon» av ei heilag handling, noko vi vil kome tilbake til seinare i analysen.

## Forklaring av meininga med nattverd

**Tabell 16** Forklaringer av nattverd. Hvordan bruker du å forklare meiningen med nattverd til barn (under konfirmasjonsalder)? (krysse av inntil tre alternativer)

Nattverden er et måltid til minne om Jesus	64,2
I nattverden får vi Jesu legeme og blod	54,1
Nattverd er noe vi gjør fordi Jesus har sagt det	40,8
Nattverd er mat for troen	24,3
Legger hovudvekt på å forklare praktisk hvordan det foregår	21,1
Annet	14,7
Nattverd er å spise sammen med Jesus	9,6
Bare gjør det uten (mye) forklaringer	8,3
Ved å gå til nattverd viser vi at vi er kristne	8,3
Vet ikkje	5,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. N = 218

Vi spurde også om korleis dei trusopplæringstilsette forklarar meininga med nattverden. Vi tok utgangspunkt i forklaringar vi hadde høyrte brukt i casekyrkjelydane og i formuleringar som ligg nær det som blir sagt i innstiftingsorda av nattverden. Vi ser at dei forklaringar som blir mest brukt er slike som ligg nær opp til natverdsliturgien («måltid til mine om Jesus», «Får Jesu legeme og blod», «fordi Jesus har sagt det»). Lågaste oppslutning får forklaringa av nattverdgang som ei handling der «vi viser at vi er kristne» (som er vel nærmaste opp til det vi kan kalle nattverdgang som vedkjenningshandling).

## 9.6 VILKÅR FOR AT BARN KAN DELTA

I den teologiske utgreiinga som førte til opning for barnenattverd i 1993, var fleire ulike vilkår for barn si deltaking oppe til diskusjon (sjå kapittel 2). Vi har spurt trusopplærarane om kva vilkår dei meiner som bør vere innfridde for at barn kan delta i nattverd.

**Tabell 17** Betingelser for å delta. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd?

Barnet må ville det sjølv	94,8
Barnet må ha fått veiledning om nattverden	55,5
Foreldrene må være informert og ha gitt samtykke	51,0
Barnet må være døpt	24,3
Barnet må forstå hva det er med på	23,1
Barnet må være over en viss alder	15,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Prosent som har svart «helt enig» eller «enig» («vet ikke» er tatt ut av analysen). N = 206–213

Det vilkåret som dei fleste meiner må vere innfridd er vilkåret om barnet si sjølvbestemming («barnet må ville det sjølv» 95 %). Lågast oppslutning har kravet om ein minstealder for deltaking, 15 %. Elles er det interessant å merke seg at berre 24 % meiner at det er eit vilkår at barnet er døpt, etter som det heiter i gudstenesteordninga at «alle som er døpte kan ta del i nattverden» (Gudstenesta for Den norske kyrkja 2011: 5.7). Det tyder at eit stort fleirtal av dei trusopplæringstilsette er «heilt ueinige» (28 %) eller «ueinige» (33 %) i Den norske kyrkja si offisielle lære på dette punktet.

**Tabell 18 Dåp som betingelse. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd?: Barnet må være døpt**

Helt uenig	28,0
Uenig	33,2
Verken eller	12,8
Enig	20,9
Helt enig	2,8
Vet ikke	2,4
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 211

I kommentarane til spørsmålet om nattverd og dåp kjem det fram at sjølv om ein prinsippielt stør prinsippet om dåp som grunnlag for nattverd, vil det vere andre omsyn som gjer at ein ikkje gjennomfører dette i praksis:

Eg vil seie at barnet bør vere døypte – det er utgangspunktet. Men vi har fleire samlingar der barn tek del og ikkje er døypte. Då hender det at desse går til nattverd og uttrykker eit tydleg ønskje om å vere med både på trusopplæring og ta del i nattverd. Nokre av barna har gjeve uttrykk for at dei kjenner seg anleis sidan dei ikkje er døypte. Då har ikkje eg noko ønskje om å stenge dei ute frå nattverd.

Ein annan av informantane seier dette om dåp som føresetnad for nattverd: «Skal man invitere barn til nattverd er det umulig (pedagogisk sett fra mitt ståsted) å sette en grense ved døpt/ikke døpt som en forutsetning for å delta/ikke delta i nattverd»

### *Forstå nattverden?*

Det vilkåret som det ser ut til å vere vanskelegast å ta stilling til er vilkåret om at «barnet må forstå kva det er med på». Dei fleste er ueinige i dette vilkåret (42.8 %), men ein tredjedel (32%) er verken er einige eller ueinige.

**Tabell 19 Forståelse som betingelse. Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd?: Barnet må forstå hva det er med på**

Helt uenig	11,2
Uenig	31,6
Verken eller	31,6
Enig	18,1
Helt enig	4,2
Vet ikke	3,3
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 215

I kommentarane kjem det fram mange kritiske kommentarar til sjølve spørsmålet og bruken av omgrepet «forstå» i samband med nattverd:

- Jeg har ikke hittil, i mitt jordeliv, møtt noen som helt og fullt kan si de forstår nattverd, så å stille dette som kriterium blir vanskelig.
- Ingen mennesker forstår nattverden. Den er et mysterium. Derfor er det merkelig at barna skal forstå hva de er med på. Ikke en gang biskopen gjøre det.
- Hva er å forstå? Jeg er teolog, 47 år, og har kunnskap om nattverd samt laang praksis: Forstår jeg nattverden? Dåpen? Mysteriene? Har utviklingshemmet tenåring som deltar med glede, - «forstår» han

nattverden? Hva kan gå galt når vi deltar? Kan det bli uverdigg? Gjør vi ting vi vil angre? Er det det gamle «spise og drikke seg til døms»?

Nokre av informantane meiner at ein i staden for å snakke om å forstå heller bør snakke om å kunne skilje nattverden frå vanlege måltid, og om å ha respekt for nattverden: «Eg meiner at vi ikkje kan seie at barna må FORSTÅ nattverd, men dei bør vite at dette ikkje er som eit anna vanleg måltid». «At barnet viser respekt er viktigere, synes eg. At det forstår at det er med på noe annerledes, spesielt - at her tuller vi ikke med oblaten og vinen, men forståelse kan vi ikke kreve av noen». Denne måten å oppfatte «forstå kva dei er med på» ligg truleg nærare opp til det som vart omtalt som eit «skjelne-kriterium» (at barnet måtte kunne skjelne nattverdsmåltidet frå andre måltid) i diskusjonen fram mot innføringa av barnenattverd (ref).

### *Foreldra si godkjenning*

Når det gjeld kravet om «informert samtykke» frå foreldra, har dette fleire ulike sider. Dreier det seg om generell informasjon om at ein i trusopplæringa underviser i og praktiserer barnenattverd? Eller handlar det også om å informere om at det skal vere nattverd på konkrete arrangement? Korleis må foreldra si godkjenning kome til uttrykk? Er det eit tilstrekkeleg godkjenning at foreldra sender barna på trusopplæringsarrangement, eller er det ein føresetnad at barna går saman med foreldra? I kommentarane kjem det fram ulike måtar å forstå og praktisere dette kriteriet på:

– Barna i vår menighet deltar bare dersom foreldrene er med, og da kun dersom foreldrene gir samtykke. Da tar vi utgangspunkt i at barnet er informert og har fått opplæring i hva nattverd er.

– Når eg skriv at foreldra må vere informert, tenkjer eg at vi har som mål i trusopplæringa at foreldre skal vite om at vi underviser i nattverd, og vi skriv også i informasjon på førehand, dersom vi har nattverd i gudstenesta. Vi har nok ikkje «kontroll» på om foreldra har noko imot at barna tek del, men eg tenkjer at så lenge foreldre ønskjer deltaking i trusopplæring, så har eg ei kjensle av at dei er veldig positive til at barna også får vere med på nattverd. Dei eg har spurt direkte, har vore positive. Nokre gonger veit eg ikkje.

Fleire understrekar at det er viktig at foreldre har fått informasjon på førehand. Då kan ein ha snakka om og gjennomtenkt forholdet til nattverd på førehand og blir ikkje «tatt på senga» når nattverden startar i kyrkja:

– I vår kirke strømmes barna til når det er nattverd. Jeg tror det kommer uforberedt på en del kirkefremmede foreldre som kan reagere med at det kjennes ubekvent.

– Hos oss er det en kultur for at barna styrter fram og er veldig gald i nattverden. Det tenker jeg er et flott symbol på å ta imot, og på nådemåltidet. Samtidig ser jeg at vi kanskje bevisst bør snakke om nattverdsmåltidet, spesielt på LYSVåken og Tårnagent-helg, hvor barna bare går fram uten at foreldrene rekker å forholde seg til det.

Ein annan informant seier at førehandsinformasjon og samtale er viktig «for å unngå krangel om de skal gå til nattverd i benkeradene under nattverden og at ikke foreldrene skal føle seg presset».

## Reaksjonar frå foreldre?

Tabell 20 Foreldrereaksjoner. Har du hørt reaksjoner fra foreldre om deres barns deltagelse i nattverd?

Ja, positive	36,9
Ja, negative	0,5
Ja, men verken positive eller negative	6,9
Nei, ingen reaksjoner	43,3
Vet ikkje	12,4
Total	100,0

Kjelde: KIFOs undersøking av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018. Oppgitt i prosent. N = 217

Som vi har sett av den historiske framstillinga, er nattverd eit ritual som i mange år har vore relativt lite brukt. Det er derfor eit ritual som mange har lite erfaring med, som er blitt forbunde med ein viss mystikk (ta i mot Jesu lekam og blod) og gjerne oppfatta som eit ritual for dei «spesielt kristne». Når Den norske kyrkja tek i bruk nattverd i breiddetiltak for barn, kunne ein derfor forvente at det vil kome fram mange spørsmål og kritiske reaksjonar frå foreldre.

På denne bakgrunnen kan tilbakemeldingane om foreldrereaksjonar verke overraskande. Dei fleste (43 %) har ikkje fått nokon reaksjonar og dei reaksjonane som har kome har nesten alle vore positive. Når det gjeld negative reaksjonar får vi nokre eksempel på dette i kommentarane. To kommentarar er om foreldre som har sagt frå om at dei ikkje ønskjer at barna deira skal delta i nattverd, i det eine tilfelle fordi dei «synest det var en så sterk handling». Ei anna negativ tilbakemelding handlar om bruk av nattverd i samband med konfirmasjon.

Tidligere konfirmant-mor fortalte at det var ubehagelig for hennes konfirmant når det var nattverd og de hadde ikke fått noen som helst informasjon om hva nattverd var og hvorfor det var nattverd i gudstjenestene. Nå forteller vi alltid om nattverd på første konfirmasjonstid.


At det samla er så pass få negative reaksjonar, kan tolkast på ulike måtar. For det første kan det vere slik at folk, ut frå ønskje om å vere høflege, let vere å kome med kritiske reaksjonar. Eller det vere slik at ein har vanskar med å spørje og reagere på noko ein veit lite om. Når dei reaksjonar som kjem er så dominerande positive, kan det henge saman med at dei som gjev tilbakemelding primært er dei mest kyrkjeaktive som sjølv går til nattverd og er glade for nå å kunne gjere det saman med barna sine. Ei mogleg tolking er også at dagens foreldregenerasjon har eit fjernt, men relativt ope forhold til nattverd og synes det er greitt dersom barna liker det dei er med på.

## Konsekvensar av barnenattverd: familienattverd og lågare terskel

Til slutt stilte vi ein del spørsmål om trekk ved barnenattverdspraksisen og konsekvensar av denne. Informantane skulle ta stilling til om sju utsagn om barn og nattverd stemte for deira kyrkjelyd.



Figur 5 Om barn og nattverd. Hvilke utsagn om barn og nattverd stemmer for din menighet



Kjelde: KIFOs undersøkning av barnenattverd i Den norske kyrkje 2018

Resultata viser at barnenattverd nå er blitt vanleg praksis i dei fleste kyrkjelydar (88 %). Opninga av nattverden for barn gjer at foreldre kan ta med seg barn til nattverd, noko som skjer ofte i 77 % av kyrkjelydane. Dette gjer at foreldre som har brukt å gå til nattverd no kan gjere det saman med barna sine og familienattverdsgang blir ein del av den nye nattverdstradisjonen. Endå viktigare er det kanskje at det motsette skjer; at det er blitt vanleg at barn tek med seg foreldre til nattverd (60 % av kyrkjelydane). Vi har sett i tidlegare eksempel at mange barn er ivrige etter å gå til nattverd. I samband med trusopplæringstiltak som rekruttere breitt, dreg barna med seg foreldre til gudstenester og i neste omgang til nattverd. Ein av informantane seier at «de voksne hermer barna sine og får frimodighet til å delta gjennom sine barn». Dei fleste av trusopplærarane (72 %) meiner at barnenattverd har gjort det lettare for vaksne å delta i nattverd og såleis bidratt til å senke terskelen for nattverdsgang.

Fleirtalet er også einige i at «nattverd er blitt ein viktig del av trusopplæringa», men her er det samstundes ganske stor usemje i det 19% seier seg ueinige i dette utsagnet. Svarfordelinga her kan tyde på at nattverd enno ikkje er eit heilt innarbeidd element i trusopplæringa.

### *Redusert den «stive høytidligheten»*

Størst uvisse er det i vurderinga av påstanden om at barn si deltaking har gjort nattverden «mindre høytidlig» der 44% svarar «veit ikkje». Den høge «veit-ikkje-prosenten» kan henge saman med at dette ikkje er eit tema dei har tenkt på og observert ut frå. Men kommentarar tyder også på det kan også henge saman med ulike oppfatningar av omgrepet «høytidlig»:

- På spørsmål om barns deltagelse i nattverden har gjort den mindre høytidlig, svarte jeg nei. Da mener jeg den positive høytiden. Den har ikke barn redusert. Den stive høytidligheten derimot har barn vært med å redusere. Og det er utelukkende positivt.
- Det er ikke mindre høytidlig, men vi opplever at terskelen kanskje er litt lavere for alle, når barn også kan gå til nattverd.

### *Barnenattverd får konsekvenser for gudstenesteordninga*

I kommentarane tek også informantane opp konsekvensar av barnenattverd som vi ikkje har spurt om. Ein av desse konsekvensane gjeld gjennomføring av gudstenester. Skal barn kunne delta i nattverd må gudstenesta vere lagt slik opp at barn er til stades i kyrkjerommet. I mange kyrkjelydar er det vanleg at barn som er med, går ut av gudstenesta til søndagsskule:

Hvordan er forholdet mellom gudstjeneste, søndagsskole og nattverd for søndagsskolebarn? Er nattverdbordet egentlig åpent for barn, men da er de på søndagsskole? Vi har tidlig nattverd i noen gudstjenester for at søndagsskolebarna skal få tilbudet før de går på søndagsskolen og vi tenker det er viktig med noen familiegudstjenester med nattverd for da er det ikke søndagsskole samtidig.

Løysinga med å ta nattverd tidleg i gudstenesta har vist seg å vere kontroversiell fordi det bryt med det nokon oppfattar som ein grunnleggande rekkefølge i gudstenesta («ordo»). Ei anna løysing er at barna går til søndagsskule før preika, og kjem tilbake til nattverden.

## 10 DÅ BARNA OPNA NATTVERDEN. OPPSUMMERING, TOLKING OG KONKLUSJONAR

### 10.1 INNLEIING: TILBAKE TIL UTSIRA

Vi starta denne rapporten med ei historie om då nattverden på Utsira vart opna for barn. Historia frå Utsira var samstundes ei skildring av ein lokal nattverdstradisjon med mange sperrer. Få gjekk til nattverd, og sjølv faste kyrkjegjengarar heldt seg unna nattverdbordet av frykt for å vere uverdige. Det var også ei forteljing om korleis slike nattverdshaldningar, som ein gong var skapte av religiøse autoritetar, kunne bli vidareført som folkelege tradisjonar dagens religiøse autoritetar ikkje klarte å endre. Det som skulle til for å «rydde bordet» var, i følgje historia, at barna gjennom trusopplæringa fekk sleppe inn i nattverden.

Vi brukte forteljinga som eit utgangspunkt for å spørje om kor treffande dette eksempelet var, både for å karakterisere norsk nattverdskultur, og for å karakterisere barna sin tilgang til nattverden og konsekvensane av barnenattverd.

I denne er rapporten har vi trekt inn historiske perspektiv for å forklare noko av den restriktive nattverdskulturen Utsira er dømme på. Vi har også, både gjennom tidlegare forskning og egne data, vist korleis element av ein restriktiv nattverdspraksis (med nattverd berre for «vedkjennande kristne»), har prega norsk nattverdspraksis heilt fram til i dag.

Utsira-historia er også ei historie om nattverdsending der barnenattverden og trusopplæringa blir tillagt avgjerande vekt. Sandvik, som har analysert den store nattversendinga på slutten av 1800-talet, varsla at ei ny stor endring kunne vere på gang hundre år seinare. I si bok som kom i 1997 skriv han at innføringa av barnenattverd (fire år tidlegare, var ei svært radikal endring «med ennå meget uoversiktlige konsekvenser» (Sandvik 1998:248).

Det er denne endringa og desse konsekvensane vi har prøvd å få oversikt over i denne rapporten. Vi har gjennom lokale eksempel og ei nasjonal spørjeskjemagransking skildra og analysert kva som skjedde då nattverden vart opna for barn. I det følgjande skal vi samanfatte kva vi fann. Vi skal først oppsummere nokre av det vi meiner er typiske trekk ved den endra nattverdstradisjonen. Så skal vi sjå nærare på barna sin nye plass i nattverden, og trusopplæringa si rolle når det gjeld introduksjon og praktisering av barnenattverd. I tillegg til dei svara vi har funne, skal vi til slutt også gje vidare nokre nye spørsmål som vi fann undervegs – spørsmål vi trur kan vere fruktbare som utgangspunkt for vidare forskning om barn og nattverd.

### 10.2 «DEN NYE NATTVERDEN»: NATTVERDSSYN OG NATTVERDSPRAKSIS I DEN NORSKE KYRKJA I DAG

Før vi går nærare inn på syn på og praktisering av barnenattverd i Den norske kyrkja i dag, vil vi oppsummere nokre av dei meir generelle trekka som pregar «den nye nattverden» som barnenattverden er ein del av. Den nye nattverden er:

### *Ikkje berre reservert for «vedkjennande kristne»*

Nattverdgang vart på 1900-talet av mange oppfatta som eit ritual berre for dei personleg eller vedkjennande kristne. Dette synet er nok framleis med og pregar den norske nattverdpraksisen, men synet har ikkje lenger støtte hjå fleirtalet av dei kyrkjeleg tilsette vi har spurt. Ni av ti meiner at alle som ønskjer det kan gå til nattverd.

### *Eit velsigningsritual meir enn eit vedkjenningsritual*

Å gå til nattverd har fått ny og utvida meining. Det er ikkje berre ei handling for dei som veit at dei er «truande», den nye nattverden er også for dei som ikkje veit kva dei er, og dermed ein måte å kome til tru på. Prestar og trusopplærarar omtalar nattverdgang som «truspraksis» og nattverden som «trusmat». Slik sett blir ikkje nattverdgang eit vedkjenningsritual, men meir å likne med eit velsigningsritual.

### *Meir prega av «oppdragelseskristendom» enn av «omvendingskristendom»*

Når nattverdgang ikkje lenger får same tyding som teikn på å vere «personleg» eller «vedkjennande kristen», heng dette truleg saman med at desse kategoriane har mista noko av si tyding og oppslutning. Det heng igjen saman med at «omvendingskristendomen» har fått mindre plass i Den norske kyrkja og «oppdragelseskristendom» større plass. Å gå til nattverd er ikkje noko ein må vente med til ein er blitt omvendt og vedkjennande kristen. Å lære å gå til nattverd blir oppfatta som ein del av oppsedinga i kristendom, som læring av ein god kristen vane.

### *Nattverd utan kneling og drikking*

Forma på nattverdgangen har endra seg. I den gamle nattverdforma knelte ein rundt alterringen. I den nye nattverden er ei ny form i ferd med å ta over: nattverd ved intinksjon der ein mottek nattverd ståande på ein stasjon i kyrkjeromet. I dag er intinksjon blitt den vanlegaste nattverdsforma i meir enn halvparten av kyrkjelydane. Men mange kyrkjelydar held framleis på knelenattverd, anten som ei hovudform eller som ei alternativ form. I vårt materiale er intinksjon blitt hovudforma i Landby, medan Østby held fast på knelenattverd. Grunnen til at kyrkjelydar held fast på knelenattverd kan vere at ein er vant med den gamle forma, meiner den er riktig eller opplever den som meir høgtidleg. I Østby seier dei at i gudstenester der ein brukte begge formene, gjekk dei fleste til knelenattverden. Dei som er for intinksjon grunngjev dette med at denne forma tek mindre tid og har lågare terskel slik at fleire går. Nokon seier og at dei alltid brukar intinksjon når det er gudstenester der mange barn deltek.

### *Nattverd blanda med lystenning*

I meir enn halvparten av kyrkjelydane er det også blitt vanleg å kombinere nattverd med lystenning. Tradisjonen med at gudstenedeltakarar tenner lys i kyrkjeromet starta som eit meir individualisert ritual ved at ein tente lys i lysglober, som ofte var plassert bak i kyrkjeromet. I den nye nattverden blir det invitert til lystenning saman med invitasjon til nattverd. Ein kan gjere ein av delene, eller begge. Lystenning er ei symbolhandling som ikkje har noko definert teologisk meining i Den norske kyrkja. Nokon vil stille spørsmål ved kvifor ein gjev så mykje plass til eit ritual som ikkje har ei definert meining i kyrkja. Men frå ein ritualteoretisk ståstad kan ein også argumentere for at det nettopp er det opne og udefinerte som er poenget og det som har gjort lystenning så populært i kyrkja. Lystenning blir eit ritual som folk i større grad enn i nattverden, kan legge si eiga meining inn i. Slik sett har det lågare

terskel enn nattverden og kan kanskje kallast ein slags «nattverd light». Blandinga av nattverd og lystenning senker terskelen også for nattverden og gjer det mindre synleg kven som går til nattverd. Ein av våre informantar seier at det skaper ein «hellig uorden» i gudstenesta.

### 10.3 BARNENATTVERDEN

#### *Endringar i barn sin kontakt med nattverdssakramentet*

Endringane av reglane for barn sin tilgang til nattverd skjedde gjennom fleire steg frå 1968 til 1993. Men spørsmålet om barn sin faktiske kontakt med nattverd er eit anna spørsmål. Det vi har omtalt som «bortgøyminga av nattverden» innebar at nattverd vart lite brukt og særleg lite i dei meir folkekyrkjelege gudstenestene. Det hadde som konsekvens at mange barn aldri hadde sett nattverd og var heilt ekskludert frå dette sakramentet. Berre dei barna som hadde foreldre som gjekk ofte til gudsteneste hadde observert dei vaksne sin altergang, sjølv om dei ikkje kunne delta sjølv. Frå 1993 vart det formelt mogeleg for barn å motta nattverd, men for at dette skulle føre til deltaking i praksis måtte det skje endringar i haldningar både hjå dei kyrkjeleg tilsette, foreldre og barna. I dag er det vanleg at barn deltek i nattverd i ni av ti kyrkjelydar, men når denne endringa skjedde er våre informantar usikre på. Dei fleste meiner det skjedde i perioden 1995 til 2010, men truleg kan det mange stader ha skjedd seinare (ein rapport om trusopplæring i sju kyrkjelydar som kom ut i 2010, inneheld til dømes ingen eksempel på at barnenattverd vart praktisert i desse kyrkjelydane) (Hegstad, Schanche Selbekk og Agedal 2008).

Eit vidare steg i retning av å integrere barn i nattverden var å la barn, i tillegg til å motta nattverd, også få liturgiske roller i samband med nattverdsfeiringa. Dette har skjedd i om lag halvparten av dei kartlagde kyrkjelydane. I løpet av dei 25 åra som har gått sidan barn fekk tilgang til nattverd, har det altså skjedd ein omfattande integreringsprosess av barn si rolle i nattverden, frå ingen kontakt til observatørrolle, mottakarrolle og også — i nokre tilfelle — utdelarroller. Dette aktualiserer også meir generelle spørsmål om barns liturgiske roller i gudstenesta i Den norske kyrkja. Nokre barn får særleg opplæring i liturgiske roller og blir omtalt som «minestrantar», eit namn og ei rolle som mange tidlegare berre ville forbinde med ein katolsk liturgisk tradisjon.

Når høver det å introdusere nattverd for barn, og korleis skjer dette? Tidlegare var nattverdgang gjennom konfirmasjonen knytt til ein alder og eit overgangsritual. Når denne koplinga er fjerna, blir det meir ope når og korleis introduksjonen til nattverd skal skje. Materialet vårt viser at Den norske kyrkja så langt ikkje har kopla nattverd til ein bestemt alder og på den måten gjort nattverd til ei markering av ein overgang i livet. I planen for trusopplæring er det ikkje gjeve bestemte føringar på når og korleis nattverden skal introduserast for barn (Kirkerådet 2010). Nokre startar på 4-årstrinnet eller tidlegare (21 %), men i dei fleste kyrkjelydar ventar ein til 5-12-årsalderen (63 %). Introduksjonen skjer både som ei praktisk innføring i korleis ein gjer det og gjennom forklaringar på kva nattverden er.

#### *Problem med prøveritual*

Når det gjeld den praktiske innføringa skjer den i dei fleste tilfelle ikkje gjennom ein eigen prøve- eller øvings-nattverd. Det skjer i staden ved at ein viser elementa (brød og vin) og let barna kjenne og smake på desse utan å gjennomføre nattverden. Sjølve nattverdsdeltakinga får vente til barna deltek i ein ordinær nattverd. Eit unntakseksempel i vårt materiale er gjennomføring av ein prøvenattverd som ein

del av nattverdsundervisning for 6-åringar i Fjordbygd. Her snakkar ein om kva ein gjer medan ein deler ut vin og brød. Målet er truleg å ufarleggjere nattverden gjennom småprat, men paradoksalt nok er det her fleire barn som viser skepsis og nattverdsvegning. Eksempelet reiser eit interessant spørsmål om problem ved gjennomføring av «prøveritual». Eit prøveritual kan mangle noko av den ramma som er viktig for stemninga i det som skjer. Dermed manglar ein viktig dimensjon for å intuitivt forstå kva ein er med på. Vårt intervjumateriale tyder på at barn har stor evne til å oppfatte stemningar og atmosfære og «lære meining» ved å sjå på andre som deltek. Samstundes er barn opptekne av det konkrete og kan være nyfikne og usikre på korleis «Jesu lekam og blod» smakar. Å bli litt kjent med «ritualrekvisita» på førehand, kan fjerne noko av uvissa og skepsisen mot det nye. På gudstenesta med utdeling av 4-årsboka i Landby, var det nattverd der barna var inviterte til å delta. På samlinga dagen før viste trusopplæraren kalken som vinen skulle vere i, og barna fekk smake ein bit av oblaten.

### *Nattverdslyst?*

Eit naturleg spørsmål å stille når barn skal introduserast for eit nytt ritual, er om barn er interesserte og har lyst til å delta. I materialet møter vi, som vi har sett, eksempel på både lyst og ulyst. Nokre foreldre fortel at barnet ikkje ville delta fordi barnet var sjenert. Men dei fleste svara og døma våre peikar i retning av at barn gjerne vil delta. Fleirtalet av «trusopplærarane» er einige i utsagnet «barn liker nattverd», og vi får høyre mange historiar om barn som etterspør nattverd og er ivrige etter å kome seg fort fram når det er nattverd. Det kan vere fleire grunnar til dette. Ein grunn kan vere, som ein av våre informantar hevdar, at nattverd er noko heilt spesielt som dei ikkje kan oppleve andre stader enn i kyrkja. «Pølser får de overalt, nattverd bare i kirken». Dette kan gjere barna nyfikne på å delta. Ein annan grunn kan vere at dette er noko som vaksne gjer og som det derfor er spennande å få lov til å vere med på. Ein tredje grunn kan vere det kroppslege ved ritualet. Mykje av det som skjer i gudstenesta handlar om å sitte stille og høyre på ord. Nattverdgang kan skape ei legitim uro i gudstenesta som særleg barn vil verdsette.

### *Barn har rituell kompetanse*

Eit anna spørsmål som vi stilte oss, var om små barn ville vere i stand til å forstå «reglane» for nattverdsritualet og følgje desse. Nattverd har vore eit alvorleg ritual prega av faste reglar – ville barn si deltaking skape uro og gjere det vanskeleg å gjennomføre? Desse spørsmåla vart særleg drøfta i intervjuet med tilsette og foreldre i Østby. Ingen hadde erfart at det oppstod bråk eller uro under barnenattverd som gjorde det vanskeleg å gjennomføre nattverden. Svara tyder snarare på at barn kan ha høg rituell kompetanse. For det første er dei, som vi har vore inne på, flinke til å fange opp stemningar og skjønne den rituelle atmosfæren. For det andre er barn gode observatørar og glad i repetisjonar, slik at det dei har opplevd ein gong fort kan gje grunnlag for gjentakningar og bli til reglar. Soknepresten i Østby fortel korleis dei tre fingrane han ureflektert stakk i dåpsvatnet under barnemessa, av barna straks vart ritualisert til ein regel om at det alltid måtte vere tre fingrar. For det tredje har barn ofte lett for å akseptere at ein ting og ei handling også kan ha ei anna tyding enn den konkrete. Det er eit viktig premiss for barn sin lek at noko kan vere noko anna «på lat». At oblaten og vinen/safta også kan vere Jesu lekam, og blod kan såleis passe inn i leiken sin logikk. Ut frå dette kan barn akseptere når «trusopplærar» ofte brukar som forklaring at «i nattverden får vi Jesu legeme og blod». For det fjerde har barn sans for å «kle seg ut». Ein av våre informantar fortel at når barn skulle vere med som liturgiske medhjelparar og fekk valet mellom å få kvite kapper eller gå i sine vanlege

klede, valde dei kappene. Når soknepresten i Østby startar barnemessa med å vise at han tek på seg kvit kappe, fell dette truleg i god jord.

Soknepresten ser likskap mellom leik og liturgi ved at handlingar får ei anna meining innanfor leiken og liturgien sitt univers, og omtalar derfor liturgi som «heilag leik». På same måten som leiken berre er mogeleg når du går inn i leiken sitt univers, er nattverden berre meningsfull og mogeleg når du går inn i og er i liturgien sitt univers. Ut frå det trekker han også den konsekvensen at rolla som nattverdsliturg krev at du har fokus på den heilage handlinga. Den let seg ikkje kombinere med andre roller som ordensvakt eller «vaktmeister» mot forstyrring av ritualet.

### *Dåp fungerer ikkje som inngangsbillett*

Ved innføringa av barnenattverd vart det teologiske grunnlaget for nattverddeltaking flytta frå konfirmasjonen til dåpen. Slik er det også i dagens gudstenesteordning for Den norske kyrkja der det heiter at «alle som er døypte kan ta del i nattverden» (Gudsteneste for Den norske kyrkja 2011:5.7). Denne delen av kyrkja si nattverdslære viste det seg heilt frå starten at det var vanskeleg å praktisere. Vi har høyrte historia frå Akerø (som var med i arbeidet fram mot barnenattverd) om kor galt det kjendest å berre skulle gje nattverd til den døypte jenta, og ikkje til den udøypte venninna. Soknepresten i Østby seier det er umogeleg å starte ei slik utskiljing når barna allereie er der. Han viser også sin ambivalens til dåpskravet ved å berre nemne dåp i invitasjonen til nattverd så lenge den gamle biskopen var i kyrkja. Dei fleste trusopplærarane seier at dei ikkje veit kven som er døypt, og om dei veit det, kan dei ikkje ta omsyn til det og ekskludere dei udøypte. Det tyder at det har skjedd ei paradoksal utvikling i nattverdsteologi og nattverdspraksis. Dåpen (som er inngangsporten til folkekyrkja) vart introdusert som det nye grunnlaget for nattverdang. Men denne føresetnaden blir i neste omgang sett til side som umogeleg og uheldig å praktisere. Den blir berre ståande igjen som eit prinsipp, medan praksis no er at nattverden no er open for alle. Dåp som eit inngangskrav for nattverd blir eit aukande problem i eit meir sekulært og fleirreligiøst samfunn. Fleire av dei som kjem til trusopplæringa sine breiddetiltak vil vere udøypte, og mange kyrkjelege tilsette ønskjer ikkje å ekskludere desse. Hegstad, som har drøfta kva tyding dåpen blir tillagt i trusopplæringsarbeidet, seier at det som vanlegvis skjer i ein slik situasjon er at ein tonar ned dåpen si tyding (Hegstad, Schance Selbekk og Agedal 2008:140).

Problemet oppstår og i samband med konfirmasjon der nattverdskunnskap og nattverdspraksis inngår i konfirmasjonsundervisninga. I dag er det fleire udøypte som følgjer denne undervisninga og som først blir døypte før sjølve konfirmasjonsseremonien. Skal desse utelukkast frå nattverden under konfirmasjonsførebuinga?

I dag er det ein diskrepans mellom teologi og praksis når det gjeld dåp og nattverd. Ei hypotese er at det vil skje ein praksisstyrt teologiproduksjon der kyrkja si liturgiske lære vil bli justert i samsvar med dei «praktisk håndterbare» (Repstad 1995).

### *Dåpsfølge og nattverdsgjester*

Forholdet mellom dåp og nattverd har og vore problematisk på andre måtar. Dåpen og nattverden er Den norske kyrkja sine to sakrament, men dei har hatt svært ulik meining og bruk. Dåpen er eit inkluderande sakrament som er inngangsporten til kyrkjemedlemskap og derfor har oppslutning frå heile folkekyrkjelyden. Nattverden har vore eit ekskluderande sakrament som berre blir brukt av ein

minoritet innanfor Den norske kyrkja. Dei to sakramenta avgrensar to ulike former for religiøse fellesskap med ulike definisjonar av å vere kristen. Mellom desse sakramenta og deira brukarar finst det, som vi har vore inne på, potensielle spenningar og interessemotsetningar. For å unngå at slike spenningar skal bli synlege kan ein prøve å unngå at nattverdskyrkjelyden blir eksponert i samanhengar som samlar folkekyrkjelyden. Mange stader har det vore tradisjon å ikkje ha nattverd i gudstenester med dåp. Argumenta har ofte vore praktiske, at gudstenesta ikkje skal bli for lang. Men truleg har det ofte også vore omsynet til at ein ikkje ønskjer å ta inn eit ritual som dåpsfølgjet kan oppleve som ekskluderande. Dåpsgudstenester der dåpsfølgje blir passive tilskodarar til «nattverdskyrkjelyden», kunne begge partar oppleve som ubehageleg. Tilsvarende har ein heller ikkje hatt nattverd i det som skal vere inkluderande familiegudstenester.

Vår survey viser at denne måten å tenkje om nattverden på ikkje lenger pregar trusopplærarane i Den norske kyrkja. Nattverd «passar» både i dåpsgudstenester og familiegudstenester. I staden for fråstand og spenning mellom desse sakramenta blir samanhengen vektlagt. I orda til foreldre og fadderar i dåpssakramentet heiter det at dei i dåpen har fått del i eit heilagt ansvar som også inneber å hjelpe barna til «å delta i den heilage nattverden» (Gudsteneste for den norske kyrkja 2011:3.26). For dei fleste av dåpsbarna har det vanlegvis gått fjorten år før dei eventuelt møter nattverden på nytt i samband med konfirmasjonen. Men her er det truleg endringar på gang. I Landby høyrde vi fortalt om dåpsmora som like godt gjorde det med det same og tok med seg dåpsbarnet til nattverdfeiringa for å få velsigning. Og prestar rapporterer at det er blitt vanlegare at fleire frå dåpsfølgje blir med til nattverd. Barnenattverd har truleg vore med å gjort dette lettare.

#### *Nattverden er også blitt eit familieritual*

Barnenattverd opnar for at familien kan gå saman til nattverd. Dette gjev nattverdstradisjonen eit kollektivt preg som kan vere viktig for oppslutninga. Seremoniane i folkekyrkja (som dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd) er oftast ritual som samlar familie og slekt og får såleis karakter av religiøse familieritual. Nattverden har ikkje hatt denne karakteren: som ei individuell vedkjenningshandling kan den tvert i mot splitte familiefellesskapet. Men også her ser det ut til å vere endringar på gang. Ein av våre informantar fortel at ho som bestemor under dåpsgudstenesta for sitt barnebarn «fekk hakeslepp» då dottera og hennar familie gjekk til nattverd under gudstenesta. Dette var ikkje ein familie som brukte å gå til nattverd, og det brukte heller ikkje bestemora. Men når dottera og hennar familie gjekk til nattverd, valde ho sjølv også å gå. Det er rimeleg å tolke dette som eit uttrykk for familiesolidaritet på dåpsdagen. Ho valde å gjere sin nattverdsgang som ein del av eit familieritual og ikkje som ei markering av eit trusstandpunkt. Når dette var mogeleg, heng det også saman med ei liberalisering av nattverdstradisjonen som gjorde denne form for nattverdsgang legitim. Innføringa av barnenattverd er her også viktig, fordi det skaper ein ny dynamikk der foreldre kan ta med seg barn og barn kan ta med seg foreldre.

Eksempelet ovanfor handla om korleis nattverd kan inngå i eit familieritual i ein folkekyrkjeleg, seremoniell kontekst. Men innføring av barnenattverd opnar også for at nattverden for familiar som tilhøyrer gudstenestekyrkjelyden (eller det vi har kalla trusfellesskapet) kan bli eit familieritual. Fleire av våre informantar fortel om den positive opplevinga det er å no kunne gå saman som familie til nattverd.



### *Barna og nattverdstemninga*

Å gå til nattverd kan utløyse sterke kjensler. Soknepresten i Østby fortel at når han går rundt og deler ut nattverd, er det «et utrolig sterkt møte med alle disse ansiktene hvor du ser alle mulige slags sinnsstemninger. Du ser jo rett og slett inn i sjela til folk noen ganger, har du inntrykk av». Sjølv om kjenslene kan variere, er det også slik at sjølve nattverdsritualet har vore dominert av ei stemning. Vi har introdusert omgrepet «emosjonelt regime» som uttrykker at det finst forventningar om kva kjensler og kjensleuttrykk som bør prege ulike situasjonar (Riis & Woodhead 2010). Når det gjeld nattverden har dette vore ein sterkt regulert situasjon, prega av alvor og liten plass for spontane kjensleutbrot. Dette er eit emosjonelt regime som også pregar mykje av resten av gudstenesta i mange norske kyrkjelydar, men som ofte slår sterkt inn når det gjeld nattverden. Kva skjer når barn får tilgang til nattverd? For å trekke inn våre omgrep frå rolleteorien: Kva forventningar har ein til barna si rolle i nattverden? Korleis oppfører barna seg når dei deltek (kva er deira rolleatferd)? Og korleis verkar deira rolleatferd tilbake på ritualet når det gjeld stemninga og dei vaksne si framferd?

### *Barn som «anti-struktur»*

Når vi skal analysere barn si rolle og rolleatferd i nattverden vil vi gjere det ut frå eit breiare perspektiv der vi (som vi har vore inne på) ser på fenomenet som ein del av barnet si rolle i gudstenesta meir generelt. Modéus har introdusert omgrepa «struktur» og «anti-struktur» for å analysere barnet si rolle i gudstenesta. Omgrepa er henta frå antropologen Victor Turner som meiner at det kan vere fruktbart å forstå sosialt liv som ei spenning mellom det regulerte (struktur), og hendingar og handlingar som bryt med dette (anti-struktur)(Turner 1995). Ei vanleg gudsteneste i Den norske kyrkja er prega av ein stram struktur der det er gjennomregulert kva ein kan gjere og seie i løpet av gudstenesta (sitje i ro og vere stille bortsett frå når ein reiser seg og når ein deltek i liturgi og salmesong). I forhold til dette regimet representerer barn ein potensiell anti-struktur. Dei har enno ikkje lært å disiplinere sine kroppslege reaksjonar (sitje stille, ikkje snakke eller bråke). For barna representerer gudstenesteregimet eit problem. Men frå dei vaksne sin synsvinkel, som står bak dette regimet, er det vanlegare å snakke om barna i gudstenesta som eit problem som ein må finne løysingar på (ikkje ha med barn, ta barn ut under deler av gudstenesta, tolerere uro frå barn, lage spesialgudstenester for småbarnsfamiliar). I vårt materiale ser vi mange eksempel på at småbarnsforeldre opplever ubehag ved at ein er redd for at barna skal forstyrre under gudstenesta, og at dei verdset prestar og trusopplærarar som har eit høgt toleransenivå når det gjeld uro.

### *Uformell, men høgtidleg nattverd*

Ut frå det vi har sagt om det emosjonelle regimet under nattverden, blir konflikten mellom gudstenesta som struktur og barnet som representant for anti-struktur, sett på spissen under denne delen av gudstenesta. Er det nokon plass der «støy» og kroppsleg uro er «upassande», så må det vere under nattverden der barn kan øydelegge høgtidsstemninga. Sett på denne bakgrunnen er det forbausande kor lite «problem» og negative reaksjonar det blir rapportert om i vårt materiale når det gjeld barn sitt inntog i nattverden. Ei årsak kan, som vi har vore inne på, vere «underrapportering» av problem. Ei anna årsak som blir nemnt av våre informantar, er at barn kan vere sensitive når det gjeld stemningar og lett tilpassar seg og tek etter den høgtidlege stemninga under nattverden. Men fråværet av negative vaksenreaksjonar kan også dreie seg om det fenomenet som Modéus kallar «barn som sprekkar i

skallet» (Modéus 2011:280-281). Barn sitt brot med det emosjonelle regimet under nattverden kan bli opplevd som eit brot som løyser opp i tilstivna strukturar. Det er denne reaksjonen ein av trusopplærarane gav uttrykk for når vi spurte om barna si deltaking har gjort nattverden mindre eller meir høgtidleg.

På spørsmål om barns deltakelse i nattverden har gjort den mindre høytidelig, svarte jeg nei. Da mener jeg den positive høytiden. Den har ikke barn redusert. Den stive høytideligheten derimot har barn vært med å redusere. Og det er utelukkende positivt.

Eit liknande eksempel på syn på kva som er høgtidleg fekk vi i Fjordbygd. Der vart foreldre overraska over korleis den meir uformelle praktiseringa av barnenattverd braut med deira førestillingar om nattverd som noko veldig formelt og høgtidleg. Men på spørsmål bekrefta dei også at den nye praktiseringa var høgtidleg: det meir uformelle kunne med andre ord også vere høgtidleg.

### *«Befriende latter» og barn som endringsagentar*

Det er fleire sider ved barn sin status som gjer det lettare å godta deira brot med regimet, enn om ein vaksen skulle gjere det. Barn blir oppfatta som naturlege og spontane, derfor kan ein vanskeleg bli sint på dei når dei seier og gjer noko «upassande». I den folkelege tradisjonen heiter det at det er «frå barn ein får høyre sanninga». Det tyder at barna sin veremåte kan bli ei utfordring og ein kritikk av dei vaksne sin veremåte. I den kristne tradisjonen blir dette forsterka ved at barn blir haldne fram som førebilete for vaksne når det gjeld tru (Markus 10, 13-16). I vårt materiale er det mange eksempel på at barn gjer og seier uventa ting i samband med nattverd. Dei spring fram for å kome først, dei har med seg kosedyra sine, dei kommenterer høglytt om dei liker eller misliker brødet og vinen og så vidare. Den vanlege vaksen reaksjonen på dette er ikkje uttrykk for irritasjon eller sinne, men fenomenet «befriende latter» (Modéus 2011:280). I ein «befriende latter» ler ein ikkje berre av barna, men kanskje like mykje av det regimet som barna si rolleatferd bryt med (at ein til dømes ikkje kan smile under nattverden). Dersom dette er tilfelle, tyder det at barn si deltaking i nattverden også kan fungere som ein augeopnar for negative trekk ved ritualet ein ikkje har sett, eller ikkje vore i stand til å sette ord på. Det tyder at barn kan bli «endringsagentar» når det gjeld nattverden.

I materialet vårt ser vi mange døme på at barn sitt inntog set i gang endringar i måten ein tenkjer om nattverd og praktiserer nattverd på. Barn skaper ei lettare og gladare stemning under nattverden og set i gang ein refleksjon over det som har vore det dominerande alvorstygnde emosjonelle regimet. Presten i Østby etterlyser ein meir variert musikk under nattverden og ber organisten å også «trøkke på» fordi dette også er eit gledesmåltid. Diskusjonen om kva barn må forstå før dei deltek har også aktualisert spørsmålet om kva ein kan forstå av nattverden som vaksne, og framheva den mystiske dimensjonen ved nattverden som eigentleg uforståeleg for alle. Ein av trusopplærarane uttrykte dette slik: «Ingen mennesker forstår nattverden. Den er et mysterium. Derfor er det merkelig at barna skal forstå hva de er med på. Ikke en gang biskopen gjør det».

Barnenattverd har styrka utviklinga mot intinksjon som den nye dominerande nattverdsforma og har truleg også bidrege til å senke nattverdsterskelen for alle. Barn sin tilgang til nattverden har også skapt debatt om rekkefølga på ledda i gudstenesta. Nokon ønskjer å ta nattverden først for at barn skal kunne delta før dei etterpå går til si eiga samling. Det har også skapt refleksjon og endring når det gjeld å gje barn nye roller i gudstenesta (til dømes som nattverdmedhjelparar og utdelarar).

Slik sett kan ein seie at når nattverden vart opna for barn sette dette i gang ein endringsprosess der barna opna nattverden. Deira inntog i ritualet har ført til at ein set spørsmål ved etablerte forståingar og praktiseringar av nattverd. Den har skapt ein meir flytande situasjon som opnar for sakramental endring. Krafta i denne impulsen kan vi få eit inntrykk av ved å sjå tilbake på den fastlåste nattverdspraksisen på Utsira som ein i årevis hadde prøvd å opne gjennom forkynning og samtale. Nøkkelen som kunne opne det fastlåste, var i følgje historia, barnenattverden.

#### 10.4 TRUSOPPLÆRING OG BARNENATTVERD

Mange av dei føregåande punkta handlar implisitt om trussopplæring og barnenattverd. Trussopplærarane er våre viktigaste informantar om praktiseringa av barnenattverd og når det gjeld synspunkt på den nye praksisen. I det følgjande skal vi sjå nærare på kva resultatane våre seier om trussopplæringa si tyding for barnenattverd og om barnenattverden si tyding for trussopplæringsarbeidet.

Vi har tidlegare påpeikt samanhengen i tid mellom opninga for barnenattverd og den nye kyrkjelege satsinga på trussopplæring av barn og ungdom. Før desse planane og stillingane var på plass, hadde det altså skjedd ei viktig reform som hadde opna for at barn kunne få tilgang til det andre av kyrkja sine to sakrament: nattverden. Dermed var det også opna for at dette sakramentet kunne få ein ny plass i kyrkja si dåpsopplæring. Tidlegare hadde dette sakramentet vore knytt til konfirmasjonen. Det var ein del av konfirmasjonsførebuinga å lære om nattverden og konfirmasjonen var inngangsbilletten til første nattverdgangen. No kunne introduksjon og praktisering kome før. Det kravde endringar i konfirmasjonsopplegget når det gjaldt nattverden og opna for introduksjon og bruk av nattverd tidlegare. I kva grad og på kva måte har dette skjedd og kva rolle har trussopplæringsarbeidet spela i denne samanhengen? Her må det presiserast at det er vanskeleg å seie noko sikkert om årsakssamhengar og om kor fort barnenattverden hadde spreidd seg utan Trussopplæringsreformen. Vi kan berre peike på trekk ved trussopplæringsarbeidet som vi meiner kan ha hatt tyding for spreiding av barnenattverd.

#### *Trussopplæringsarbeidet har teke barnenattverden i bruk*

Som vi har sett har barnenattverd blitt vanleg i dei fleste kyrkjelydar i den same perioden som Trussopplæringsreformen vart innført. Det er altså ikkje berre eit samanfall i tidspunkt for introduksjon, det er også eit samanfall i etablering av to nye praksisar i Den norske kyrkja. Våre data tyder også på at dei fleste trussopplærarane har vore glade for barn sin nye mogelegheit for å gå til nattverd, og dermed truleg vore advokatar for endringa. Dette heng igjen truleg saman med at dei har sett at mange barn har vore begeistra over å få vere med i nattverden. Vår survey viser at trussopplærarane har teke i bruk nattverden i sine «breiddetiltak». Mange av tilboda for dei ulike årsklassene startar med eit arrangement på ein vekedag (ofte laurdag) og avsluttar med gudsteneste på søndag. Dette opplegget inneheld ofte ei orientering eller innføring om nattverd på laurdagen og nattverdgang på søndag. Dette er breiddetiltak som ofte rekrutterer barn og foreldre som ikkje har hatt kontakt med nattverd før. Barn dreg med seg foreldre og besteforeldre til nattverden og på den måten spreier trussopplæringa kjennskap til og deltaking i nattverden. Surveyen viser også at barn går til nattverd i «vanlege» gudstenester. Trussopplærarane er positive til nattverd som «normalordning» og synest at nattverd også passer inn i dei fleste gudstenester, også familiegudstenester. På denne måten er dei

med å synleggjere og alminneleggjere nattverden, som tidlegare ofte vart gøymt bort for «folkekyrkjelyden» av frykt for å ekskludere.

### *Trusopplærarane er «nattverds-liberale» og stiller få vilkår for deltaking*

Historia frå Utsira fortel at det var mange sperrer som heldt folk borte frå nattverdbordet, men at ein då trusopplæringa kom, prøvde å «rydde bordet» og lære barna kva nattverden er og kven den er for. Det er fleire av dei gamle nattverdssperrene trusopplærarane ikkje ønskjer å oppretthalde. Dei fleste meiner at ein ikkje treng vere døypt, vere ein «vedkjennande kristen» eller over ein viss alder. Dei meiner at dei viktige føresetnadane for at barn skal delta er at dei ønskjer det sjølv, har fått rettleiing om kva nattverd er (til skilnad frå eit vanleg måltid) og at foreldra er informerte. Slik sett er trusopplærarane truleg med og senkar terskelen for nattverdgang både for store og små.

### *Barnenattverd passer inn i trusopplæringspedagogikken*

Fleire har påpeikt at ei typisk arbeidsform i trusopplæringa er det ein har kalla læring gjennom ritualiserte praksisar (Høeg og Trysnes 2012). Det betyr at eit viktig grep i den religiøse sosialiseringa er bruk av religiøse symbol og ritual, som til dømes lystenning. Nattverden er eit element som kan høve godt inn i ein slik pedagogisk praksis.

Ein annan trend i trusoppæringspedagogikken som barnenattverd høver godt inn i, er tenkinga om barnet som subjekt. Dette har blitt eit viktig motiv i barneteologien (Kaul 2007, Stålsett 2007). Å gje barn tilgang til nattverd og aktive roller som medhjelpar og utdelar, kan sjåast på som ei myndiggjering av barnet i gudstenesta.

### *Ikkje nasjonalt definert og regulert*

Sjølv om trusopplæringa har teke aktivt i bruk nattverd i sine arrangement, har ein ikkje utvikla noko nasjonalt program for korleis nattverden skal inngå i trusopplæringsarbeidet. I den nasjonale planen for trusopplæring står det, som vi har vore inne på, lite om nattverd og når og korleis nattverd for barn skal praktiserast. Medan ein elles har vore oppteken av å lage nye rituelle møtepunkt mellom kyrkja og folket, har ein ikkje plassert nattverden på eit bestemt punkt i livssyklus slik ein før hadde det ved konfirmasjonen (eller slik katolikkane har det gjennom førstekommunion). Våre resultat viser at kyrkjelydane introduserer nattverden på ulike tidspunkt og knytt til ulike tiltak. Ein overlet altså i stor grad til den einskilde kyrkjelyden og trusopplærar korleis barnenattverden skal tilpassast trusopplæringsarbeidet.

### *Barenattverden sine konsekvensar for trusopplæringa?*

Vi har i det føregåande sett på kva tyding Trusopplæringsreformen kan ha fått for innføringa av barnenattverd. Men kva med påverknaden motsett veg: Kva konsekvensar har barnenattverden fått for trusopplæringsarbeidet?

Først må vi slå fast at mange av trusopplærarane er usikre på kor stor tyding barnenattverden har hatt for trusopplæringsarbeidet. Berre litt over halvparten seier at det stemmer at «nattverd for barn er blitt ein viktig del av trusopplæringa». Vi har ikkje spurt kva slags konsekvensar barnenattverd kan ha fått, så her vil vi berre peike på mogelege samanhengar. Ein konsekvens kan vere eit tettare samarbeid mellom trusopplærar og prest, sidan trusopplæringa har teke i bruk nattverd og presten alltid må vere

med som innstiftar av nattverden. Ein annan konsekvens kan vere ei dreining av det teologiske fokuset når det gjeld innhaldet i trusopplæringa. Dette illustrerer korleis empirisk forskning om liturgisk praksis kan aktualisere teologiske problemstillingar. Det vart hevda, særleg i planutviklingsfasen, at for mykje av trusopplæringa handla om Gud, skaparverket og livsmeistring (Tveito Johnsen 2015:135). Ein hadde fokusert på den første trusartikkelen og det skapingsteologiske, og mindre på andre og tredje trusartikkel (korsteologi og ekklesiologi) (Hegstad, Schance Selbekk og Agedal 2008:138). Innføring i og praktisering av nattverd kan tyde eit sterkare fokus på Jesus som frelsar og på kyrkja som fellesskapet av dei truande. Ein nærare studie av lokale planer og innføringane om nattverden vil kunne gje svar på om dette er eit relevant perspektiv.

## 10.5 SPØRSMÅL FOR VIDARE FORSKING

### *Nye forskingsspørsmål*

Forskning handlar ikkje berre om å finne svar på dei spørsmåla ein stilte. Forskning handlar også om å finne nye spørsmål som kan vere gode utgangspunkt for vidare forskning om temaet. Ein viktig inspirasjon for dette prosjektet, var det spørsmålet som avslutta Sandvik sin historiske studie av det store nattverdfallet, spørsmålet om den nyleg innførte barnenattverden sine konsekvensar.

Under vår forskning om barn og nattverd dukka det opp mange spørsmål som vi såg låg utanfor det vi kunne gje svar på i vårt prosjekt. Her skal vi i stikkordform nemne eksempel på slike spørsmål. Nokre var spørsmål der svara kravde andre metodiske innfallsvinklar eller supplering av data. Andre spørsmål kunne dreie seg om samanlikningar som kunne utvide vår forståing av barnenattverd.

### *Supplering av data og metodiske innfallsvinklar*

Fleire typar av kyrkjelydar: Kva skjer med barnenattverd i ein kyrkjelyd der det er uvanleg at barn deltek i nattverd? Eit premiss for val av case-kyrkjelydar var at vi ville velje stader der barnenattverd vart praktisert og der ein hadde mykje erfaring med denne nye tradisjonen. Det hadde som konsekvens at vi i rapporten manglar nærstudier av kyrkjelydar der dette fenomenet er uvanleg.

Survey-data frå fleire yrkesgrupper: Kva er prestane sitt nattverdssyn og korleis forretter ein nattverden? Vi har berre survey-data frå ei yrkesgruppe når det gjeld barnenattverd: trusopplærarane. Det vil være svært interessant å få vite nattverdssyn og nattverdspraksis hjå dei som forrettar nattverden, prestane.

Befolkningsdata om syn på og deltaking i nattverd: Kva er folk flest si erfaring med og oppleving av nattverd? Som vi har sett, manglar vi representative data om folk flest sitt forhold til nattverd. Har dei gått til nattverd? Kva tenkjer dei om dette ritualet? Data om dette blir samla inn i KIFO sin store trus- og livssynssurvey våren 2019 og vil gje grunnlag for ei viktig oppdatering om nattverden sin plass i den norske befolkninga i dag.

Andre metodiske innfallsvinklar: Kva er barna sine egne forteljingar om nattverd? Som vi sa i metodekapittelet ville det vere naturleg å intervju barn for å få deira egne forteljingar om nattverd. Dette har vi av metodiske og ressursmessige grunnar ikkje gjort i vårt prosjekt (sjå metodekapittel), men det vil vere ei spennande metodisk utviding av studie av barnenattverd.

### *Spørsmål basert på komparative studiar*

Internasjonale komparasjonar av barnenattverd: Kor spesiell eller typisk er den norske barnenattverden internasjonalt? Vi har ikkje innanfor ramma av vår studie samanlikna den norske barnenattverden med tilsvarende tradisjonar i andre land. Særleg nærliggande vil det vere å gjere ein nordisk komparasjon, sidan mange av dei kulturelle og religiøse rammene er relativt like i desse landa. Det ville også kaste lys over spørsmålet om Trusopplæringsreformen sin tyding for barnenattverden i Norge ettersom denne reformen i sitt omfang og sin karakter er spesiell i ein nordisk samanheng.

Interkonfesjonelle komparasjonar: Kva er likskapar og skilnader mellom barna sin relasjon til nattverd i ein luthersk og katolsk kyrkjetradisjon? I vår studie har vi vore innom nattverden sin plass i overgangsriter i den katolske førstekommunion-tradisjonen og i den lutherske konfirmasjonstradisjonen. Vi nemnde også at ein under arbeidet med fjerninga av aldersgrensa for nattverd i Den norske kyrkja, var innom tanken om ein «luthersk førstekommunion» i skulestartfasen.

Komparasjonar av barns symbolske rolle i sekulære og religiøse ritual: Kva er likskapar og skilnader mellom barn si symbolske rolle for Den norske kyrkja under dåpen og nattverden, og barn si symbolske rolle for den norske nasjonen under nasjonaldagsfeiringa? I teorikapittelet sa vi at ved å legge eit ritualperspektiv på nattverden ville det vere mogeleg å samanlikne nattverden med ikkje-religiøse ritual og seremoniar. Eit slikt perspektiv får fram at barn sin tilgang til eit ritual ikkje berre har tyding for barna sjølv, men for institusjonen som kan bruke barnet til å fremje viktige symbolske budskap. Witoszek har brukt dette perspektivet på barnetoget på 17.mai, der barnet blir eit samlande symbol for uskuld og framtidshåp heva over politiske skiljeliner (Witoszek 1998). Tilsvarende kan ein spørje om ikkje barnet er eit viktig nøkkelsymbol for Den norske kyrkja. Barnedåp og barnenattverd blir ikkje då berre praktisert for barnet si skuld eller av teologiske grunnar, men fordi barnet er viktig som symbol for institusjonen sitt verdigrunnlag og imagebygging. Bilete av barnetoget blir brukt som symbol på den norske nasjonen. Blir bilete av dåpsbarn og nattverdsbarn tilsvarende brukt som symbol på den norske folkekyrkja?

### 10.6 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Hovudspørsmålet for denne studien har vore kva som skjedde når nattverden i Den norske kyrkja vart opna for barn. Hovudsvaret har vi alt gjeve i tittelen på rapporten: Barna opna nattverden. Vi meiner Sandvik hadde rett når han spådde at dette ville få store konsekvensar, noko vi har prøvd å vise i denne rapporten. Men kor vidtrekkande og varige desse konsekvensane vil bli er enno «uoversikteleg». Her sluttar vi oss til den vanlegaste av alle forskingskonklusjonar: «Her trengs det meir forskning!»

## 11 LITTERATURLISTE

- Akerø, Hans Arne 1995. *Vårt alterbord er dekket. Barn og nattverd*. Oslo: IKO-Forlaget.
- Amundsen, Arne Bugge (red.). 2005. *Norges Religionshistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berger, Peter L. 1974. *Religion, samfund og virkelighed*. Viborg: Lindhardt og Ringhof.
- Botvar, Pål Ketil og Ulla Schmidt (red.) 2010. *Religion i dagens Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bremborg, Anna D. og Karin Jarnkvist. 2015. «Sociologiska perspektiver på riter». *Sociologiska perspektiv på religion i Sverige*, redigert av Mia Lövheim og Magdalena Nordin, 91-105. Malmö: Gleerups.
- Bringager, Fridthjof. 1992. «I lyset fra Slottplassen. Barns skapende utfoldelse i forbindelse med Kong Olavs død. I *Norveg. Folkelivsgransking*. 35/1992. 89 – 102. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brottveit, Ånund, Britt Marie Hovland og Olaf Agedal. 2004. *Slik blir nordmenn norske. Bruk av nasjonale symbol i eit fleirkulturelt samfunn*. Oslo: Unipax.
- Bäckström, Anders 1999. *När tros- och värderingsbilder förendras. En analys av nattverds- och husförhörssedens utveckling i Sundsvallsregionen 1805-1890*. Stockholm: Verbum.
- Davie, Grace. 2007. *The Sociology of Religion*. London: Sage Publication.
- Furseth, Inger og Pål Repstad. 2003. *Innføring i religionssociologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gervin, Karl (red.) 1981. *Barn og nattverd*. Oslo: Aschehoug & Co.
- Gudsteneste for Den norske kyrkja* (2011). Stavanger: Eide Forlag.
- Gustafsson, Göran 2004. «Brørdrafolk i systerkyrkor. Några reflexioner kring norsk og svensk kyrkostatistik». *Tallenes tale*, redigert av Ole Gunnar Winsnes, 97. Trondheim: Tapir forlag.
- Hegstad, Harald 1996. *Folkekirke og trosfellesskap*. Trondheim: Tapir forlag.
- Hegstad, Harald, Anne Schanche Selbekk og Olaf Agedal. 2008. *Når tro skal læres*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Holbæk, Jan Arild. 2019. *Rådet som forandret kirken*. Oslo: Verbum.
- Høeg, Ida Marie, Harald Hegstad og Ole Gunnar Winsnes. 2000. *Folkekirke 2000. En spørreundersøkelse blant medlemmer i Den norske kirke*. Oslo: Stiftelsen Kirkeforskning.
- Høeg, Ida Marie. 2001. «Bare til fest? Kirkemedlemmers forhold til gudstjenesten. *Tallenes tale*, redigert av Ole Gunnar Winsnes, 41-82. Trondheim: Tapir forlag.
- Høeg, Ida Marie og Irene Trysnes. 2012. *Menighetens samvirke med hjemmet*. KIFO Notat nr.5/2011. Oslo: KIFO.
- Jansen, Willy and Henk Driessen. 2016. «The Lost Child. Age and Gender in Ritual in Southern Spain. *Journal of Ritual Studies*. Volume 30 (2). 25-40. Pittsburgh: University of Pittsburgh.
- Kaul, Dagny. 2007. «Skjønnte dere ikke at jeg måtte være i min Fars hus?» Premisser for grenseoppgang mellom barneteologi og religionspedagogikk. I *Barneteologi og kirkens ritualer*, redigert av Elisabeth Tveito Johnsen, 55-92. Oslo: Det praktisk-teologiske seminars skriftserie.
- Kirkerådet. 2010. *Gud gir – vi deler. Plan for trosopplæring i Den norske kirke*. 3.opplag. Oslo: Kirkerådet.
- Lappegard, Sevat. 1986. «Bygdekyrkja». I *Bedehuset*, redigert av Olaf Agedal, 61-74. Oslo: Samlaget.
- Lundby, Knut. 1987. *Troskollektivet. En studie i folkekirkenes oppløsning i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Modéus, Martin. 2011. *Menneskelig gudstjeneste. Om gudstjenesten som relation og ritual*. København: Forlaget Alfa.
- Repstad, Pål. 1995. *Den sosiale forankring. Sosiologiske perspektiver på teologi*. Oslo:

- Universitetsforlaget.
- Ropeid, Andreas. 1984. «Misjon og bedehus». I *Det gjenfødte Norge. Norges kulturhistorie*.bd.4, redigert av Ingrid Semingsen, Nina Karin Monsen, Stephan Tschudi-Madsen og Yngvar Ustvedt, 195-218. Oslo: Aschehoug & Co.
- Riis, Ole og Linda Woodhead. 2010. *A Sociology of Religious Emotion*. Oxford: Oxford University Press.
- Rypdal, Marit. 1972. *Min kirkebok*. Oslo: IKO-forlaget.
- Sandvik, Bjørn. 1998. *Det store nattverdfallet*. Trondheim: Tapir forlag.
- Skarsaune, Oskar. *Etterlyst: Bergprekenens Jesus. Har folkekirkene glemt ham?* Oslo: Luther Forlag.
- Solli Schøien, Kristin. 1981. «Pelikanbarn». I *Barn og nattverd*, redigert av Karl Gervin, 113. Oslo: Aschehoug & Co.
- Stålsett, Sturla J. 2007. «Barna roper i helligdommen»: for en urovekkende barneteologi, I *Barneteologi og kirkens ritualer*, redigert av Elisabeth Tveito Johnsen, 31-42. Oslo: Det praktisk-teologiske seminars skriftserie.
- Torsvik Gieselmann, Lisbeth 2011. *Til alters. En empirisk undersøkelse av hvordan folk opplever nattverd i to nabomenigheter*. Masteroppgave i praktisk teologi. Oslo: Det teologiske Menighetsfakultetet.
- Troeltsch, Ernst. 1931. *The Social Teaching of the Christian Churches*. New York: Harper & Row.
- Turner, Victor W. 1995. *The Ritual Process. Structure and Anti-Structure*. New York: City University of New York.
- Tveito Johnsen, Elisabeth (red.). 2007. *Barneteologi og kirkens ritualer*. Oslo: Det praktisk-teologiske seminars skriftserie.
- Tveito Johnsen, Elisabeth. 2015. "Teologi som ulike biter og deler. Ti år med trosopplæring i Den norske kirke". *Prismet 66/hefte 3*, 125-144. Oslo: IKO-forlaget.
- Weber, Max. 1964. *The Sociology of Religion*. Boston: Beacon Press.
- Witoszek, Nina. 1998. *Norske naturmytologier*. Oslo: Pax.
- Agedal, Olaf. 1994. «Sorga over ein konge og ein krig». I *Døden på norsk*. Redigert av Olaf Agedal, 179-199. Oslo: AdNotam/Gyldendal.
- Agedal, Olaf 2003. *Bedehusfolket*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Agedal, Olaf. 2008. «Barnet som symbol». I *Når tro skal læres*, redigert av Harald Hegstad, Anne Schanche Selbekk og Olaf Agedal, 143-149. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Agedal, Olaf, Elisabet Haakedal og Frode Kinserdal. *Profesjonalisering og frivillighet. Trosopplæringsreformen og samarbeid mellom Den norske kyrkje og de kristne organisasjonene*. KIFO Rapport 2014:1. Oslo: KIFO.
- Årbok for Den norske kirke 1994*. Oslo: Kirkens informasjonstjeneste.
- Årsstatistikk for Den norske kirke 2017*. Norsk senter for forskningsdata. Bergen: Universitet im Bergen (<http://kirkeedata.nsd.uib.no/webview/index/no/NSDKirke/NSDKirke.c.NSDKirke/aarsdata.d.1/Kirkelig-aarsstatistikk-for-2017-test/fStudy/MD2017-test>)



## 12 VEDLEGG

### 12.1 SPØRJESKJEMA

Spørjeskjemaet vart sendt ut via Questback. I eposten som hadde ei lenke til spørjeskjemaet, vart det opplyst om bakgrunnen og målet for prosjektet, at det var frivillig å svare og at svara vart anonymiserte.

## Barn og nattverd (KIFO)

Barn og nattverd

Vi vil spørre deg som arbeider med trosopplæring om dine erfaringer med nattverd for barn. Vi er både opptatt av hvordan nattverd for barn praktiseres i menigheten der du jobber og dine synspunkt på barns deltagelse i nattverd.

For å besvare undersøkelsen klikker du i ruten for det svaret som passer best. Noen steder er det anledning til å skrive kommentarer. Til slutt klikker du på "send".

### 1) Min stilling er knyttet til

- En menighet
- Flere menigheter

### 2) Hvor stor stilling har du toltalt i Den norske kirke?

- Full stilling
- Fra 3/4 stilling inn til full stilling
- Fra 1/2 stilling inn til 3/4 stillingen
- Mindre enn 1/2 stilling
- Annet

Dersom du har en stilling som er knyttet til flere menigheter, ta i de videre svarene utgangspunkt i den menigheten du jobber mest i (senere omtalt som "din menighet")

**3) Hvilken stillingsbetegnelse har den stillingen du jobber mest i? (kun ett kryss mulig)**

- Trosopplærer
- Menighetspedagog
- Kateket
- Barne- og ungdomsarbeider
- Diakon
- Annet

**4) Hvor lenge har du hatt din nåværende stilling?**

- Mindre enn 1 år
- 1-2 år
- 3-5 år
- 6-10 år
- mer enn 10 år

**5) Når du jobber med trosopplæring, jobber du da:**

- Vanligvis alene
- Vanligvis i team
- Det varierer

**OPPLYSNINGER OM PRAKTISERING AV OG HOLDNINGER TIL NATTVERD**

**6) Hvordan feires/praktiseres nattverd i din menighet?**

- Bare gjennom nattverd ved kneling
- Bare gjennom intinksjon
- Begge former like vanlige
- Begge former, men "knelenattverd" er vanligst
- Begge former, men intinksjon er vanligst
- Annet
- Vet ikke

**7) Eventuell kommentar**

**8) Hvor vanlig er det å gå til nattverd i din menighet under en vanlig høgmesse?**

- Et mindretall av gudstjenestedeltakerne går til nattverd
- Ca. halvparten av gudstjenestedeltakerne går til nattverd
- Et flertall av gudstjenestedeltakerne går til nattverd
- Alle, eller nesten alle gudstjenestedeltakerne, går til nattverd
- Annet
- Vet ikke

**9) Er det vanlig at det inviteres til lystenning samtidig med nattverd i din menighet?**

- Ja
- Nei
- Vet ikke

**10) Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstandene**

	Helt uenig	Uenig	Verken eller	Enig	Helt enig	Vet ikke
Bare bekjennende kristne bør gå til nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Alle som ønsker det kan gå til nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**11) Eventuell kommentar**

**12) Hvor uenig eller enig er du i de følgende påstander?**

	Helt uenig	Uenig	Verken eller	Enig	Helt enig	Vet ikke
Det bør være nattverd i alle gudstjenester, med unntak av de gudstjenester der det av praktiske og tidsmessige grunner vil være vanskelig	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I noen tilfeller bør man ikke ha nattverd fordi det kan oppleves ekskluderende for noen som er til stede	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**13) Mener du det passer eller ikke passer med nattverd i følgende gudstjenester?**

	Passer	Passer ikke	Vet ikke
Konfirmasjons-gudstjenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Julaften-gudstjenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
17.mai-gudstjenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Famile-gudstjenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Gudstjenester med barnedåp	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**14) Eventuell kommentar**

**15) I hvilke sammenhenger deltar barn (under konfirmasjonsalder) vanligvis i nattverd i din menighet (flere kryss mulige)**

- Barn deltar sjelden eller aldri i nattverd i min menighet
- Barn deltar i nattverd på trosoplæringsarrangement for barna og barnas foreldre
- Barn deltar i nattverd under «vanlige» gudstjenester
- Annet
- Vet ikke

**16) Hender det at barn (under konfirmasjonsalder) deltar som utdelere eller medhjelpere under nattverden i din menighet? (flere kryss mulige)**

- Ja, som utdelere
- Ja, ved å bære fram nattverdselementene
- Ja, som lysbærere eller lysholdere
- Nei, deltar ikke som medhjelpere eller utdelere
- Annet

**17) Når (på hvilket aldersnivå) blir nattverd vanligvis introdusert under trosoplærings/barne- og ungdoms-arbeidet i din menighet?**

- Under 4-års alder
- 4 års alder
- 5-6 års alder
- 7-12 års alder
- 13-18 års alder
- Vet ikke

**18) I tilknytning til hvilke gudstjenester/trosopplæringstiltak er det vanlig å ha nattverd for barn i din menighet?**

- Utdeling av 4-års-bok
- Arrangement for 6-åringer
- Tårnagenthelg
- Lys våken
- Annet
- Vet ikke

**19) Hvordan blir nattverd vanligvis introdusert under trosopplærings/barne- og ungdoms-arbeidet i din menighet? (flere kryss mulig):**

- Ingen spesiell introduksjon
- Introduksjon ved å vise oblater og "nattverdvin"
- Introdusert ved å forklare hva som er meningen med nattverden
- Introduksjon ved at det gjennomføres en «prøvenattverd» der barna får brød og «vin»
- Annet
- Vet ikke

**20) Hvordan bruker du å forklare meningen med nattverd til barn (under konfirmasjonsalder)? (kryse av inntil tre alternativer)**

- Nattverd er å spise sammen med Jesus
- Nattverden er et måltid til minne om Jesus
- I nattverden får vi Jesu legeme og blod
- Nattverd er noe vi gjør fordi Jesus har sagt det
- Ved å gå til nattverd viser vi at vi er kristne
- Nattverd er mat for troen
- Legger hovudvekt på å forklare praktisk hvordan det foregår
- Bare gjør det uten (mye) forklaringer
- Annet
- Vet ikke

**21) Når mener du det ble vanlig at barn (under konfirmasjonsalder) deltar i nattverd i din menighet?**

- Før 1995
- 1995-2005
- 2006-2010
- 2011-2015
- Etter 2015
- Er ikke vanlig å delta
- Vet ikke

**22) Hvilke utsagn om barn og nattverd stemmer for din menighet?**

	Stemmer	Stemmer ikke	Vet ikke
Det er blitt vanlig at barn deltar i nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barn vil gjerne at det skal være nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barns deltagelse i nattverd har gjort det lettere for voksne å delta i nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barns deltagelse i nattverd har gjort nattverden mindre høytidlig	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barn tar ofte med seg foreldrene til nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Foreldre tar ofte med seg barn til nattverd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nattverd for barn er blitt en viktig del av trosopplæringen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**23) Har du inntrykk av at foreldre som ellers ikke bruker å gå til nattverd, deltar i nattverd sammen med sine barn i forbindelse med trosopplæringstiltak?**

- Nei
- Ja, i noen tilfeller
- Ja, det er ganske vanlig
- Vet ikke

**24) Hvilke betingelser mener du bør være til stede for at barn skal delta i nattverd ?**

	Helt uenig	Uenig	Verken eller	Enig	Helt enig	Vet ikke
Barnet må være døpt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnet må være over en viss alder	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Foreldrene må være informert og ha gitt samtykke	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnet må ha fått veiledning om nattverden	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnet må ville det selv	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnet må forstå hva det er med på	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**25) Har du hørt reaksjoner fra foreldre om deres barns deltagelse i nattverd? (flere kryss mulige)**

- Ja, positive
- Ja, negative
- Ja, men verken positive eller negative
- Nei, ingen reaksjoner
- Vet ikke

**26) Eventuell kommentar**

Til slutt ber vi deg å svare på noen bakgrunns spørsmål (alder, utdanning med mer)

**27) Hvor gammel er du?**

- 18–24 år
- 25–29 år
- 30–34 år
- 35–39 år
- 40–44 år
- 45–49 år
- 50–54 år
- 55–59 år
- 60–64 år
- 65 år eller eldre

**28) Er du..?**

- Kvinne
- Mann

**29) I hvilket fylke bor du?**

- Østfold
- Akershus
- Oslo
- Hedmark
- Oppland
- Buskerud
- Vestfold
- Telemark
- Aust-Agder
- Vest-Agder
- Rogaland
- Hordaland
- Sogn og Fjordane
- Møre og Romsdal
- Sør-Trøndelag
- Nord-Trøndelag
- Nordland
- Troms
- Finnmark

**30) Ligger menigheten der du jobber i:**

- Oslo
- Annen by med mer enn 50.000 innbyggere
- By med mellom 5.000 og 50.000 innbyggere
- Bytettsted (2.000 til 4.999 innbyggere)
- Bygd (mindre enn 2.000 innbyggere)
- Vet ikke

**31) Hvor lenge har du bodd på stedet der du nå bor?**

- Under ett år
- 1-3 år
- 4-10 år
- Mer enn 10 år



**32) Hva er din høyeste fullførte utdanning?**

- Folkeskole / realskole / grunnskole
- 3-årig videregående skole / fagbrev, yrkesfag ved videregående skole
- Høyere utdanning av mindre enn 1 års varighet (ved universitet, høyskole eller tilsvarende)
- Høyere utdanning av 1-2 års varighet (ved universitet, høyskole eller tilsvarende)
- Høyere utdanning av 3-4 års varighet (ved universitet, høyskole eller tilsvarende)
- Høyere utdanning av 5 års varighet eller mer (ved universitet, høyskole eller tilsvarende)

**33) Hvis du har fullført høyere utdanning, innenfor hvilket fagområde er din utdanning?  
(flere kryss mulige)**

- Pedagogikk
- Teologi, religionsfag
- Samfunnsfag
- Helse- og sosialfag
- Realfag / tekniske fag
- Media, kommunikasjon, informasjon
- Kunst og kultur
- Økonomi, administrasjon, ledelse
- Annet

**34) Er du medlem av..(flere kryss mulige)**

- Den norske Kirke
- Norsk Luthersk Misjonssamband
- Indremisjonsforbundet
- Pinsebevegelsen
- Den Evangelisk Lutherske frikirke (Frikirken)
- Normisjon
- Det norske Misjonsselskap
- Norges KFUK-KFUM
- Annet

**35) Har du noe mer du ønsker å legge til om barn og nattverd, eller om denne undersøkelsen?**


**12.2 KRISTIN SOLLI SCHØIEN: «PELIKANBARN»**

Mitt aller første møte med nattverden, var lukten fra mors munn når hun kom tilbake til oss i kirkebenken. Pust på meg, ba jeg. Nærmere kom jeg ikke. Jeg levde i en sterk bevissthet om aldersgrenser. 7-årsgrense for barnefilm. 15-årsalderen for voksen på bussen. 13-årsgrense for medlemskap i hobbyklubben. Og 12-årsgrense for nattverd. Ja, for jeg fikk tidlig lirket ut av mor og far at helt til konfirmasjonen måtte jeg ikke vente. Det holdt med 12 år. Jeg kan huske det var vondt av og til. Og rart. Far inviterte til «samlingen om Herrens bord», men det var ikke noe bord, bare et gjerde.

Og innenfor det gjerde var det forbudt å gå, til og med for «præstongan» som fikk være med de fleste steder. Men innenfor alterringen var det forbudt. Og utenfor fikk vi heller ikke lov til å komme når det var samling om Herrens bord. Av og til var det vondt å sitte igjen i kirkebenken når mor gikk fram. Far var der jo allerede i prestekjole og messehakel med pelikan på. Det var flere messehakler, men jeg husker best den hvite med pelikaner som hakket seg i brystet slik at barna skulle få blodet å drikke. Pelikanbarna. Men ikke menneskebarna? «Alle som kjenner at de trenger kraften fra vår Herre Jesus Kristus, kan komme fram til nattverd», sa far fra prekestolen. Han sa ofte det lange Jesus-navnet i kirken. Og akkurat slike spesialkrefter, det kunne jeg trenge, visste jeg. Det fulgte ingen 12-årsgrense.

Barnekino måtte man være 7 år for å gå på. Det var greit. For mindre barn ble så veldig redde – de forsto ikke at det var film og ikke virkelighet. Voksen på bussen, det var også greit. Engang måtte jo busselskapet begynne å tjene voksenpenger på oss. Og så tok de bare en grense sånn midt imellom. Hobbyklubben var for tenåringer. De drev med peddik og skinn og tinn og masse annet rart. Og det måtte man jo være litt stor for å klare. Men nattverden? Kanskje var jeg for liten til å forstå det? Jeg spurte, og oppdaget fort at alle var for små til å forstå.

Var det noe jeg ikke kunne klare da? Jesus hadde sagt: Slik er det, gjør det! Og mer kunne ingen klare. Ingen skulle tape eller tjene på det heller, slik som busselskapet og den halve barnebilletten. Bare jeg, kanskje? Som ikke fikk gå. Første ble jeg litt lei meg. Senere ble jeg litt sint. På alle våre vegner som ble døpt. Og fikk lov til å være Guds «solskinnsbarn» og lekte i «en deilig have» hvis vi kunne være barn «med tanker fromme, med ømt og kjærlig sinn» lenge nok til å komme inn der. Men som ikke fikk lov til å delta i styrkemåltidet underveis før vi var blitt gamle nok ... Gamle nok til hva? Jeg har vært litt sint. På dem som laget tolv-årsgrense, og hindret meg i å få noe jeg hadde bruk for. For jeg er blitt så glad i og avhengig av reisemåltidet underveis. Det som jeg – et pelikanbarn – fremdeles ikke forstår.



I 1993 vart aldersgrensa for nattverdgang fjerna og barn fekk tilgang til nattverd. I denne rapporten ser vi nærare på kva dette førte til. Kor vanleg er det blitt at barn deltek i nattverd? Korleis reagerer barn på å delta? Har barn si deltaking påverka forma på nattverdsfeiringa og dei vaksne sin bruk og oppleving av nattverden? Rapporten ser særleg på korleis trusopplæringsarbeidet i Den norske kyrkja har teke i bruk barnenattverd. Resultata bygger på feltarbeid i to eksempelkyrkjelydar og eit spørjeskjema sendt til trusopplæringstilsette. Innføringa av barnenattverd blir også sett inn i ein vidare historisk og kulturell samanheng ved å sjå på endringane i norsk nattverdstradisjon fram mot barnenattverd. Rapporten si hovudtese er at opninga av nattverden for barn, har vore med og opna den norske nattverdspraksisen.

## **KIFO Rapport 2019:1**

### **Rapporten er utgitt av:**

KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning  
Øvre Slottsgate 2B, 0157 Oslo

[www.kifo.no](http://www.kifo.no)  
[kifo@kifo.no](mailto:kifo@kifo.no)

© KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning, 2019  
ISBN 978-82-92972-51-9  
ISSN 0807-7517